



## ÅRSMELDING FOR 2021

# *Tokke kommune «kompetanse, kraft og kultur»*



## Innheld

<b>Kommunedirektørens innleiing .....</b>	6
<b>Politisk styring .....</b>	7
<b>Del 1: Økonomi og personal .....</b>	9
<b>Økonomisk oversyn .....</b>	9
Balansen .....	12
Sjølvkost.....	16
KOSTRA (KOmmunal og STatleg RApportering) .....	17
Driftsresultat .....	17
<b>Personale .....</b>	18
Tiltak for å sikre høg etisk standard .....	18
Kjønnsfordeling blant dei tilsette.....	18
Likestilling og diskriminering .....	19
Sjukefråvær .....	20
Historikk sjukefråvær.....	20
Arbeidsmiljø .....	21
Internkontroll.....	21
HMS-avvik i 2021.....	21
Utfordringar.....	22
<b>Koronaåret 2021 .....</b>	22
<b>Del 2: Årsmelding frå planområda .....</b>	23
<b>Planområde 1 - Sentraladministrasjon og NAV .....</b>	24
Personalstoda .....	24
Driftsresultat .....	25
Kommentar til dei største avvika: .....	25
Nærvar/sjukefråvær .....	26
Rapportering handlingsprogram .....	26
Koronaåret 2021 .....	26
Utfordringar.....	27
Vest-Telemark Driftssenter (VTDS) .....	28
NAV Vest Telemark .....	29
_Toc100657453	
<b>Planområde 2 – Oppvekst, kultur og idrett .....</b>	33
Personalstoda .....	33
Nærvar/sjukefråvær .....	34
Økonomi.....	34

Kommentar til dei største avvika:	35
Kostra .....	35
Avvik .....	37
Handlingsprogram .....	37
Dalen barnehage .....	41
Høydalsmo barnehage.....	42
Byrte barnehage .....	43
Tokke skule/ Tokke skule avd. Åmdals-Verk.....	43
Høydalsmo skule .....	45
Kulturskulen.....	45
Vaksenopplæringa/flyktningtenesta .....	46
Biblioteket .....	46
Ungdomsklubben.....	47
BTI.....	47
Frå «haldning til handling» .....	48
Oppsummering av koronaåret 2021, planområde 2 .....	49
Dalen barnehage .....	49
Høydalsmo barnehage.....	49
Byrte barnehage .....	49
Tokke skule/ Tokke skule Åmdals Verk.....	49
Høydalsmo skule .....	50
Ungdomsklubben.....	50
Kulturskulen.....	50
<b>Planområde 3 - Helse og omsorg .....</b>	<b>51</b>
Personalstoda .....	51
Driftsresultat .....	52
Kommentar til dei største avvika: .....	53
Nærvær/sjukefråvær .....	53
Rapportering handlingsprogram .....	54
Investering og prosjekt.....	55
Koronaåret 2021 .....	55
KOSTRA 2021 .....	56
Personale, stillinger og kompetanse .....	58
Tenestene .....	59
Legetenesta/legevakt.....	59
Prosjekt .....	60

Fysioterapi/Ergoterapi/Rehabilitering.....	60
Kommunale fysioterapioppgåver.....	61
Frisklivssentralen .....	61
Ergoterapitenesta .....	62
Psykisk helse og rus.....	62
Helsestasjon, skulehelseteneste og jordmor .....	64
Institusjon .....	66
Kjøkken .....	68
Heimetenesta (omsorgssenteret og heimesjukepleia) .....	68
Åheim bufellesskap .....	71
Utfordringar for etaten frametter:.....	73
<b>Planområde 4 - Plan, næring og teknisk .....</b>	<b>74</b>
Personalstoda .....	74
Driftsresultat .....	75
Kommentar til dei største avvika: .....	75
Nærvær/sjukefråvær .....	76
Rapportering handlingsprogram.....	77
Koronaåret 2021 .....	78
Politiske saker .....	78
Plan, kart/ oppmåling og byggjesak .....	78
Plan.....	78
Tilskotsordningar.....	79
Byggjesak, kart/ oppmåling .....	79
Landbruk og miljø .....	80
Jordbruk .....	80
Skogbruk .....	81
Utmark .....	81
Klima og miljø .....	81
_Toc100657528	
Forvaltning og drift av kommunen sine utmarkseigedomar.....	82
Nærings- og samfunnsutvikling .....	83
Reiseliv.....	87
Dalen Bryggjeutstilling .....	91
Eigedomsavdeling, brann og uteavdeling .....	98
Avvik .....	98
Reinhold .....	98

Brann .....	98
Investering egedomsavdeling .....	99
Kommunale vegar.....	99
Bygg.....	100
Investering .....	101
Drift kommunal veg.....	102
Maskiner og Maskinplan .....	103
Vatn og avlaup .....	104
Drift – generelt.....	104
Avvik .....	104
Investeringsprosjekt .....	104
Utfordringar – planar 2021 .....	104



*Lårdal kyrkje*

# Kommunedirektørens innleiing

---



Årsmeldinga er kommunedirektørens rapport til kommunestyret, der me gjer nærmare greie for korleis me har disponert dei budsjetttramme som kommunestyret har sett. Dokumentet syner korleis dei enkelte planområda har levera lovpålagte og andre kommunale tenester til innbyggjarane og næringsliv. Me skal rapportere på måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold. I tillegg skildrar me viktige utviklingstrekk og hendingar som har innverknad for samfunnsutviklinga i Tokke. Krava til kommunens årsmelding kjem fram av kommunelovas § 14-7. Årsmeldinga skal vere ferdig seinast 31. mars, og det er kommunestyret som sjølv skal vedta årsmeldinga.

Kommunen har i 2021 eit netto driftsresultat på 25,3 mill. eller pluss 7,3%. Kommunestyret har vedteke eit netto driftsresultat på 3 %. Måltal for netto driftsresultat er nådd, men det skuldast eine og aleine gode ekstrainntekter på kraft.

Utan ekstraordinære inntekter på kraft i 2021, ville ein hatt monaleg lågare netto driftsresultat.

Måltallet på disponible disposisjonsfond er 10% av driftsinntektene, dvs. 35 mill. Då manglar ein framleis om lag 22 mill. Bufferfondet som er bestemt på 12 mill. er nådd. Målet for disponibelt disposisjonsfond er ikkje nådd, noko som heller ikkje var venta i 2022. Resultatet for kvart planområde blir gjort greie for i årsmeldinga.

Kommunens rammeoverføringer byggjer på fleire faktorar, blant anna folketal og alderssamansetjing. I 2021 gjekk folketallet ned med 24 innbyggjarar, som seinare får innverknad på overføringane til kommunen.

Alle tiltak som gjer at folketalsutviklinga snur, er viktig for kommunens rammevilkår i åra som kjem. Det er fleire faktorar som er viktig for å snu folketalsutviklinga. Dei som i dag veks opp i kommunen må ha ei positiv oppleveling av å vere born og ungdom i kommunen. Då vil sjansen for at ein flyttar attende etter utdanning, eller tek utdanning mens ein bur i kommunen, vere større. Det andre er næringsutvikling, som krev tilgang til arbeidskraft. Då vil vi kanskje oppleve positiv tilflytting til Tokke. I det momentet vil det vere viktig å ha bustadar eller tilgang til tomter.

Eg vil takke samlege tilsette i Tokke kommune for ein ekstra stor innsats og godt arbeid gjennom korona-året 2021. Det er svært mange tilsette som også dette året har fått mange nye og ekstra oppgåver i tillegg til den "vanlege" jobben.


Eg vil også takke politikarane for godt samarbeid og konstruktiv dialog gjennom heile året, der eg føler vi har ei felles holdning omkring styring av kommunen vår - til det beste for innbyggjarane, næringslivet og tilreisande.

Dalen 31.03.22

Finn Arne Askje  
kommunedirektør

# Politisk styring

Tokke kommune har framleis same oppbygging av den politiske strukturen. Kommunestyret er det øvste organet i kommunen. Det har mynde som organ, ikkje som enkeltrepresentantar. Ordførar er kommunens fremste representant og leier kommunestyret. Kontrollutvalet utøver kontroll på vegne av kommunestyret. Kommunen har fire hovudutval: Formannskapet, helse- og sosialutvalet, utval for oppvekst, kultur og idrett (OKI) (tidlegare oppvekstutval) og utval for landbruk, miljø og teknisk (LMT) (tidlegare utviklingsutvalet). I tillegg til utvala og Formannskapet har me rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsråd og eldreråd.



Kommunestyret har 21 representantar. I denne perioden har SP ordføraren og utgjer posisjonen saman med MDG. Jarand Felland (SP) er ordførar og Benedikte Nes (MDG) er varaordførar.

Leiar av OKI utvalet: Geir Arild Djuve (SP)

Leiar av HS utvalet: Ellen Ofte Jacobsen (KrF)

Leiar av LMT utvalet: Jon Aslak Austjore (SP)



Jarand Felland, ordførar



Benedikte Nes, varaordførar



Geir Arild Djuve, leiar OKI



Ellen Ofte Jacobsen, Leiar HO



Jon Aslak Austjore. Leiar LMT



Kommunestyret 2019-2023

### Tal på saker til politisk handsaming:

Utval	Talet på saker	Talet på referatsaker
Kommunestyret	104	
Formannskapet	97	19
LMT	45	233
HO	18	9
OKI	38	44

# Del 1: Økonomi og personal



Økonomisjef  
Tjøstov Djuve

## Økonomisk oversyn

Kommunerekneskapen for 2021 syner eit **netto driftsresultat på 7,3%, kr 25,3 mill.** og eit rekneskapsresultat på kr 0. Dette er etter nye rekneskapsreglar der eit mindreforbruk i rekneskapen skal setjast av på disposisjonsfond. Denne avsetjinga eller mindreforbruket er på i alt kr 23,2 mill. for 2021, 12,4 mill. meir enn budsjettet. Resultatet er sett saman av meirforbruk på planområda med kr 4,4 mill. og meirinntekter/mindreutgifter, fellesinntekter og kapitalutgifter på kr 27,6 mill. Kommunestyret sitt måltal på 3% netto driftsresultat er såleis nådd med god margin i 2021. Resultatet er noko kunstig stort sidan det er inntektsført eit stort netto premieavvik pensjon på kr 11,2 mill. i 2021. Dette gjer også til at lønsbudsjettet og – utgiftene er i balanse. Men ideelt sett skulle resultatet vore minst kr 4,4 mill. betre, om planområda hadde halde sine budsjett.

Tabell 1 syner at netto løn- og sosiale utgifter auka med 3,7% i høve til 2020, men utgiftene er mindre enn budsjettera. Lønsoppgjøret gjorde at utgiftene blei noko høgare enn det styresmaktene rekna med, 3,53%. Pensjonsutgiftene er på nivå med 2020, jf. det store positive premieavviket. Andre driftsutgifter auka med 8,9% i høve til 2020, medan totale driftsutgifter gjekk opp med 5,5%. Driftsinntektene aukar med gode 10% i høve til 2020, og er kr 26 mill. høgare enn budsjettet. Dette har samanheng med større inntekter fra skatt og rammetilskot, konsesjonskraftsal og andre refusjonar og overføringer enn budsjettet.

**Tabell 1**

<b>Oversyn driftsutgifter og -inntekter, ekskl. bruk og avsetjing fond og avskriving:</b>				
(1000 kr)	R-2021	%-2020-21	Rev. b-2021	R-2020
Lønsutgifter:				
Brutto lønsutgifter	<b>168 087</b>	2,2	154 866	164 498
Pensjonsutgifter	<b>15 802</b>	-0,1	21 012	15 812
Arbeidsgjeveravgift	<b>18 389</b>	11,0	17 317	16 564
Sum	<b>202 278</b>	2,7	193 195	196 874
Refusjon sjukeløn m.m.	<b>-9 481</b>	-13,0	-	-10 897
Netto lønsutgifter	<b>192 797</b>	3,7	193 195	185 977
Andre driftsutgifter	<b>113 761</b>	8,9	102 478	104 473
Totale driftsutgifter	<b>306 558</b>	5,5	295 673	290 450
Driftsinnt., ekskl. sjukelønsref.	<b>338 639</b>	10,0	312 777	307 855
<b>Totalt brutto driftsresultat, ekskl. avskriving</b>	<b>32 081</b>	-	17 104	17 405
Netto finansutgifter	<b>-6 761</b>	8,9	-6 700	-6 206
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>25 320</b>	-	10 404	11 199

Tabell 2 under syner at det er stort budsjettoverskot/mindreforbruk på planområde 2 oppvekst, kultur og idrett, medan helse og omsorg og plan, næring og teknisk har underskot/meirforbruk – til saman netto kr 4,4 mill. i meirforbruk. Investeringane utgjorde kr 29,8 mill. – 77% er lånefinansiert.

**Tabell 2**

1000 kr.	Netto driftsutgifter ( inkl. fond)			
	Rekneskap 2021	Rev. budsjett 2021	Budsjett- overskot/ underskot(-)	Investeringar (brutto) 2021
			2021	2021
Sentraladm.	25 136	25 206	70	692
Kyrkjeleg fellesråd	4 173	4 156	-17	0
Oppvekst, kultur, idrett	68 602	72 348	3 746	470
Helse- og omsorg	88 854	83 782	-5 072	1 456
Plan, næring, teknisk	31 439	28 258	-3 181	27 208
Felles	-218 204	-213 750	4 454	
<b>Sum alle planområde</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>29 826</b>

Det er prosjektført korona-utgifter og korona-tilskot med netto utgift kr 1,1 mill. i 2021. Det er bokført statstilskot og andre inntekter med kr 6,0 mill. og samla utgifter med kr 7,1 mill. Det kan vera prosjektført for lite refusjonar etter nytt oversyn frå Telemarksforsking slik at utgifter og inntekter er nokonlunde i balanse

Tabell 3 syner brutto driftsutgifter fordela på utgiftsartar. Lønsutgiftene utgjer storparten av driftsutgiftene, men noko mindre del enn åra før.

**Tabell 3**

1000 kr.	Brutto driftsutgifter						
	Brutto driftsutg. del	%vis del	Budsjett	2020		2019	
				Brutto driftsutg. del	%vis del	Brutto driftsutg. del	%vis del
Løn- og sos. utgifter	202 278	63,5 %	193 196	196 875	64,7 %	191 510	65,5 %
Skyss- og kost	819	0,3 %	980	787	0,3 %	909	0,3 %
Kjøp varer/tenestar til eigenproduksjon	50 458	15,8 %	48 283	43 069	14,2 %	43 740	15,0 %
Kjøp varer/tenestar - erstattar eigenpr	23 634	7,4 %	14 093	24 208	8,0 %	24 179	8,3 %
Fordelte utgifter	0	0,0 %	-	0	0,0 %	-2 245	-0,8 %
Overføringer	38 850	12,2 %	39 122	36 178	11,9 %	30 733	10,5 %
Renteutgifter	2 423	0,8 %	2 400	3 034	1,0 %	3 456	1,2 %
<b>Sum alle planområde/etatar</b>	<b>318 462</b>	<b>100,0 %</b>	<b>298 074</b>	<b>304 151</b>	<b>100,0 %</b>	<b>292 282</b>	<b>100,0 %</b>

**Skatteinntektene** (inntekts-, formues-, naturressursskatt og eigedomsskatt – **tabell 4**) gjekk opp med kr 15 mill. i 2021, god auke på 12,3%. Stor auke i vanlege skattar sjølv i koronatider og stor auke i eigedomsskatt frå kraftanlegg. Auken i kraftprisane fram til 2019 har positiv effekt på eigedomsskatten, medan stor nedgang i kraftprisane i 2020 vil ha motsett effekt.

Skattedekningsgraden syner kor mykje skatteinntektene dekkjer av eksterne driftsutgifter, dvs. brutto utgifter eksklusive avskrivningar. Det har vore ein negativ trend i fleire år, men betring i 2020 og 2021.

**Tabell 4**

	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Inntekts- og formueskatt	<b>71,5</b>	61,8	60,0	56,0	53,5	52,3	49,8	48,1	47,8	44
Naturressursskatt m.m.	<b>23,0</b>	23,1	23,2	22,5	22,3	23,4	24	22,9	22,5	22
Eigedomsskatt	<b>42,6</b>	37,2	31,7	32,9	35,2	39,8	40,3	41,4	42,4	38,4
Netto skatteinntekter	<b>137,1</b>	122,1	114,9	111,4	111,0	115,5	114,1	112,4	112,7	104,4
Prosentvis endring	<b>12,3</b>	%	6,3 %	3,1 %	0,4 %	-3,9	1,2	1,5	-0,3	
Skattedekningsgrad	<b>43,4</b>	40,6	39,8	41,6	43,5	46,6	44,1	45,5	43,9	42,6

Skatteinntektene (utanom eigedomsskatt) og rammetilskotet frå staten er ein del av inntektssystemet mellom staten og kommunane, nedgang i skatteinntektene blir såleis avrekna delvis med meir rammetilskot og omvendt.

### Rammetilskot frå staten

Rammetilskotet frå staten hadde ingen auke i 2021, same sum som i 2020 kr 79,9 mill., men det kom inn kr 5,4 mill. meir enn budsjettet. **Korona-midlar er tilført i rammetilskotet med kr 4,6 mill.**

### Konsesjonskraftsalet

Kraftprisane var svært låge i 2020 (9,8 øre/kWh), men tok seg kraftig opp i 2021, og snittet enda på 76,2 øre/kWh – eit historisk høgt nivå. Høgaste årsspot før 2021 var i 2018 med 41,5 øre/kWh.

Prognosene for budsjetterte inntekter frå sal av konsesjonskraft var i desember 2020 (budsjettmøtet) på kr 6 mill. Prognosene blei justera opp i løpet av året til kr 18 mill., og resultatet enda på om lag kr 24 mill. Dette skuldast at det var på slutten av året prisane var høgast - 177,1 øre/kWh i desember 2021 mot om lag 50 øre/kWh i fyrste halvår 2021.

Forvaltningsavtala med VTK gav også eit solid overskot på om lag kr 4,4 mill. i 2021, og regjeringa si straumkompensasjonsordning – som formannskapet vedtok skulle gå til kommunekassa, gav om lag kr 1,2 mill. ekstra.

Maksprisen i Tokke på 37 øre gjorde til at straumutgiftene til abonnentane i Tokke var til å leve med. Men kommunen kunne haft om lag **kr 15 mill.** meir i inntekter.

Dei store variasjonane i kraftprisane år om anna tilseier at kommunen bør prognostisere litt varsamt når budsjettet blir lagt.


### Konsesjonsavgifter

Avgiftsinntektene var på kr 8,272 mill., Desse inntektene er avsett til kraftfondet (konsesjonsavgiftsfondet) og blir nytta til avdragsbetaling (kr 4,3 mill.) og til næringstiltak.

### **Driftsresultat**

Nettoresultatgraden i tabell 5 syner kor stor prosentdel av driftsinntektene som er disponibelt etter at drifts- og kapitalutgifter er betala. Dette nykeltalet er i 2021 særslig bra, pluss 7,3%, og er over det som blir rekna som minimumskrav. Styresmaktene reknar dette til 1,75% for kommunane. Kommunestyret sitt måltal er 3%.

**Tabell 5**



### Balansen

#### **Omløpsmidlar - finansforvaltning**

Akvastning av plasserte midlar i bank gjekk i 2021 ytterlegare ned som følgje av stadig lågare renter. Gjennomsnittleg rente på bankinnskot etter bankavtala med DNB var i 2021 på 0,75%, jf. tabell 6, noko betre enn referanseindeksen NIBOR 3 mndr., jf. tabell 7. Det er ikkje andre plasseringar enn i bank. Rentenivået er stigande.

**Tabell 6**

Akvastning i bank	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015
%	0,75	0,98	1,83	1,34	1,62	1,92	2,14

**Tabell 7**

Rapportering for midlar til driftsføremål:	31.12.2019		31.12.2020		31.12.2021	
	Mill kr	%	Mill kr	%	Mill kr	%
Inniskot hjå hovudbank - DNB	50,1	100,0	59,4	100,0	<b>67,7</b>	<b>100,0</b>
Inniskot i andre bankar	0	0,0	0	0,0	0	0,0
Samla kortsiktig likviditet	50,1	100,0	59,4	100,0	<b>67,7</b>	<b>100,0</b>
Akastning sidan 31.12.2020	1,83 %		0,98 %		<b>0,75 %</b>	
Akastning referanseindeks NIBOR 3 mndr. frå 2021	1,04 %		0,09 %		<b>0,47 %</b>	
Stadfesting av enkelteksponering ≤ 2 % av forvaltningskapital	JA		JA		<b>JA</b>	
Stadfesting av enkeltbpapir ≤ 6 månaders løpetid	Ja		Ja		<b>Ja</b>	
Største tidsinnskot	0		0		0	
Største enkeltbpapirpllassering	NOK 50,1 mill.		NOK 59,4 mill.		<b>NOK 67,7 mill.</b>	

Tabell 8 syner at lån med fastrente nå utgjer om lag 19% av lånegjelda, mindre enn finansreglementet krev. Rentekostnadane er noko over referanseindeksen, NIBOR 3 mndr. + 0,6%-poeng er nyttig..

**Tabell 8**

Rapportering - lån:	31.12.2019		31.12.2020		31.12.2021	
	Mill. kr	%	Mill. kr	%	Mill. kr	%
Lån med flytande rente	89,40	51,2	102,70	55,8	<b>117,40</b>	<b>60,3</b>
Lån med NIBOR-basera rente	43,50	24,9	41,70	22,7	<b>39,90</b>	<b>20,5</b>
Lån med fast rente *	41,70	23,9	39,50	21,5	<b>37,30</b>	<b>19,2</b>
Finansiell leasing	0,00	0,0	0,00	0,0	<b>0,00</b>	<b>0,0</b>
Samla langsiktig gjeld	174,60	100,0	183,90	100,0	<b>194,60</b>	<b>100,0</b>
Effektiv rentekostnad sidan 31.12.2020	2,35		1,7		<b>1,3</b>	
Akastning (kostnad)- benchmark NIBOR 3mndr + 0,6					<b>1,07</b>	
Tal løpende enkeltlån	17		18		<b>19</b>	
Største enkeltlån	NOK 21,2 mill.		NOK 19,9 mill.		<b>NOK 20,0 mill.</b>	

**Tabell 9a**

Oversyn lån:	
Långjevar	<b>Restgjeld 31.12.21</b>
KLP Kommunekredit	kr 46 568 879
Komm.banken	kr 142 102 610
Husbanken	kr 5 958 010
Samla gjeld:	kr 194 629 499

Stressesten i tabell 9b syner kor stor verknad ein renteauke på 3% vil ha på renteutgifter/inntekter i høve til gjeld og innskot nå ved årsskiftet, minus kr 1,8 mill.

**Tabell 9b**

<b>STRESSTEST PR. 31.12.2021 FOR TOKKE KOMMUNE</b>					
Mill. kr	Balanse %	Balanse MNOK	Endrings parameter	Durasjon	Berekna tap
Gjeld med flytande rente	60 %	117,40	3,00 %		-3,5
Gjeld med Nibor -rente (3-mndr.)	21 %	39,90	3,00 %		-1,2
Gjeld med fast rente	19 %	37,30	3,00 %		0,0
Finanspassiva	100 %	194,60			-4,7
Innskot i bank og korte pengem.	100 %	67,70	3,00 %		2,0
Fastrente innskot DNB	0 %	0,00	3,00 %	0,1	0,0
Fastrente innskot andre	0 %	0,00	3,00 %	0,5	0,0
Sum bankinnskot	100 %	67,70			2,0
Finansielle "anleggslån"		28,50	3,00 %		0,9
Samla tap for marknadsrisiko for finansielle aktiva					-1,8
Mogleg "tap" vil utgjera :			-1,8		

### **Tap på krav**

Av førebels avsett til tap på krav i 2020 på kr 565 284, er det i 2021 innbetala kr 19 481. Det er endeleg avskrive kr 155 034, og høgda tapsutsette krav med kr 300 000. I alt er det nå usikre krav på kr 690 769 (note 12 i rekneskapen). Dette er gamle krav og krav i samband med dødsfall, sosiale eller andre årsaker, og såleis krav som kan bli svært vanskeleg eller uråd å få kravd inn. Arbeidet med innfordringa held fram i 2022.

### **Anleggsmidlar**

Avskrivning av faste eigedomar og anlegg er gjort både i driftsrekneskapen og balansen, jf. note 13 i rekneskapen. Avskrivingane har ikkje verknad for netto driftsresultat. Avskrivingane er med i mange av rapportane i KOSTRA som eit kostnadselement.

### **Arbeidskapital**

Arbeidskapitalen, tabell 10, har ein positiv utvikling, men driftsdelen er framleis negativ:

**Tabell 10**

Mill. kr.	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Omløpsmidlar	130,1	102,9	86,5	83,5	75,8	76,5	58,6	67,7	77,7	95,7
-kortsiktig gjeld	-50,9	-45,6	-44,7	-39,7	-38,7	-39,9	-39,3	-36,0	-40,0	-41
Arbeidskapital	79,2	57,3	41,8	43,8	37,1	36,6	19,3	31,7	37,7	54,5
-fondsmidlar	-74,1	-48,7	-37,3	-38,1	-29,2	-18,9	-19,2	-29,1	-27,1	-35,7
-unytta lånemidlar	-7,9	-11,5	-7,3	-2	-2	-8,3	-3,4	-3,7	-13	-20
Arb.kap., driftsdel	-2,8	-2,9	-2,8	3,7	5,9	9,4	-3,3	-1,1	-2,1	-0,9

Inkludera i omløpsmidlane og arbeidskapitalen er om lag kr 21 mill. som gjeld premieavvik pensjonar, som skal amortiserast/attendebetalast og utgiftsførast i driftsrekneskapen over 7 år.

### **Likviditet**

Likviditeten, jf. tabell 11, er mykje bunden opp i fond og ikkje disponible midlar (lån t.d.), og er på nivå med dei seinare åra. Likviditetsgrad 3 er forholdet mellom dei mest likvide midlane og kortsiktig gjeld. Nykeltalet må vera større enn 0,33 for at kommunen skal klare betalingspliktene sine.

**Tabell 11**

	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Mill.kr.												
Kasse, bank	75,0	66,1	56,7	63,6	55,8	64,6	45,1	49,0	65,8	74,1	57,9	72,5
Kortsiktig gjeld	50,9	45,6	44,7	39,7	38,6	39,9	39,3	36,0	40,0	41,2	35,3	33,8
Likviditetsgrad 3	1,5	1,4	1,3	1,6	1,4	1,6	1,1	1,4	1,6	1,8	1,6	2,1

### **Fondsmidlar**

Fondsmidlane, jf. tabell 12, syner ein stor auke på kr 25,4 mill., og er ved utgangen av året på **kr 74,1 mill.** Auke i bunde driftsfond (unyulta stats- og andre tilskot og sjølvkostfond), og god auke i disposisjonsfond som kjem av avsetjing av stort mindreforbruk i 2021.

Disposisjonsfondet har hatt god auke dei seinare åra, men er framleis på eit for lågt nivå ved årsskiftet, **kr 61,5 mill.**, sidan mykje av fondet(om lag kr 37 mill.) er bunde opp eller disponera til vedtekne føremål. Disponibelt fond er såleis **kr 25 mill.**(av dette kr 12 mill. i bufferfond), dette er fond til bruk for å møte auka t.d. renteutgifter, svikt i kraftinntektene framover og attendebetaling av premieavvik. Måltalat som er **10% av driftsinntektene tilseier kr 35 mill. i disponibelt disposisjonsfond.** Dersom bufferfondet skal haldast utanfor måltalat, manglar det **kr 22 mill. i disp.fond.**

Investeringsfonda er i hovudsak bruka opp. Det er avsett ein mindre sum vedkomande tomtesal Hallbjønnsekken og statstilskot trafikksikring.


**Tabell 12**

	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Mill.kr.										
Bundne driftsfond	11,4	9,2	7,2	10,6	7,6	5,1	5,3	5,7	4,8	4,7
Disposisjonsfond	61,5	38,4	29,2	26,9	15,7	2,3	1,6	10,5	12,0	20,8
Næringsfond, inv.	0	0	0	0	4,3	5,9	5,2	5,2	5,4	5,8
Investeringsfond, ubunde	1,0	0,9	0,8	0,6	1,5	5,6	7,0	7,4	4,1	4,1
Investeringsfond, bunde	0,2	0,2	0,1	0	0	0	0,1	0,3	0,8	0,3
Fond i alt	74,1	48,7	37,3	38,1	29,1	18,9	19,2	29,1	27,1	35,7

## Gjeld

Ordinær lånegjeld gjekk i 2021 opp frå kr 183,9 mill. til kr 194,6 mill., jf. tabell 13. Gjelda utgjer om lag kr 91 000 pr. innbyggjar, og gjelta utgjer 56% av driftsinntektene (58% i 2020).

**Tabell 13**



21% av gjelta er bunde til fastrente, mindre enn fastsett i finansreglementet. Renteutgiftene har gått mykje ned dei siste åra, men prognosane for rentenivået er nå høgare renter.

## Pensjonsansvar

Kommunen sitt pensjonsansvar er dekt gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens Pensjonskasse (SPK). Jf. note 2a og b i kommunerekneskapen. Pensjonspliktene i KLP og SPK utgjer i alt **kr 403 mill.**, medan avsette pensjonsmidlar utgjer **kr 405 mill.**

## Sjølvkost

**Note 10** i kommunerekneskapen syner sjølvkost-utrekning på tenestene vatn, kloakk, slam/septik, renovasjon, feiing, byggjesak, kart- og delingsforretning og plansakshandsaming. Det er låg dekningsgrad på byggjesak, kart- og delingsforretning og plansakshandsaming. Men rekneskapen for 2021 syner nå underdekning på vatn (90%), overdekning avløp (102%) og renovasjon (103%); full inndekning på septik/slam (99%) og feiing (99%).

Det er såleis nytt **kr 3 948 av sjølvkostfondet** frå 2020 på septik/slam i 2021. Det er **avsett kr 771 825 til sjølvkostfond og framførbart underskot** på septik/slam, vatn, avløp, renovasjon og feiing.

I alt er det kr 2 105 674 på sjølvkostfond og kr 768 860 i framført underskot ved årsskiftet. Gebyra kan ikkje vera større enn utgiftene med tenestene. Overdekning på sjølvkostfond må attendebetalast i løpet av 5 år. Storleiken på gebyra må såleis vurderast i høve til dette.

## KOSTRA (KOmmunal og SStatleg RAporterings)

Førebelse Kostra-tal pr. 16.03.22 i tabell 14 syner hovudtal frå rekneskapsdata frå kommunane i Vest-Telemark for 2021. Tala er førebelse, perioden mellom mars og mai skal nyttast av kommunane til sjekking av tala og eventuelt sende inn ny korrigera rapportering.

**Tabell 14**

KOSTRA 2021 - førebelse nykelta					
Nykelta	Tokke	Vinje	Seljord	Nissedal	Fyresdal
	2021	2021	2021	2021	2021
Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter	7,3	8,7	1,9	3,8	5,9
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	16,7	17,5	5,2	19,9	23,0
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter	12,2	27,6	28,7	23,0	-3,7
Langsiktig gjeld ex pensjonsplikt i prosent av brutto driftsinnt.	54,0	87,5	78,8	114,5	43,8
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	81518	74610	72568	86739	88856
Fri eigenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter	17,5	11,9	5,9	3,9	8,5
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	8,1	8,7	10,0	24,4	2,9
Eigenfinansiering av investeringane i prosent av totale brutto inv.	22,4	10,0	35,4	54,4	75,7

## Driftsresultat

Driftsrekneskapen for 2021 er gjort opp med **kr 0 i rekneskapsresultat**, men med eit særskilt godt **netto driftsresultat** på **kr 25,3 mill.** eller pluss **7,3%**. Driftsutgiftene er imedan ikkje heilt under kontroll på planområda. Helse- og omsorg og plan, næring og teknisk har framleis utfordringar med å halde budsjetta. Meirforbruk på somme planområde er dekt opp av mindreutgifter på andre planområde og av meirinntekter og mindreutgifter frå fellesinntekter-/utgifter. Driftsutgiftene kan vera for høge i høve til mogleg usikre inntekter i budsjett og økonomiplan framover. Det er usikre tider. Kraftinntektene er også under press, det er ein stadig kamp for å oppretthalde desse. Høge straumprisar fører til større inntekter frå konsesjonskraftsal og eigedomsskatt, men dette kan endre seg fort og er **usikre inntekter**, slik me såg i 2020. Som kjent reduserer også pristaket i Tokke auken i konsesjonskraftinntektene, men er særskilt positivt for private og næringsliv. Det er viktig at disposisjonsfondet/bufferfondet blir tilført ytterlegare midlar i gode år for å kunne møte dårlege år med mogleg nedgang i inntektene, og i tillegg dette med stigande renter.

Nærare kommentarar til drifts- og investeringsrekneskapen fylgjer under kvart planområde.

## Personale



Organisasjonssjef  
Niina Laaksonen

### Tiltak for å sikre høg etisk standard

Etiske retningslinjer er vedteke av kommunestyret i 2016. Retningslinene omfattar følgande områder: etisk ansvar og lojalitet, informasjonsansvar, organisasjonskultur, korruptionsrelaterte handlingar, ulovlege eller krenkande handlingar, varsling, habilitet, gaver, innkjøp og bruk av sosiale media.

Tokke kommune brukar kvalitetssystem Compilo der etiske retningslinjer er tilgjengelege for alle tilsette. I tillegg brukar kommunen KSLæring som portal for kunnskap og kompetanseheving for tilsette. Der er det laga kurs, nytilsett i Tokke kommune, som alle tilsette skal gjennomføre før dei begynner i kommunen. I den modulen ligg også etiske retningslinjer og kommunikasjonsplan.

Retningslinene gjeld både for tilsette og folkevalde.

### Kjønnsfordeling blant dei tilsette

Kommunen hadde per 31.12.2021 270 årsverk fordelt på ca. 328 tilsette. Året før, desember 2020, hadde kommunen 255 årsverk. Talet på årsverk og tilsette viser den faktiske situasjonen per 31.12.21 og dette kan vera ein del av grunnen til at talet har gått opp. I tillegg har bl.a. helse og omsorg fått ei lita auke i bemanning.

Kommunen har totalt 23 leiarar, inkl. kommunedirektør. Av dette er 17 kvinner og 6 menn.

I rådmannen si leiargruppa er det 5 kvinner (med NAV-leiar) og 2 menn.

Det er fleire kvinner enn menn i Tokke kommune. Av 328 tilsette var det 82 menn. Tokke har hatt fokus på å skaffe rett kompetanse på rett plass og det har difor ikkje vore prioritert særskilde tiltak for å rekruttere menn eller språklege minoritetar, men ulike nasjonalitetar er representert i alle etatane.

Prosent av antall kvinner og menn i ulike sektorar i 2021:

	Andel i prosent	
Sektor	Kvinner	Menn
I alt	75	25
Sentraladministrasjon	75	25
Oppvekst	77	23
Helse og omsorg	91	9
Kultur	50	50
Teknisk sektor	31	69

## Likestilling og diskriminering

Spørsmål om religionstilknyting, politisk syn eller tilsvarande er ikkje tillate til å stille spørsmål i tilsetjingsprosessar i Tokke kommune.

Tilsette i Tokke kommune skal, og blir heller ikkje behandla ulikt på grunn av nasjonalitet, religion, graviditet, alder, kjønn, nedsett funksjonsevne, seksuell orientering eller anna tilsvarande grunn. Det er bla. fleire tilsette frå ulike land som til dømes frå Nederland, Eritrea, Polen, Sverige, Syria, Somalia, Finland mfl. både i leiarnivå og blant andre tilsette. Det er ikkje motteke meldingar om trakassering eller diskriminering på grunn av nasjonalitet, kjønnsidentitet, livssyn eller andre slike grunnar.

I 2021 har det vore fleire tilsette, spesielt i helse og omsorgsetat, som har fått større stillingsprosent, enten på grunn av arbeid med årsturnus (institusjon og heimetenesta), eller etter behov for større stillingsstorleikar og meir fagpersonell.

Grunnlønna etter stillingsgruppe til kvinnene i prosent av grunnlønna til mennene i 2021 var 99,2%. Denne prosenten vil seie kva var lønna til kvinnene som del av lønna til mennene.

Lønnsforhold justert for stillingsgruppe og stillingskode:

	<b>2020</b>		<b>2021</b>	
	Kvinners månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinners grunnlønn i prosent av menns	Kvinners månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinners grunnlønn i prosent av menns
Stillingsgruppe	98,8	100,3	97,4	99,2
Stillingskode	100,4	99,8	96,2	98,4

## Sjukefråvær

	<b>2021</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>
<b>Samla sjukefråvær</b>	7,33%	8,11%	5,60%	6,35%	7,28%
Langtidsfråvær	5,23%	6,00%	3,86%	4,62%	6,17%
Korttidsfråvær	2,10%	2,11%	1,68%	1,73%	1,66%

Sjukefråvær i 2021 har gått ned frå 2020. Samla fråvær frå alle planområda var 7,33%. Korttidsfråvær har gått opp i dei siste to åra, og ein del av dette kan forklarast med fråvær på grunn av korona. I dei siste to åra har det vore forskjellige nasjonale restriksjonar som har gjort blant anna at tilsette måtte vera på isolasjon også når eit familiemedlem vart smitta. Arbeidsmiljøutvalet har tidlegare vedteke mål for sjukefråværet som er 6,5 %.

## Historikk sjukefråvær

	<b>2021</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>
<b>Sentral adm.</b>	4,19%	7,13%	2,84%	4,54%	5,38%	3,77%	5,68%	3,05%
<b>OKI</b>	6,75%	7,72%	5,5 %	6,35%	6,74%	6,36%	7,54%	6,57%
<b>HS</b>	9,09%	9,57%	6,5%	5,91%	11,03%	11,02%	10,8%	
<b>-helse</b>								1,98%
<b>-omsorg</b>								10,00%
<b>PN</b>				4,04%	6,19%	1,18%	1,97%	2,72%
<b>Teknisk</b>				6,03%	3,71%	9,00%	6,72%	5,39%
<b>PNT</b>	6,04%	7,08%	4,40%					
<b>Total</b>	7,33%	8,11%	5,60%	6,35%	7,82 %	8,11 %	8,29%	6,61%

## Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljø i kommunen har vore bra, men covid-19 har utan tvil påverka arbeidsbelastninga i alle etatar. Alle tilsette har vore med i dugnaden for å sikre trygge og smittefrie arbeidsplasser i kommunen. Det er laga Ros-analyser og prosedyrar som har hjelpt med dette arbeidet. Det er ikkje tvil om at året 2021 har vore spesielt og tungt for mange av dei tilsette.

Det har ikkje vore store arbeidsrelaterte konfliktar i 2021.

Medarbeidarundersøking 10-Faktor vart gjennomført i oktober 2021. Kommunen hadde tidlegare søkt og fått OU-midlar frå KS for dette. Med disse midlane kjøpte kommunen hjelp frå KS-konsulentane som hadde til saman 3 dagar til opplæring for leiarar, tillitsvalde og verneombod. Det fyrste møtet var allereie i februar 2020, men arbeid med medarbeidarundersøking vart mellombels stoppa i mars same år på grunn av Covid-19. Etter at resultatet i undersøkinga vart ferdig hausten 2021, fekk Noreg ei ny bølge av Covid-19, omikron. Alle planlagde samlingar for å jobba med resultatet vart flytta til 2022. Den største jobben med 10-Faktor er ikkje sjølvé gjennomføringa av undersøkinga, men oppfølging av resultatet. Etatane skal arbeide med dette kontinuerleg også gjennom heile 2022.

## Internkontroll

Det er også i 2021 jobba med HMS og kvalitetsprosedyrar i avdelingane og etatane i kvalitets- og avvikssystem Compilo. Denne jobben er kontinuerleg. Prosedyrane som gjeld generell HMS i kommunen vert vedteke i arbeidsmiljøutvalet, og kvalitetssikring av verksemda blir følgd opp gjennom desse prosedyrar, rutinar og regelverk.

I 2021 hadde heile kommunen til saman 101 HMS-avvik. Det er få avvik, og røynda er nok noko heilt anna. Grunnen til få avvik kan vera at det ikkje er tradisjon i alle avdelingar for å skrive avvik. Helse og omsorg har i mange år vore «pålagt» å skrive avvik og det er synleg også i talet på HMS-avvik i etaten.

Avvik er noko kommunen må jobbe med og gjera tilsette trygge til både å skrive og motta avvik.

## HMS-avvik i 2021

Planområde	Antall avvik
Pl. 1 Sentraladministrasjon	1
Pl. 2 Oppvekst, kultur og idrett	18
Pl. 3 Helse og omsorg	54
Pl. 4 Plan, næring og teknisk	28
<b>Til saman</b>	<b>101</b>

Etatane brukar Compilo også når det gjeld kvalitetsavvik i etatane. Gjennom heile 2021 er alle avvik sendt og behandla elektronisk. Nav har vore den einaste avdeling som ikkje har brukta Compilo. Planen i Nav er å taka Compilo i bruk i begynninga av 2022.

Kommunen har omfattande prosedyrar og brukar Compilo også i handtering av avvik når det gjeld GDPR (General Data Protection Regulation).

Kommunen har også programvare House of Control som vert bruka for å ha kontroll over forskjellige avtaler i etatane. Kvar leiar får melding når oppsejingsfrist til ei avtale nærmar seg. Med hjelp av dette programmet unngår vi bl.a. kostbare avtaler som ikkje er naudsynte å ha.

## Utfordringar

Oppfølging av arbeidsmiljøkartlegging, 10-faktor, begynner i 2022. Alle leiarar skal saman med tilsette, plassstillsvalde og plassverneombod først velje faktor avdelinga skal bli betre med, og faktor som avdelinga vil ha prøva å ha på same nivå i neste arbeidsmiljøkartlegging.

Kommunen skal frå april 2022 taka i bruk modulen årshjul i Compilo. Leiarar skal få opplæring i dette våren 2022.

## Koronaåret 2021

Pandemien heldt fram også i 2021. Målet gjennom året har vore å halde smittespreiinga så lågt at helsevesenet, sjukehus og kommunale omsorgstenester har kunna fungere tilnærma normalt. Styresmaktene ville unngå både høgt sjukefråvær hjå tilsette i helsetenestene og mange sjuke med behov for intensiv pleie på ein gong.

Fleire vaksiner kom i bruk på slutten av 2020, og i løpet av 2021 vart dei fleste (om lag 80 %) over 18 år vaksinert med 3 doser. Vaksinering var det viktigaste tiltaket for å normalisere samfunnslivet og avhjelpe verknadane av covid-19, og dette tiltaket held fram også våren 2022.

Det dukka opp nye virusvariantar gjennom året der ein var usikker på både effekt av vaksinar, kor smittsame dei ulike variantane var, og kor sjuke folk ville bli. Vaksinane visa seg stort sett effektive mot alvorleg sjukdom, jamvel om dei ikkje hindra folk i å bli sjuke - og presset på helsevesenet vart handterleg.

Tiltak som vart gjennomført i tillegg til vaksinering, var pålegg om heimekontor for alle som kunne det. Fritidsaktivitetar og andre sosiale aktivitetar vart sterkt redusert. Med smitteverntiltak også for born og unge, og trafikklosmodellen med tilhøyrande smitteverntiltak i skular og barnehagar, vart smittepresset redusert.

I fyrste halvdel av januar 2021 var det ekstra strenge tiltak då ein frykta auka smitte etter jole- og nyttårsfeiringa.

Frå sumaren av vart samfunnet gradvis opna opp att etter som vaksineringa skaut fart og smittespreiinga minka. Hausten 2021 vart det meste av smitteverntiltak avvikla. Helseministeren la bort meterstokken og samfunnslivet vart normalisert - fram til ein ny virusvariant («omikronvarianten») dukka opp i desember. Då vart på nytt samfunnet stengt ned med nasjonale tiltak frå 9.desember og til medio januar 2022.

Året vart avslutta med 2 større smitteutbrot i Tokke knytt til romjolsfeiringar, men ingen vart alvorleg sjuke.

Per 010422 har kommunen registrert om lag 700 personar som har vore smitta av covid-19. FHI reknar med at så mykje som 50 % av dei smitta ikkje vert registrert, noko som tilseier at kanskje opp mot 1400 personar i Tokke no har vore smitta.

## Del 2: Årsmelding frå planområda

**Planområde 1 – sentral**



**Planområde 2 – Oppvekst, kultur og idrett**



**Planområde 3 – Helse og omsorg**




**Planområde 4 – Plan, næring og teknisk**



# Planområde 1 - Sentraladministrasjon og NAV

---



## Personalstoda

Sentraladministrasjonen omfattar arkiv, resepsjon, personalavdeling, seniørrådgjever, politisk sekretariat, økonomiavdeling og Nav Vest-Telemark. Det er til saman 21,4 årsverk, 11 i Nav Vest-Telemark og 5,4 i personal, arkiv og resepsjon, 3 årsverk i økonomiavdelinga i tillegg til seniørrådgjever og kommunedirektør. Kommunen har kjøpt tenester frå Fyresdal til lønsarbeidet.

Arkiv har sidan våren 2021 jobba med nytt sak/arkiv system Elements som er meint å takast i bruk frå begynninga av 2022. Både Tokke, Vinje og Kviteseid jobba saman med prosjektet, og arkivansvarleg i Vinje kommune leia heile prosessen. Jobben har vore stor og krevjande i Tokke. Det gamle systemet ePhorte måtte avsluttast samtidig når Elements skulle klargjørt til bruk. Jobben har ikkje vore stor bare for arkiv, men også for alle leiarar, politisk sekretariat og sakshandsamarar som brukte ePhorte og skulle over til Elements.

## Driftsresultat

PLANOMRÅDE 1 – DRIFTSREKNESKAP 2021						
Ansvar	Tekst	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Revidert budsjett 2021	Avvik	Forbruk i %
<b>100</b>	Kommunestyret	632 059	372 415	372 415	-259 644	170
<b>101</b>	Formannskap	148 219	276 003	276 003	127 784	54
<b>102</b>	Ordførar/varaordførar	1 226 739	1 258 550	1 258 550	31 811	97
<b>103</b>	Eldrerådet	41 193	30 884	30 884	-10 309	133
<b>104</b>	Kontrollutval og revisjon	765 957	826 004	826 004	60 047	93
<b>106</b>	Rådet for funksjonshemma	18 967	14 110	14 110	-4 857	134
<b>107</b>	Takstutval	18 576	22 521	22 521	3 945	82
<b>108</b>	Ymse	136 023	159 426	159 426	23 403	85
<b>110</b>	Fellestenester	12 678 120	10 881 262	12 611 262	-66 858	101
<b>111</b>	IKT-Felles	3 444 342	3 150 432	3 225 426	-218 916	107
<b>112</b>	Adm.bygningar	6 144	0	0	-6 244	0
<b>121</b>	Økonomiavdeling	2 787 445	2 761 566	2 841 566	54 121	98
<b>141</b>	Tokke kyrkjelege fellesråd	4 172 540	4 096 000	4 156 000	-16 540	100
<b>170</b>	NAV Vest Telemark – administrasjon	2 305 490	2 147 827	2 147 827	-157 663	107
<b>171</b>	NAV - sosiale tenester Tokke og KVP V-T	927 546	1 420 000	1 420 000	492 454	65
	<b>SUM</b>	<b>29 309 360</b>	<b>27 417 000</b>	<b>29 361 994</b>	<b>52 634</b>	<b>100</b>

Kommentar til dei største avvika:

<b>100 Kommunestyret</b> Overforbruket skyldast ekstra møte og innkjøp av utstyr til videooverføring samt bruk av eksternt firma til videofilming av møte.	- 259 644
<b>110 – Fellestenester</b> Overforbruk skyldast meirforbruk grunna forsikringar og inventar og utstyr	- 66 858
<b>111 IKT Felles</b> Overforbruket skyldast bla. lisensar innan IKT	- 218 916
<b>170 NAV Vest Telemark - administrasjon</b> Overforbruket skyldast meirforbruk grunna husleige, større refusjonskrav frå staten og reisekostnader for tilsette.	- 157 663
<b>171 NAV - sosiale tenester Tokke og KVP V-T</b> Mindreforbruk på sosiale utgifter 633 000, men større utgifter enn budsjettet på kvalifiseringsprogram, nett	492 454

## Nærvær/sjukefråvær

	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Planområde 1	4,19%	7,13%	2,84%	4,54%	5,38%	3,77%
Langtidsfråvær	3,28%	6,05%	2,00%	2,97%	4,20%	2,30%
Korttidsfråvær	0,91%	1,09%	0,84%	1,58%	1,18%	1,47%

Sjukefråvær i 2021 i sentraladministrasjon var 4,19%. Av dette er 3,28% langtidsfråvær. Fråværet gjeld heile sentraladministrasjon inkludert Nav Vest-Telemark.

## Rapportering handlingsprogram

Mål nr.	Utfordring og tiltak	Mål	Resultat
1.	<b>Utvikling av innkjøpssamarbeid med Midt- og Vest Telemark.</b>	Få på plass innkjøpsavtaler med prioritet til telefoni, næringsmidler og lærebøker.	Gjennomført
2.	<b>Kompetanse om økonomi</b> Forvaltningsrevisjonsrapport om økonomistyring påpeikar m.a. tilstrekkelig kompetanse innan budsjettering og budsjettstyring. Kommunen skal sørge for at det blir arrangert kurs til alle i leiinga.	Meir kompetanse og tryggleik når det gjeld budsjettering og økonomistyring. Medvitne om kva økonomiansvar inneber.	Delvis gjennomført. Kurs om moms-kodar.
3.	<b>Compilo/Surway</b> GDPR- modul	Behandlingsprotokollar på plass i 2021.	Ikkje gjennomført, arbeidet pågår
4.	<b>Beredskapsøving i Tokke kommune</b>	Gjennomføre beredskapsøving – jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 7.	Ikkje gjennomført på grunn av Covid-19 restriksjonar.
5.	<b>Vassforvaltningsplan for Vestfold og Telemark</b>	Vassforvaltningsplan for perioden 2021-2026 handsama av kommunestyret	Gjennomført

## Koronaåret 2021

Pandemien har ikkje påverka drifta stort, og sentraladministrasjonen har klart å levere og oppretthalde alle funksjonane. Det har vore få sjukefråværsdagar på grunn av korona i 2021. På grunn av nasjonale restriksjonar har somme tilsette jobba frå heimekontor. I tillegg har avdelinga følgd med via interne HMS-prosedyrar som har bl.a. avgrensa tilsette å vere i kantina samtidig.

## Utfordringar

Arkivpersonale, møtesekretærar og nye superbrukarar i Elements har i det siste halvåret 2021 jobba mykje med å taka i bruk nytt arkiv og sakhandsamingssystem Elements. Denne jobben er likevel ikkje ferdig. Gamalt system ePhorte blir avslutta i begynninga av 2022 og Elements takast i bruk. Systemet er nytt for alle, og det er mange som har behov for hjelp med systemet. Dette krev mykje tid og ressursar frå sentraladministrasjon.



# Vest-Telemark Driftssenter (VTDS)

## Drift situasjon



*Einingsleiar VTDS  
Grunde Seltveit*

2021 var eit år som i svært stor grad prega VTDS. Det var prega av underbemanning grunna permisjon og sjukdom. VTDS har vore mellom 1,5 og 1,7 stilling underbemanna heile året. Siste halvdel hadde vi inne vikar, fagarbeidar, i 40%. Datatryggleik kom sterkt på dagsordenen då ein kommune i landet var offer for alvorleg dataangrep. Dette medførte kostnader som ikkje låg i budsjett, men vart dekt i ramma til VTDS då vi hadde høge refusjonar på permisjon og sjukefråvær. 2021 var også eit år med variasjon grunna Covid-19, som også endrar driftskvarden.

VTDS hadde i overkant av 2000 supportsaker gjennom året registrert i supportsystemet. I tillegg truleg like mange saker av mindre karakter som vart løyst utan å legge dei inn i systemet. IT-Vakt hadde over 600 telefonar utanom ordinær arbeidstid.

## Økonomi

Grunna stor grad av refusjon for permisjon knytt til fødsel og sjukdom har vi dekt inn uføresette kostnader og prosjekt som skal fullførast i 2022.

Resultatet for VTDS er innanfor ramma for 2021.

## Sjukefråvær

Store delar av 2021 var VTDS redusert med 0,7 stilling p.g.a sjukefråvær. Gjennomsnittleg sjukefråvær har vore på ca. 9%. I tillegg har 1 stilling til saman vore i permisjon knytt til fødsel. Dette har laga store utfordringar, og har vore merkbart på drifta. Vi leigde inn 40% vikar, fagarbeidar, siste halvdel av 2021. I tillegg har vi mått supplere med innleidd konsulenthjelp.

## Resultat

VTDS har levert planlagde oppgåver på investering og drift trass i utfordringar med redusert bemanning, pandemi og utfordringar knyta til datasikkerheit.



## NAV Vest Telemark






*Leiar i NAV Vest-Telemark  
Gerd Kari Skaalen*

NAV Vest Telemark er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 20. Alle kommunane i området er med i samarbeidet. Det er 30 tilsette ved kontoret.

NAV vart etablera 010120, og vi har nå 2 års drift bak oss. Året 2020 -2021 har vore eit veldig spesielt år på grunn av pandemien. Trass i mange smitteverntiltak har NAV oppretthalde kontakten både med arbeidsøkarar og arbeidsgjevarar.

Grafane under viser utvikling i helt ledige arbeidssøkarar i perioden fra jan 2019 til desember 2021. Som det går fram av grafane, er det svært låg arbeidsløyse i alle kommunane. Det er veldig mange ledige stillingar, og fleire arbeidsgjevarar har problem med å skaffe seg kvalifisera arbeidstakrarar. Det er mangel på arbeidskraft innom mange bransjar.






NAV Vest -Telemark hadde ei ramme på kr. 10 445 000 til arbeidsmarknadstiltak men har brukt kr. 12 637 000. Det er midlar som går til å hjelpe arbeidsøkarane inn på arbeidsmarknaden. Målgruppene er ungdom, arbeidsøkarar frå landgruppe 3 , langtids arbeidsøkarar og arbeidsøkarar med nedsett arbeidsevne.

I tillegg kjøper NAV mange tenester av Kvito A/S og Ideakompetanse A/S .

NAV Vest-Telemark har og 25 varig tilrettelagte arbeidsplassar i ordinære bedrifter (VTO) til saman i kommunane. Der er målgruppa personar som har uføretrygd og som treng ein aktivitet.

Utvikling i talet på personar som tok i mot uføretrygd frå januar 2021 til des. 2021



## Utbetaling økonomisk sosialhjelp

Kommune	Under 30 år 2020	Under 30 år 2021	Over 30 år 2020	Over 30 år 2021	Totalt 2020	Totalt 2021	Diff
Seljord	25	22	61	55	2 695 672	3 094 144	+398 472
Kviteseid	11	12	33	25	1 405 866	986 570	-419 296
Nissedal	17	13	23	16	1 475 207	1 028 070	-447 137
Tokke	9	7	28	18	981 461	567 647	-413 814
Vinje	16	16	40	38	2 120 062	1 724 770	-295 292
Fyresdal	6	5	17	14	975 511	516 127	-459 384
Sum	84	75	202	166	9 653 879	7 917 328	-1 736 551

NAV hadde ei målesetting om å redusere utgifter til økonomisk sosialhjelp med 10% frå 2020 til 2021 , resultatet blei 18 % . Det er Seljord kommune som skil seg negativt ut med eit meirforbruk på kr. 398472,- Seljord kommune skil seg ut på fleire område som påverkar denne kostnaden. For å nemne noko er husleigeprisar høgare, kommunen er busettingskommune for flyktningar, og så er det eit kjent rusmiljø i kommunen.

## Kvalifiseringsprogram

Det er 17 stk. som har hatt kvalifiseringsprogram i 2021, og det er til saman utbetalt kr.1751897 i kommunane . Veldig bra at også brukarar frå Seljord får tilbod om KVP. Det er 9 stk. som har slutta i løpet av 2021, 5 av dei har fått jobb , 3 har flytta frå området og 1 har bare ikkje møtt opp.

Seljord	kr 216 496
Kviteseid	kr 216 414
Nissedal	kr 101 352
Tokke	kr 370 211
Vinje	kr 480 392
Fyresdal	kr 367 032

## Gjeldsrådgjevar


Kommunane har ein 60% stilling som gjeldsrådgjevar i Vest -Telemark . Det har vore fram til 311221 Seljord kommune som har hatt vertskommune ansvar. Det er nå ført over til NAV Vest-Telemark, og Tokke er vertskommune frå 010122. Det har vore ein stor auke i talet på brukarar som søker denne tenesta frå 2020 til 2021.

Totalt antall :

2020	2021
12 saker med frå 2019 +36 nye saker +6 rådgjevingar utan sak = 54 saker totalt	18 saker med frå 2020 +52 nye saker +15 rådgjevingar utan sak =85 saker totalt


## Personalstoda

Det er 30 tilsette fordela på stat og kommune. I tillegg er det prosjektstilling som er finansera av statsforvaltaren. NAV har lokasjonar i kvar kommune, og møter brukarane der. Det er opent for «drop in» ein dag i veka ut i kommunane, med unntak av Nissedal og 2 dagar på hovudkontoret. I 2021 har mange vore på heimekontor, og digital oppfylging av brukarane har vore mykje brukt. Men dei som har trøng for å møte oss fysisk har fått det. Sjukefråvær har vore på 3,0 % blant statleg tilsette og 3,08 % blant kommunalt tilsette i 2021. Det har ikkje vore arbeidsrelatert sjukefråvær. NAV har hatt stort fokus på sikkerhet for tilsette, og fått på plass alarmar på alle lokasjonane.



Kveldsstemning ved Bandak

## Planområde 2 – Oppvekst, kultur og idrett



### Personalstoda



Kommunalsjef Tone  
Lunde Skaalen

Etaten har 88,41 årsverk pr. august 2021 (88,50 årsverk året før). Det er god søknad på lærarstillingar i etaten. Men me klarer ikkje heilt å stette krav om studiepoeng i alle fag. Søknaden til barnehage i hove barnehagelærarar var krevjande i 2021. Etaten slit med å få mange nok barnehagelærarar for å dekke minimumsbemanninga. I 2021 måtte me tilsette frå grupper med anna høgskulebakgrunn som til dømes vernepleiarar og barnevernspedagogar.

Etaten sitt fagområde er vidt og stort. OKI er underlagt eit lovverk som i stor grad styrer aktiviteten.

Tilsette sin arbeidskvardag blei framleis mykje endra gjennom 2021 på grunn av koronasituasjonen. Personalalet måtte i løpet av kort tid omstille seg grunna pandemien som råka oss, nye arbeidsmetodar, arbeidsoppgåver, arbeidsprosessar og ny teknologi måtte takast i bruk. Det står stor respekt av korleis tilsette har med godt mot møtt omstillinga grunna pandemien. Både skule og barnehage har halde opent kvar dag, med unntak av ein dag eller to på grunn av manglende bemanning. Tilgangen til enkelte fritidstilbod og kulturtilbod har vore stengt i periodar. Innsatsen til foreldre, born og ungdom i denne vanskelege situasjonen står det stor respekt av.

## Nærvær/sjukefråvær

	<b>2021</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>
<b>Planområde 2</b>	93,22%	92,8%	94,46%	92,5%	93,26%	93,64%
Langtidsfråvær	4,12%	5,02%	3,86%	5,59%	4,83%	4,79%
Kortidsfråvær	2,63%	2,20%	1,68%	191%	1,92%	1,57%

Fråværet er mindre i 2021 enn i 2020, med unntak av kortidsfråværet. Fråværet er elles om lag det same som i 2017 og 2016. Auka i kortidsfråværet peikar i retning av mykje fråvær i samband med koronarestriksjonar og koronasjukdom.

## Økonomi

<b>PLANOMRÅDE 2 – DRIFTSREKNESKAP 2021</b>						
<b>Ansvar</b>	<b>Tekst</b>	<b>Rekneskap 2021</b>	<b>Budsjett 2021</b>	<b>Revidert budsjett 2021</b>	<b>Avvik</b>	<b>Forbruk i %</b>
<b>220</b>	Oppvekstutvalet	139 496	149 994	149 994	10 497,57	93,00
<b>210</b>	Oppvekst, kultur og idrett	1 830 687	2 408 300	2 408 300	577 613,46	76,02
<b>212</b>	Vaksenopplæring	821 754	1 259 025	1 259 025	437 271,35	65,27
<b>215</b>	Intergreringsarbeid	137 025	681 040	729 040	592 015,27	18,80
<b>217</b>	Formidlingslån og tilskotsordningar	34 610	150 003	150 003	115 392,94	23,07
<b>220</b>	Fellesutgifter	3 416 851	5 612 952	5 462 952	2 046 101,22	62,55
<b>221</b>	Tokke skule	711 824	361 023	477 414	-234 409,92	101,14
<b>222</b>	Høydalsmo skule	12 907 819	12 325 345	12 578 992	-328 826,60	102,61
<b>223</b>	Tokke skule Åmdals Verk	1 398 058	1388 044	1 442 181	44 123,46	96,94
<b>230</b>	Kulturadministrasjonen	501 838	0	530	-69 308,34	116,02
<b>231</b>	Kulturskulen	3 006 611	2 863 105	001 213	-5 397,70	100,18
<b>232</b>	Kulturtiltak	2 406 733	1 944 245	944 245	-462 488,31	123,79
<b>233</b>	Idrett	1 954 214	985 601	2 185 601	231 386,76	89,41
<b>234</b>	Fritidsklubb	1 006 006	1 209 154	1 241 154	235 147,80	81,05
<b>235</b>	Samfunnshus	521 426	691 532	699 532	178 105,87	74,54
<b>236</b>	Bibliotek	1 526 694	1 686 977	1 686 977	160 282,75	90,50
<b>240</b>	Fellesutg. barnehage	825 815	1 655 198	1 305 198	479 383,18	63,27
<b>241</b>	Dalen barnehage	11 049 393	10 253 018	10 528 734	-520 658,61	104,95
<b>242</b>	Høydalsmo barnehage	3 835 735	4 009 337	4 009 337	173 602,34	95,67
<b>244</b>	Byrte barnehage	568 322	655 097	655 097	86 774,62	86,75
<b>246</b>	Høydalsmo barnehage Lårdal	559	0	0	-558,99	0,00
	<b>SUM</b>	<b>68 601 469</b>	<b>70 697 000</b>	<b>72 347 519</b>	<b>3 746 049,92</b>	<b>94,82</b>

## Kommentar til dei største avvika:

<b>210 Oppvekst, kultur og idrett</b> Delar av løn til kommunalsjef var delt på planområdet 1 våren 2021 då kommunalsjef også fungerte som rådmann. Stillinga har også vore vakant sommar 2021.	577 613,46
<b>212 Vaksenopplæringa</b> <b>215 Intergreringsarbeid</b> Integreringskoordinator gjekk over til kulturfeltet, og løn er difor ført på 230. Vaksenopplæringa har vore billegare enn pårekna.	1 029 286
<b>220 Fellesutgifter</b> Sjukefråvær i 2 stillingar utan å lukkast å finne vikarar. Lite fagleg oppdatering, ekskursjonar mm. på grunn koronasituasjonen. Få på etter- og vidareutdanning.	2 046 101,22
<b>232 Kulturtiltak</b> <b>233 Idrett</b> Må sjåast samla sett.	- 231 102
<b>240 Fellesutgifter barnehage</b> Sjukefråvær der det ikkje har vore mogleg å finne vikar.	479 383,18
<b>241 Dalen barnehage</b> Det har vore auke med 1 stilling som skulle finansierast over flyktingefondet.	- 520 658,61
<b>Konklusjon.</b> Over ein million skuldast justering som skulle ha bli gjort i integrering og vaksenopplæringa. Det er ein del overskot knytt til vakante stillingar og sjukdom. Delar av kommunedirektørens løn er dekt av andre planområde.	

## Kostra

### Barnehage:

Parameter	Tokke	Vinje	Fyresdal	Nissedal	Seljord	Kviteseid	Kostra gr 6	Landet
Tal på blhg.lærarar i høve til grunnbemanning	33,9 %	32,6 %	43,4 %	42,9 %	52,2 %	37,3 %	39,3 %	42,7 %
Netto driftsutgifter barnehager, per innbyggjar 1-5 år)	279 '	283 '	253 '	283 '	248 '	..	210 '	181 '
Netto driftsutgifter til barnehagar, prosent av kommunen sitt totale driftsbudsjet	9,9%	16,2%	9%	14,1%	12,1 %		10,1%	14,4%
Tal på barn som har barnehage, - 1 – 5 år	97,2 %	97,7 %	92,5 %	92,5 %	84,5 %	90,4 %	93,2 %	93,6%

- ➔ Utgiftene pr. barn er berre auka med kr 1 000, trass i lønnsvekst osv. Utgiftene til drift av barnehage i Tokke ligg på medianen i Vest-Telemark.
- ➔ Forholdsvis nyttar Tokke under kostragruppe 6 og landsgjennomsnittet lite av budsjettet på barnehage. I 2021 var det ein nedgang på 0,8% av driftsbudsjettet. Her vil ein sjå ein oppgang grunna opning av nye barnehageavdelingar.
- ➔ VI ser resultatet av rekrutteringsvanskav barnehagelærerar i Tokke. I 2020 var talet på barnehagelærerar 57,8%, mens den var 33,9% i 2021 (nedgang på 23,9%).

#### **Skule:**

Parameter	Tokke	Vinje	Fyresdal	Nissedal	Seljord	Kviteseid	Kostra gr 3	Landet
Netto driftsutgifter – pr. innbyggjar 6 - 15 år	194 '	191 '	231 '	209 '	166 '		177 '	125 '
Netto driftsutgifter til skule, prosent av kommunen sitt totale driftsbudsjett	23,3%	26,6%	29,2%	27,2%	25,9%		21,4%	23 %

- ➔ Alle kommunane i Vest-Telemark har hatt ein auke kr 30'-70' pr. elev. Tokke har ein auke på kr 30'. Det same gjeld kostragruppe 6, men der er auken om lag kr 20'.

#### **Kultur:**

Parameter	Tokke	Vinje	Fyresdal	Nissedal	Seljord	Kviteseid	Kostra gr 6	Landet
Netto driftsutgifter til kultursektoren – i forhold samla driftsutgifter i kommunen	9,6 %	7,9 %	8,2 %	4,3 %	4,4 %		4,0 %	4,1 %
Netto driftsutgifter til idrett – i forhold samla driftsutgifter i kommunen	2 %	0,1 %	3,4%	0,6 %	0,8 %		1,4 %	1,4 %
Netto driftsutgifter til barn og unge – i forhold samla	2,2 %	1,6 %	1,8 %	1,2 %	1,7 %		0,9 %	0,8 %

driftsutgifter i kommunen								
Netto driftsutgifter til kultursektoren pr. innbyggjar	9 101	6 515	7 705	4 113	3 459		3 683	2 670
Tal på barn i kulturskulen	55,4 %	29,6 %	42,5 %	28,7 %	22,9 %	24,1 %	23,8 %	13,3 %

➔ Tokke kommune nyttar forholdsvis meir på ungdom, idrett og kultur, men har også positive effektar på det:

- Særdeles mange i kulturskulens målgruppe har eit tilbod. Heile 12,9% høgare deltaking i Tokke enn den nest beste kommunen i Vest-Telemark. Differansen er redusert med 5%. Men Tokke har hatt ein nedgang på 22% av elevane i målgruppa som nyttar kulturskulen. Alle kommunane i Vest-Telemark og landet har ein nedgang.
- Besøk på bibliotek ligg monaleg høgare enn dei andre kommunane i regionen, det avspeglar også eit høgt utlån
- Me har godt oppmøte på kinoførestillingane
- Vidare veit me at mange ungdommar nyttar tilbodet på ungdomsklubben

## Avvik

AVVIKSRAPPORT 2021		
	Avvik	Lukka avvik
OKI	7	7

Det er utan tvil underrapportering på avvik. Avvik som er knytt til bygg o.l. er registrert på teknisk etat.

## Handlingsprogram

Mål nr.	Utfordring og tiltak	Mål	Resultat
	<b>Utviklingsarbeid i bibliotek, barnehage og skule</b>	Fagfornying – skulen fekk nye læreplanar, hausten 2020 og det er mykje utviklingsarbeid knytt til dette også i 2021.	Arbeidet er godt i gang. Tilsatte har brukta utviklingstid til opplæring og dialog. Noko samarbeid med USN. Arbeidet held fram.
		MOT i skulen og skulen som samfunnsbyggjar	Har kome godt i gang. Planleggingsdag «skulen

		som samfunnsbyggar» blei gjennomført på planleggingsdag for alle tilsette i skule og SFO 16. august. Foreldremøte om kvelden. 2 tilsette har blitt kursa i Trondheim i løpet av hausten for å ha fleire å spele på i gjennomføring av programmet.
	IBSM	Prosjekt avslutta. Innfasa I ordinær drift.
	Tidleg innsats i barnehagen og inkludering	Fokus på å vere medviten på at hjernen til borna er særskild mottakeleg for stimulering og erfaringar dei fyrste leveåra. Særskilt viktig å trygge borna ved oppstart i barnehagen. Barnehagen har endra ein del rutinar for å sikre dette.
	Kunnskap om tilknytingsstrategiar og utviklingspsykologi	Kurs med Terje Melås med fokus på emosjonell utvikling og tilknytingstrategiar. Ulike tilknytingsstilar kan føre til at born fungerer ulikt sosialt og i leik. Når barn står utanfor leikefellesskap, må vaksne hjelpe barna inn i leiken. Vaksne må derfor ha kompetanse for å forstå og analysere konteksten kring eit barn. Arbeidet og drøftingar i personalet held fram.
	Kunnskap om tilknytingsstrategiar og utviklingspsykologi	Kurs med Terje Melås med fokus på emosjonell utvikling og tilknytingstrategiar. Ulike tilknytingsstilar kan føre til at born fungerer ulikt sosialt og i leik. Når barn står utanfor leikefellesskap, må vaksne hjelpe barna inn i leiken. Vaksne må derfor ha kompetanse for å forstå og analysere konteksten kring eit barn. Arbeidet og

			drøftingar i personalet held fram.
		Innfasing av barnehagelova §§ 41-43	Arbeidet er i gang. Opplæring i førebyggande arbeid med USN. Tilsette har fått god kjennskap til teoriar som skal ruste dei til å avdekke og setje i gang tiltak. Det er dei vaksne sitt ansvar å skape godt leikemiljø /barnehagemiljø. Born som ikkje får delta i eit leikefellesskap må få hjelp snarast.
		BTI- Implementering av modell. Sikre gode rutinar ved uro for barn og unge. Aktuell kompetanseheving i bhg og skule på bakgrunn av BTI-undersøkinga	Innført som arbeidsmetode både i skule og barnehage. Felles kurs/fordrag for skule, barnehage og helse blei gjennomført haust 2021.
		Biblioteket: Utvikle ny logg og prøve ut anna digital formidling.	Er utført. Fungerte godt.
	«Aktiv og synleg kulturskule» <b>Tokke kulturskule skal bli ein viktig ressurs og kompetansesenter for kultur.</b>	Ferdigstille lokale læreplanar ut frå kulturskulens nasjonale rammeplanar	Grunnarbeidet er på plass, førebels ikkje tid til å ferdigstille arbeidet.
		Leggje til rette for utveksling av kunnskap og ressursar med grannekommunanes kulturskular – kontinuerleg arbeid	Ingen framdrift grunna pandemi, tar sikte på å starte samarbeid kring UKM 22.
		Auka samarbeid med elevrådet på skulane og ungdomsrådet – aktiv deltaking frå rektor	Kulturskulen har meldt ifrå at dei ynskjer å delta i råda når dei diskuterer relevante tema, ingen invitasjonar så langt.
	<b>Formell kompetanseauking</b>	<i>Barnehagen:</i> Kompetanseauking med fokus på det pedagogiske tilbodet, særskilt inn mot to område – inkluderande barnehage. Jf. kompetanseplan	I samarbeid med Terje Melås. Opplæring i regi av USN med fokus på: <ul style="list-style-type: none"> <li>- leiketeori,</li> <li>- aktiv vaksenrolle knytt til leik,</li> <li>- det fysiske miljøet,</li> <li>- felles «vi fokus»</li> <li>- tidsbruk, haldningar og reglar</li> <li>emosjonell utvikling, tilknytingssstrategiar</li> </ul>

		<p><i>Skulen:</i> sikre naudsynt kompetanse i basisfaga, som stettar lovkrav. Fagfornying vil kunne medføre auka kompetansebehov.</p>	Ingen tilsette på vidareutdanning frå haust 2021 i høve basisfag, men 2 lærarar og 1 barnehagelærar på vidareutdanning i spesialpedagogikk.
		<p><i>Kultur og administrasjon:</i> Ein legg til rette for kompetanseauking som er relevant for stillingane.</p>	Var ikkje aktuelt i 2021 p.g.a. korona.
		<p><i>Kulturskule:</i> Pedagogisk kompetanse</p>	Har ikkje kome i gang. Litt krevjande på grunn av organisering. Må jobbe vidare med dette.
<b>Planarbeid</b>	Ferdigstille barne og ungdomsplanen	Plan ferdig. Kjem til politisk behandling samstundes som tiltaksplan frå prosjektet: Frå haldning til haldning.	
	Ferdigstille idrett- og friluftsplanen	Påbyrja.	
	Ferdigstille nye utviklingsmål (visjon) for barnehagen	Halde fram med påbyrja arbeid.	
	Ferdigstille nye utviklingsmål (visjon) for skule	Halde fram med påbyrja arbeid.	
	Fullføre fritidserklæring	Påbyrja.	
	Starte opp arbeidet med plan for kultur og frivillig arbeid	Er ikkje starta, blei utsett.	
	Plan for vidare bruk av BTI	Samarbeid planområde 2 og 3. Ikkje slutført.	
<b>Bibliotek</b>	Prioritere formidling og tilbod til barn og unge. Samarbeide tett med skulane. Arrangere fleire lesestunder og bokprat for klasser og barnehage. Halde fram satsinga på Sommarles.	Faste bibliotektimar med skuleklasser med formidling frå tilsette på bibliotek. Besøk frå barnehage (lesestunder),- litt meir krevjande å få faste rutinar. Gjennomført sommarles 2021. Har starta «Winterles» for vaksne. Gjennomførte alternativ «Halloween» kveld på biblioteket. Spel – kveldar.	
	Samarbeide med Tokke Seniornett om opplæring i grunnleggjande digital	Har vore noko samarbeid, særskilt i oppstart. No er det meste lagt til frivilligsentralen.	

		kompetanse og datahjelp ved behov.	
	<b>Kulturhuset</b>	Utover Bygdekinoen, Teater Ibsen, Folkeakademiet og biblioteket sine arrangement vil ein forsøke å ha åtte tilstellingar i året. Covid-19-situasjonen vil ha innverknad på om ein lukkast med å nå dette målet.	I tillegg til bygdekinoen har det vore eit par arrangement på kulturhuset.
	<b>Ferieaktivitetar for å inkludere barn og unge.</b>	Ønskje om vidareføring i 2022.	Har gjennomført aktivitetar i sommar - og haustferie 21. Mange born har delteke. Positive tilbakemeldingar. Må sjå litt nærmare på organisering og innhald i det vidare arbeidet.
	<b>BTI</b>	Implementere og kunnskapsheving	Opplæring/repetisjon ved oppstart av kvart barnehage -,skuleår. Arbeid med case og analysemodell. Ei samling i halvåret.
	<b>Ungdomsklubben</b>	Ferdigstille skateparken	Er ferdig, og i bruk.
	<b>Bookingsystem</b>	Tokkenett	Er i funksjon.

## Dalen barnehage

Barnehagelova vart i Stortinget endra sommaren 2020, endringane som skal sikre barn eit godt psykososialt barnehagemiljø vart gjeldande frå januar 2021. Dei nye vedtaka om barnehagemiljø byggjer i stor grad på tilsvarande vedtak i opplæringslova om skulemiljø. Arbeid med å implementere forståing for §41, §42 og §43 starta allereie i 2018 med prosjektet Inkluderande barnehage og skulemiljø. Fokus på leik og inkluderande fellesskap held fram, og er ei av kjerneoppgåvene til barnehagen. Barn som opplever trygge relasjoner kan frigjøre energi til leik, utforsking og læring. Dalen barnehage har også eit stort fokus på å skape ein trygg start i barnehagen og gode tilknytingsrelasjoner. Ein trygg og god start (trygg tilknyting) er ei god investering som fremmar barn sin emosjonelle sjølvregulering og er grunnlaget for kognitiv utvikling.

Barnehagen opplever også at BTI modell har vore ei god støtte i arbeidet med å oppdage og hjelpe dei barna som treng nokon ekstra, og familiane deira.

	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022
Plassar	78	73	69	63	68	65
Barn	61	55	43	44	50	48

Utvikling av barnetal i barnehagen.



## Høydalsmo barnehage

Høydalsmo barnehage har gjennom året hatt fokus på relasjonskompetanse og gode vaksenstilar hjå personalet. Gjennom dette arbeidet vil me skape eit inkluderande barnehagemiljø gjennom gode relasjonar, leik og venskap. Barnehagelova krev at me arbeider systematisk og førebyggande for å skape eit trygt og godt miljø der barn er sosialt inkludert. Rammeplanen stiller allereie krav om dette, men frå 1. januar 2021 er det og lovfesta ein aktivitetsplikt for alle i personalet rundt arbeidet.

August 2021 pakka me ut av barnehagen og flytta barn og personalet til Lårdal. Tokke brannvesen gjennomførte ein trygg brannøving der barnehagen i Høydalsmo gjekk opp i røyk. I Lårdal driftar me no to avdelingar. Me er alle spente, og gler oss til ein ny barnehage som etter planen er innflyttingsklar august 2022.



	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022
Plassar	19	22	27	22	29	30
Barn	15	17	19	18	21	21

Utvikling av barnetal i barnehagen.

## Byrte barnehage



Byrte barnehage vart opna igjen august 2022 etter at det hadde vore mellombels stengt nokre år. Barnehagen har ein avdeling med barn frå 1 til 5 år. Me har jobba med prosjektet inkluderande barnehage og skulemiljø og BTI. Me har fokus på leik, venskap og gode relasjonar, korleis me er saman med andre, og at alle kjenner at dei høyrer til i eit trygt og godt fellesskap.

I Byrte barnehage er det god plass både ute og inne. Me er ofte i gymsalen der det er god plass til å springe og leike. I haust var me på mange turar i nærområdet. Elles er det mykje leik ute og inne.

	2021/2022
Plassar	8
Barn	6

## Tokke skule/ Tokke skule avd. Åmdals-Verk

Tokke skule har fokus på å skape eit trygt, godt og inkluderande skule- og læringsmiljø, der elevane skal oppleve meistring og trivsel.

Dette året har vore prega av endring både i leiinga og i personalet. Tokke skule fekk ny rektor i haust. Oppstart av året vart difor noko prega av ei leiing som trong tid til å setje seg inn i skulens rutinar. I november vart det ny konstituera rektor, noko som førte til nokre endringar på timeplanane til dei tilsette. Me har mange dyktige lærarar som har vist velvilje og engasjement . I desse endringsprosessane har det alltid vorte lagt størst vekt på elevens beste. Skulen har hatt fokus på å utvikle eit *inkluderande* fellesskap. Me nyttar livsmeistringsprogrammet MOT i ungdomsskulen, og i år har fire elevar i 9.kl. blitt utdanna som Unge MOTivatorar. Aktivitetsleiarane i 7.kl., i regi av Aktiv Skole 365, har gjort ein god innsats med å skape aktivitetar i friminutta. SFO har fått ein gapahuk i nærområdet, noko dei har nytta flittig.

ÅVOS vert, etter vedtak, mellombels lagt ned haust -22. Elevane på ÅVOS er difor på hospitering på Tokke skule kvar tysdag med oppstart etter vinterferie. Dette av omsyn til å gje dei ein god og trygg overgang til Tokke skule.

Skulen har i løpet av året hatt fokus på både nye, og påbyrja utviklingsprosessar med mykje av utviklingsarbeidet retta mot implementering av nye læreplanar. Desse kom med tema

retta mot nye læreplanar ,og tverrfagleg arbeid. Døme på tverrfaglege tema er kulturveka, veke seks, val, SoMe, klesindustrien, Tokkeåi , dyrking m. m Me har òg hatt oppstart på UDIRs kompetansepakke i programmering.

Det har blitt jobba fram ein plan med rutinar for halvårsvurdering i fag, orden og åtferd. Me har over tid jobba med planar og rutinar med eit ynskje om å sertifisere oss som dysleksivenleg skule. No er søknad sendt, og me ventar sertifiseringsbesøk i slutten av mars

Det har vore digitale foreldremøte med tema som Trygghet på nett og Barnevakten.no



#### *Utvikling av elevtal ved Tokke skule (teljedato 01.10.21):*

	<b>2017/2018</b>	<b>2018/2019</b>	<b>2019/2020</b>	<b>2020/2021</b>	<b>2021/2022</b>
Barnetrinnet	130	134	136	120	111
Ungdomstrinnet	47	50	51	56	61
<b>SUM</b>	<b>177</b>	<b>184</b>	<b>187</b>	<b>176</b>	<b>172</b>

#### *Tokke skule Åmdals Verk (teljedato 01.10.21):*

	<b>2017/2018</b>	<b>2018/2019</b>	<b>2019/2020</b>	<b>2020/2021</b>	<b>2021/2022</b>
Barnetrinnet	12	12	8	7	5
Ungdomstrinnet					
<b>SUM</b>	<b>12</b>	<b>12</b>	<b>8</b>	<b>7</b>	<b>5</b>

## Høydalsmo skule

Høydalsmo skule har fokus på å skape eit trygt, godt og inkluderande skule- og læringsmiljø, der elevane skal oppleve meistring og trivsel. Aktivitetsleiarane i 7.kl., i regi av Aktiv Skole 365, har gjort ein flott innsats med aktivitetar i storefri. To nye elevar i ungdomsskulen har blitt utdanna som Unge MOTivatorar. Nytt av året er at skulen er med i det utvida MOT-programmet «Skulen som samfunnsbyggar» der målet er fellesforstått ansvarskjensle; «it takes a village to raise a child». Me har òg starta samarbeid med SMISO (Senter mot incest og seksuelle overgrep) der målsetjinga er å førebyggje seksuelle overgrep.

Elevundersøkinga syner at elevane våre trivast på skulen, og dei opplever at det er eit trygt miljø. Me held fram med implementering av den nye læreplanen Fagfornyinga. I 2021 hadde Høydalsmo skule spesielt fokus på djubdelæring, tverrfagleg tema og profesjonsfellesskap.



Utvikling av elevtal på Høydalsmo skule(teljedato 01.10.21).

	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022
Barnetrinnet	43	43	41	42	41
Ungdomstrinnet	19	18	22	24	24
<b>SUM</b>	<b>62</b>	<b>61</b>	<b>63</b>	<b>66</b>	<b>65</b>

## Kulturskulen

Fyrste del av 2021 var preg av koronarestriksjonar for kulturskulen. Utifrå gjeldande regelverk fekk elevane tilbodet om digital heimeundervisning. Dette tilbodet var det færre som takka ja til, eller hadde moglegheit til å delta på. Kulturskulen gjekk over til ordinær undervising (gult-nivå) for alle elevar under 20 år seint i januar. Mot våren 2021 lempa regjeringa på ein del restriksjonar, og kulturskulen gjekk gradvis over til meir «normal» undervisning. Vårsemesteret blei krona med ein flott ute-konsert på Dalen. Hausten 2021 gjennomførde kulturskulen konsert på Dalen og Høydalsmo med godt oppmøte og gode tilbakemeldingar frå publikum. Konserter og andre offentlege arrangement som kulturskulen arrangerer eller deltek på viser seg å være ein særskilt viktig faktor for å få nye elevar.

### Kulturskulen:

	2020/2021		2021/2022	
		Venteliste		Venteliste
Under grunnskulealder	0			0
I grunnskulealder	139	2	127	0
Over grunnskulealder	15		18	0
<b>SUM</b>	<b>154</b>	<b>2</b>	<b>145</b>	<b>0</b>



Utekonsert Dalen 2021

### UKM

Ung kultur møtast (tidlegare ungdommens kulturmønstring) blei for første gong på mange år arrangert av Tokke kommune sjølv. Tidlegare har ein hatt dette arrangementet i samarbeid med Vinje kommune. Grunna gjeldande restriksjonar gjennomførte Tokke kommune ein digital variant av dette arrangementet. Innslaga blei filma i vekene før den digitale konserten/videoframsyninga blei halde i Gullbjørgsalen. Arrangementet hadde 27 innslag fordelt på musikkinnslag og kunstbidrag. Samanlikna med sist arrangement ein hadde saman med Vinje kommune (2020), er det 20 fleire påmeldte innslag frå Tokke kommune enn sist. 5 av innslaga gjekk vidare til fylkesfinalen, og eitt vidare til den nasjonale finalen.

### Vaksenopplæringa/flyktningtenesta

Flyktningtenesta og vaksenopplæringa vart lagt ned frå 01.08.20. Kommunen har sidan hausten 2020 hatt eit samarbeid med Vest-Telemark vidaregåande skule om eit 5-årig løp for minoritetsspråklege elevar på helse- og oppvekstfag.

### Biblioteket

Utlån og besøk tok seg noko opp i 2021, men det er tydeleg at dette også vart eit «koronaår». Biblioteket var ope gjennom heile året, men hadde stengt for sjølvbetening med utvida opningstid frå januar til og med september. Tokke bibliotek har til vanleg mykje aktivitet og fleire arrangement gjennom året, men det var lite av dette som let seg gjennomføre i fjor. Kampanjen Sommarles gjekk meir eller mindre som normalt, sett bort frå felles avslutning på Kulturhuset. God deltaking, Tokke kommune best i fylket. Biblioteket laga

formidlingstilbod på youtube, ein Sommarles-blogg, med ny episode publisert kvar veke gjennom perioden. Me held fram med fokus på utvikling av tilboden til skulen, og fleire klassar nyttar seg av tilbod om lesestund og bokprat. Installasjon av løysing for sjølvbetening i Høydalsmo vart ikkje sluttført i 2021, då me måtte vente på levering av ny utgangsdør som kan fungere med elektronisk styring.

*Utvikling av besøkstal og utlån i biblioteka (Høydalsmo og Dalen samla):*

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Besøkstal	16 584	16 974	17 337	19 977	9 824	11 106
Utlån	17 254	18 053	16 712	17 991	11 870	12 673

## Ungdomsklubben



Året som har gått har vore eit jojo år med litt til og fra med små, stengte periodar.

Det har vore eit godt år med mange ungdomar på klubbkveldar.

Det har vore ein god gjeng som har vore med i år som har gjort det mogleg å halde det i gang p.g.a. sjukdomsbildet i 21.

Vi har gjennomført ei veke fin sommarskole i samarbeid med BTI. Vi har også hatt opning av den fine skateparken vi har hatt med kake, brus og grilling.

Det har vore fokus på å ha eit open og hyggeleg miljø, samt at ungdomane har loggført namn og tlf.nr kvar gong dei er på besøk.

Det blei ikkje gjennomført rusfritt arr. eller LAN party i 2021.

## BTI

BTI-prosjektet har vore i drift sidan 2019. Prosjektet består i å lage ein modell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytt uro til. Modellen skal systematisere god praksis, og det skal kome klart fram korleis ein kan handle ved oppdaging og oppfølging av barn ein er uroleg for. Det er fokus på brukarmedverknad, samhandling mellom tenester og tidleg innsats. Modellen kan vitjast på [www.tokke.betreinnsats.no](http://www.tokke.betreinnsats.no). Prosjektet er finansiert gjennom midlar frå Bufdir. Det blei gjeve midlar til å implementere modellen gjennom 2021. Midlane har blitt nytta til å drive kompetanseheving til aktuelle etatar på BTI-relaterte tema. Det blei gjennomført 2 foredrag for tilsette, haust 2021: «Taushetsplikt i det tverrfaglege samarbeidet» og «Seksuelle overgrep. Kunnskap til å se og trygghet til å handle».

Arbeidet med sjølve modellen blei sluttført i juni 2021. I det vidare arbeidet må tilsette ta planen og modellen i bruk. Dette krev jamleg repetisjon, påminning og til dømes øve på ulke aktuelle case. Arbeidsgruppa skal treffast ein gong i halvåret for å dele erfaringar, spørsmål, utfordringar og gode opplevingar. Gruppa prøvde å møtast i november, men blei utsett på grunn av svært lite oppmøte på grunn av sjukdom.

## Frå «haldning til handling»

**«Gode haldningar gjev gode handlingar»**

### FOKUSOMRÅDE FOR PROSJEKTET:

Kvar dag gjerast det eit uvurderleg haldningsskapande arbeid i heimar, på fritidsarenaer, i barnehagar og skule. Bidrag som til saman skapar eit tryggare og meir inkluderande lokalsamfunn.

Det er i Tokke kommune og resten av regionen utfordringar knytt til:

- Arrangement som ikkje ligg innanfor lovverket
- Køyring med bil i rusa tilstand og/eller høg hastighet
- Motorisert ferdsel i rusa tilstand og høg hastighet
- Sosiale media
- Grensesetting

Mange av utfordringane er ikkje særeigne for Tokke, og det er difor parallelt med det kommunale arbeidet sett i verk satsingsprosjekt «nullvisjon» frå Vest-Telemarkrådet og andre rus- og kriminalitetsforebyggjande tiltak

## «Frå haldning til handling»

«Gode haldningar gjev gode handlingar»

### ARBEIDET I 2021:



Prosjektleiar tok til i stillinga 01.08.21. Stillinga blei delt og fordelt over 2 år i 50% stilling, noko ein såg som tenleg. Det er eit stort prosjekt og det er ynskjeleg med utprøving av tiltak mot slutten av prosjektet (nokre aktuelle tiltak er allereie prøvd ut i kombinasjon med andre tiltak i OKI).

Det er halde møter og drøftingar i referansegruppe, styringsgruppe og arbeidsgruppe. Samt ei rekke møter med KORUS sør. Møta hausten 2021 har gått mykje til analyse av grunnlagsdata som kan seia noko konkret om situasjonen på problemområda i Tokke. Vidare er det lagt plan for arbeidet i 2022.

Folkemøter har det vore vanskeleg å gjennomføre grunna koronasituasjonen.

## Oppsummering av koronaåret 2021, planområde 2

### Dalen barnehage

Hovudsakleg har det vore drift i gult nivå i trafikklosmodellen. Ut i frå smittevern omsyn har det vore naudsynt å dele barna inn i kohortar. I april hadde Tokke ein person med påvist covid-19, smittetilfellet hadde tilknyting til barnehagen, og to avdelingar vart stengt ein dag. Avdelingane vart stengt på grunn av ein uoversiktleg smittesituasjon. Mot sommaren 2021 gjekk barnehagen over til grønt nivå, og det var i dette nivået ein starta opp att i ved nytt barnehageår.

I august kunne ein ved eventuelle utbrot i skule og barnehage få unntak for smittekarantene dersom ein gjennomførde eit testregime. Ein henta inn samtykke frå foreldre/ føresette for å kunne utføre fyrste testing i barnehagen dersom det skulle oppstå smittetilfelle når barna var i barnehagen. Dette blei aldri gjennomført.

Fråværet har ikkje vore ekstra stort i dette tidsrommet, bare sporadiske tilfelle av tilsette og barn som har vore nærkontaktar/ hatt symptom.

### Høydalsmo barnehage

Drifta av året 2021 har vore prega av smittevern og trafikklysmodell. Barnehagen har vore i gult og grønt nivå i trafikkmodellen. Det er avtala alternative løysingar for levering og henting av barna ( i døra ) i delar av året. I delar av året var det ikkje mattilbod frå barnehagen, og barna hadde med eigne nister. Fokus på reinhald og handvask. Koronasmitten heldt seg unna barnehagen ut året. Barn, foreldre og personalet har alle gjort sitt for å unngå å bli smitta.

### Byrte barnehage

Byrte starta haust 2021 på grønt nivå, og gjekk over gult i desember. Det har vore fokus på smittevern, men kvardagens har vore ganske lik normal i Byrte. Det har vore mattilbod heile hausten.

### Tokke skule/ Tokke skule Åmdals Verk

Skuleåret byrja utan særskilt omsyn til smittevern og kohortar, og det var tydeleg at dette vart ein overgang for fleire av elevane som hadde vorte vane til dei trygge rammene kohortane gav i friminutta, men dette gjekk seg til.

I november gjekk oppvekst etaten på nytt over til gult nivå på grunn av ny mutasjon og smittetrykk. Det vart gjeninnført kohortar og soneinndelingar. Me gjennomførte heimeskule dei siste dagane før jol.

Då me starta opp att etter nyttår, var me framleis på gult nivå. Frå 1. januar var tilsette i skular fritekne frå smittekarantene i arbeidstida.

Det var mykje fokus på testing og karantene. Det corona-relaterte fråværet eskalera kraftig både hjå elevar og tilsette. Me har hatt stort fokus på å legge til rette for ein trygg og

føreseieleg kvardag for elevane våre. Regjeringa letta på koronatiltaka, og frå 18.januar gjekk me over til grønt nivå, og kvardagen vart meir normalisera. Det har vore eit år som har vore krevjande på mange område.

## Høydalsmo skule

2021 var også eit år prega av pandemidrift på skulen vår. Det var fint å få drive tilnærma normalskule att på hausten, og skuffelsen var difor stor då me måtte stramme inn att før jol. Me hadde svært lite smitte på skulen vår i 2021.


## Ungdomsklubben

Året har vore vanskeleg med mykje å passe på. Det har vore vanskeleg for ungdommen å halde ut så lenge, men dei har vore flinke. Klubben har vore stengt i korte periodar, så det har vore bra kontinuitet. LAN party blei utsett til 8 april 22. Dei tilsette og vikarane har gjort ein kjempe jobb for å få dette til å fungere. Utan innsatsen fra dei hadde det ikkje gått. Vi har hatt eit betre år i år enn i 2020 året.

## Kulturskulen

Kulturskulen merkar koronasituasjonen på søkartala til kulturskulen (nedgang på 9 frå året før). Få konserter og periodar med heimeundervising for elevar gjer nok at ein del har vald å «vente» med å knytte seg opp mot kulturskulen fram til ein meir normal kvardag. Konserter og andre offentlege arrangement som kulturskulen arrangerer eller deltek på viser seg å være ein særskilt faktor for å få nye elevar.

# Planområde 3 - Helse og omsorg



## Personalstoda



Kommunalsjef,  
Ann Wraa

Etaten har 104,18 årsverk pr. januar 2021 (105,38 årsverk året før, då 16 var knytt til enkeltbrukar). Det var redusert stilling på alle omsorgsavdelingar, samt kjøkken i 2021. Det har vore vanskeleg med rekruttering av sjukepleiarar og ein ser at det begynnar å bli problematisk med rekruttering av vernepleiarar og.

Etaten har eit stort og omfattande fagområde som er underlagt lovverk som ofte er ei pliktlov. Tilsette sin arbeidskvardag er travel. Fleir og fleir oppgåver blir lagt til kommunehelsetenesta og behovet for kompetanse aukar med kvart år som går. Personalalet som har stått i frontlinja gjennom heile pandemien har gjort ein fantastisk jobb og alle har vist stor fleksibilitet.

Kriseberedskapen i helse og omsorg har fungert særleis godt. Utfordringar har vert løyst i fellesskap og det er ei arbeidsmåte ein kan ta med vidare.

## Driftsresultat

PLANOMRÅDE 3 – DRIFTSREKNESKAP 2021						
Ansvar	Tekst	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Revidert budsjett 2021	Avvik	Forbruk i %
<b>300</b>	Helse- og sosialutvalet	80 980	91 652	91 352	10 372	89
<b>310</b>	Helse- og omsorg – administrasjon	2 411 369	3 472 514	2 900 167	488 798	83
<b>320</b>	Fellesutgifter	1 083 405	886 102	1 022 102	-61 303	106
<b>321</b>	Legeteneste	13 896 799	10 170 681	12 838 359	-1 058 440	108
<b>322</b>	Fysio/ergo/rehabilitering	2 270 609	2 362 350	2 426 795	156 186	94
<b>321</b>	Miljøretta helsevern	421 000	417 000	417 000	-4000	101
<b>331</b>	Helsestasjon	2 259 109	1 839 114	1 939 114	-319 995	117
<b>332</b>	Jordmor	606 868	622 399	622 399	15 531	98
<b>342</b>	Barnevern	4 872 602	4 000 000	4 000 000	-872 602	122
<b>343</b>	Edruskapsvern	-21 857	1 008	1 008	22 865	2168
<b>349</b>	Psykiatri	4 077	3 570 509	3 580 454	-496 577	114
<b>351</b>	Heimesjukepleia	11 633 469	9 728 393	10 396 347	-1 237 122	112
<b>352</b>	Institusjon	23 940 595	23 226 327	23 701 509	-239 086	101
<b>354</b>	Omsorgsteneste	7 662 974	7 163 190	7 356 742	-306 232	104
<b>355</b>	Åheim	10 331 606	9 140 504	9 409 657	-921 949	110
<b>357</b>	Heimevaktmeister	179 772	268 185	268 185	88 413	67
<b>359</b>	Kjøkken	3 147 873	2 811 372	2 811 372	-336 501	112
	<b>SUM</b>	<b>88 854 204</b>	<b>79 771 000</b>	<b>83 782 562</b>	<b>-5 071 642</b>	<b>106</b>

## Kommentar til dei største avvika:

<b>321 Legeteneste</b> All overtid knytt til oppfølging av pandemien ligg til området. Blant anna TISK (testing, isolering, smittesporing, karantene) Det har i tillegg vore brukt legevikar delar av året.	- 1 058 440
<b>322 Fysio- og ergoterapitjenesta</b> Gjennom året har ei av stillingane vore vakante og vi har bare fått inn vikar i 40 % av stillinga.	+ 156 186
<b>342 Barnevern</b>	- 872 600
<b>349 Psykisk helse og rus</b>	- 496 577
<b>351(+354) Heimetenestene og omsorgssentret</b> Ansvara må sjåast i samanheng. Auke utgifter for medisinsk utstyr. Her er det i hovudsak bruk av vikarbyrå som har gjeve høge utgifter.	- 1 563 344
<b>351 Institusjon</b> Ekstra utgifter medikament og utstyr Redusert inntekter for langtidsplass på grunn av auka behov for korttidsplass.	- 239 000
<b>355 Åheim bufellesskap</b> For høgt budsjettet lønn. Betydeleg auke av refusjon for særleg resurskrevjande omsorgstenester.	- 921 949
<b>359 Kjøkken</b>	- 336 501

Totalt sett har etaten streva med å oppnå balanse. Alle avdelingar er påverka av pandemien, og store utgifter er knytt til innleie av personale. Noko grunnar seg i pandemien, men den nasjonale mangelen på helsepersonell ser ut til å eskalere. Bruk av vikarbyrå er svært kostbart, og etaten arbeider på fleire måtar for å unngå det.

Det er gjort eit godt stykke arbeid for å styrke system og kompetanse for oppfølging av økonomi i alle avdelingar. Auka samarbeid med økonomiavdelinga har vore vellukka og fungerer svært godt. Avdelinga har oppfølging med økonomisk rådgjevar ein gong per månad.

## Nærvær/sjukefråvær

	2021	2020	2019	2018	2017	2016
<b>Planområde 3</b>	9,09	9,57	6,50	5,91	11,03	11,02
Langtidsfråvær	7,0	7,0	2,28			
Korttidsfråvær	2,09	2,57	4,32			

## Rapportering handlingsprogram

Mål nr.	Utfordringar og tiltak	Mål	Resultat
3.1.	Innføring og vidareføring av Reforma «Leve heile livet»	<p>Tverfagleg fokus på førebyggande innsats og oppfølging av reforma Leve hele livet.</p> <p>Tiltak : Arbeide vidare med etablert arbeidsgruppe for å planlegge eit eldrevennleg samfunn, og kva det betyr for Tokke kommune.</p>	Prosjektprosess vedtatt i november. Arbeidet er planlagt å gjennomførast i løpet av 2022 med evaluering 2023.
3.2	<p>Velferdsteknologi</p> <p>Innføring av heilskapleg tenestemodell</p>	<p>Innføra heilskapleg tenestemodell i Tokke kommune, for å sikra systematisk arbeid med velferdsteknologi.</p> <p>Oppgåver knytt til å sette teknologi ut til brukarar, sørge for respons, utrykking og evaluering.</p> <p>Tiltak: Arbeide vidare med prosjektleiar i Vest Telemark etter plan, som omfattar blant anna:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>1. Opplæring av personale</li> <li>2. Kartlegging av individuelle behov</li> <li>3. Ta i bruk medisineringsstøtte</li> <li>4. Kartlegge gevinstrealisering</li> </ul>	Arbeid har starta opp, men er ikkje gjennomført på alle punkt. (Punkt 2 er ikke gjennomført)
3.3	Styrking av Kreftomsorg i kommunen	<p>Tokke kommune skal i samarbeid med Vinje kommune og STHF, vidareutvikla kompetanse for kreftomsorg i Vest Telemark.</p> <p>Tiltak: Styrke og systematisere arbeid med oppfølging av brukarar og pårorande med kreftdiagnose.</p>	<p>Vedtak om varig drift av desentralisert behandling i kommunen vart vedtatt desember 2021.</p> <p>Tilsette i helse og omsorgsetaten har gjennomført ei opplæringsrekke om palliasjon og</p>

		Styrke oppfylging med palliasjon og lindrande behandling	lindrande behandling.
3.4	Heiltidskultur – vidarearbeid	<p>Fortsett styrke heiltidskulturen – heiltid skal vera det normale.</p> <p>Tiltak: Kulturarbeid – styrke heiltidskultur Arbeide med alternative turnusordningar i alle avdelingar.</p>	<p>Andel heiltidsstillingar har auka frå 25,5% 2015 til 50 % 2020. (Nasjonalt nivå 40 %)</p> <p>Alle omsorgsavdelingar har sett i verk årsturnus.</p>

## Investering og prosjekt

Tiltak	Status
Kjøkken – oppussing	Nytt kjøkken var tatt i bruk januar 2021.
Lager/skur Åheim	Ikkje gjennomført
Bad Tokke helsecenter	Har ikkje vore prioritert på grunn av at helsecentret vert stengt heile året. Blir sett i gong så fort det let seg gjere.
Helsehus/tannlegekontor	Har starta opp. Tilstandsrapport og gjennomgåing av romprogram haust 2021. Plan blir behandla i politisk utval vår 2022.
Forsterka omsorgsbustad	Ikkje starta opp.
Elektronisk låsesystem	Ikkje starta opp i helse og omsorg.
Bilar heimeteneste	Tre nye biler vart kjøpt inn til heimetenesta 2021.
Medisinrom	Nytt tiltak. Ikkje sett i verk, på grunn av pandemien.
Lager hjelpemidlar	Er ikkje starta opp, men ei omrokking på eksisterande lager er gjennomført som ei delvis mellombels løysing.
Nytt videoanlegg knytt til NHN (norsk helsenett)	Delvis gjennomført.

## Koronaåret 2021

Året 2021 har òg vist oss kva for konsekvensar ein pandemi vil ha på våre nasjonale og lokale helse og omsorgstenester. Personalalet har trass stor belastning vist seg å ha evne og vilje til rask omstilling. Alle har gjort ein stor innsats i denne spesielle tida.

Ein har gjennom krisa òg sett viktigheita av riktig kompetanse for å handtera ei krise. Fagleg kompetent miljø med godt utført leiing og styring av avdelingane har hatt vesentleg betyding

for korleis krisa har vore handtera. Samarbeidet mellom administrasjon og fag har fungert usedvanleg godt, og kan og seiast vera ein suksessfaktor.

Store delar av året har det vore lite smitte. På grunn av lite og avgrensa smitte, har pandemien i liten grad påverka tenestene. Alle avdelingar har hatt relativt ordinær drift gjennom store delar av året. Trass det har det vore utfordrande å handtera den straumen av informasjon som har kome til kommunane. Det har gått mykje tid til å følgja opp planar og retningsliner frå staten, med dokumentasjon og kartlegging. Dette har tatt tid, og i ein liten kommune er det begresa kor mykje personale som kan trekka ut for å fylla enkelte oppgåver i ei krise. Administrasjonen i helse og omsorg har vore brukta fleksibelt til veldig forskjellige oppgåver. Alle har handtert krisa etter beste evne.

I løpet av hausten auka smitten i heile landet, også i Tokke kommune, noko som igjen førte til restriksjonar og nedstenging og ekstra tiltak. Kommunane fekk beskjed om å planlegga for eit større utbrot på nyåret. Kommunen har vore med på alle typar av møte; med sjukehus(STHF), Statsforvaltar, FHI, Helsedirektoratet og helseministeren.

Vaksineprogrammet har til tider vore utfordrande å følgja opp. Både på grunn av at kommunane i begynninga fekk lite vaksinar, som skulle fordelast på dei mest sårbare i befolkninga, men også på grunn av at vaksinen måtte gjevast innom ei viss tidsramme.

Helsedirektoratet melde tidleg om at helsestasjon og skulehelsetenesta, og dessutan psykisk helse og rus, er område som ikkje skal reduserast under pandemien. Ein ser at koronasituasjonen gjer at fleire får det vanskeleg. Mangel på sosial kontakt, uro for dei ein er glad i, uro for sjølv å bli sjuk, uro for framtida er svært utbreidd. Ungdom strevar med isolasjon og mangel på møteplassar. Ein ser ein auke i angst og depresjonsproblematikk.

## KOSTRA 2021

Nøkkeltall kommune 2021

Nøkkeltall	Tokke	Vinje	Seljord *	Nissedal	Kviteseid	Fyresdal	KOSTRA gruppe 06	Landet utan Oslo
Utgifter kommunale helse og omsorgstenestar 2021 (kr)	55 293	57 964	41 020	52 121	----	52 856	45 310	29 271
Arsverk helse og omsorg per 10 000 innbyggere (årsverk)	507,9	416,8	395,1	500,5	417,7	485,1	484,5	318,8
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent)	38,2	47,1	34,8	40,2	----	38,6	39,6	33,9
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helseutdanning (prosent)	87,1	81	75,4	85,3	83,3	80,6	76,7	78,3
Arsverk per bruker av omsorgstjenester (årsverk)	0,4	0,44	0,53	0,56	0,43	0,43	0,55	0,58
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent)	39,9	42,6	39,1	43,4	37,1	43,5	36,8	28,7
Andel brukere av hjemmetjenester 0-66 år (prosent)	53	49,2	34,6	50	45,3	43	42,5	48,8
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på sykehjem (prosent)	12,6	12,9	9	14,5	15,6	15,9	13	10,8
Utgifter per oppholdsdegn i institusjon (kr)	4349	6415	3794	5432	---	4936	4673	4449
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	18,7	---	22,8	19,1	12,2	25	16,5	12
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	15,4	---	10,4	9,9	9	15	11,8	9,6
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsverk)	111	140,7	51,8	45,5	36,9	66,1	50,4	

Det er ei større auke enn normalt i årsverk i helstasjon og skulehelsetenesta mellom 2020 og 2021. Det skuldast at fleire kommunar har inkludera midlertidig tilsette som har beistatt med koronavaksineringa.

\*Seljord kommune har ~~ei finansieringform~~ med støtte frå staten for enkelte tenestar gjennom prosjektet PHT – ~~prmærlhelseteam~~.

Kilde: SSB

Lite har endra seg frå sist år. Helse og omsorgstenesta har dei siste åra arbeidd for å snu tenestene frå institusjonsbasera tenester til heimebasera tenester i tråd med dei nasjonale føringane. Tala syner at Tokke kommune brukar 38,2% av det totale driftsbudsjettet til helse- og omsorgs tenester. Det er litt mindre enn andre kommunar i Vest Telemark og mindre enn KOSTRA gruppe 6. I Tokke kommune har 87,1 % av dei tilsette helseutdanning. Det er desidert høgast i Vest Telemark og høgare enn KOSTRA gruppe 6 76,6 % og landet utan Oslo 78,3%. Kompetanse hos personalet er eit viktig kriterium for kvalitativt gode tenester.


2021 gav KS ut forskningsrapport om årsaker til kostnadsvekst i kommunale pleie og omsorgstenester. Rapporten syner til trekk som kan forklare den kostnadsvekst som helse og omsorgstenesta i kommunane har hatt dei siste åra. Det er framfor alt fem punkt som trekkast fram:

- Nedgangen av pasientar i langtidsopphald i institusjon har stoppa opp.
- Pasientar som har vore i institusjon på tidsavgrensa (korttids, avlasting, rehabilitering) opphold har auka.
- Talet på pasientar med brukarstyrt personleg assistanse har auka.
- Talet på pasientar som mottar helsehjelp i heimen har auka.
- Det er ei kraftig vekst av talet på brukarar som mottar praktisk bistand til daglege gjermål.

(<https://www.ks.no/contentassets/74113e3111a54fdcad825b67f5849cba/Arsaker-til-kostnadsvekst.pdf>)

I Tokke kommune ser ein same utvikling. Vi har mange pasientar som har store behov for hjelp over kortare og lenger tid. Pasientar som kjem utanom refusjon for særleg resursskrevjande omsorgstenester, på grunn av at dei ikkje kjem over innslagspunkt. Det kan vera pasientar som har store behov for helsehjelp gjennom deler av året, eller ei viss tid etter operasjon. Den medisinske utviklinga gjer at menneske skal leve med store medisinske prosedyrar i mange år. Dette er krevjande for alle deler av tensta, men framfor alt av heimetenesta. Det er ingen direkte trend på institusjon, men ein ser at dei sista åra har det vore færre andel korttidsopphald enn tidligare år.

11642: Brukarar av omsorgstenester i løpet av året, etter alder, tenestetype og år. Tokke, Brukarar av omsorgstenester.




Kilde: Statistisk sentralbyrå

Utfordringar med å få tak i kompetanse er ei utfordring som gjev store økonomiske konsekvensar. Bruk av vikarbyrå og rekrutteringsfirma er kostbart og gjev raskt overforbruk på enkelte avdelingar.

Tenesteprofilen for Tokke syner at vi har potensiale til innsparing på enkelte tenester for heimebuande under 67 år. Her er det for eksempel planlagt innføring av multidose, noko som kan vera med på å redusere bruken av heimetenester i stor grad for denne gruppa.

11643. Timar til omsorgstenester i løpet av året, etter alder, tenestetype og år. Tokke, Timar.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

## Personale, stillingar og kompetanse

Personale er den absolutt viktigaste ressursen etaten har. Utan kompetent personale vil vi ikke klare å oppretthalde og gje kvalitativt gode tenester. Rekruttera og behalde kompetent personale er den største utfordringa for helse og omsorgstenestene i åra som kjem.

Kompetansefordeling og utvikling er viktig for å behalde og stilla personale i stand til å møta framtidas utfordringar. Ved fleire tilfelle har det vore null søkerar til kunngjorde stillingar. Det er framfor alt på institusjon det har vore vanskelegast. I budsjett og handlingsprogram er det lagt vekt på utvikling av institusjon i fyrste omgang. Innføring av årsturnus har hjelpt, og no må ein sjå på fordeling og bruk av kompetanse.

Sjukefråværet har vert høgt gjennom året, men også her har pandemien påverka utfallet.

Personale har hatt låg terskel for å vera heime med sjukdom på grunn av smittefare.

Avdelingsleiarane har ikkje hatt kapasitet til å følge opp sjukmeldte optimalt. Det er behov for ei styrking i administrasjonen for tettare kontakt og betre sjukefråværesoppfølging.

Tokke kommune har i år igjen fått noko støtte frå Statsforvaltar til kompetanseheving. Den største delen har gått til fagskule for omsorgsarbeidar som har vidareutdanna seg i psykisk helse og rus, og dessutan palliasjon og lindrande omsorg. Støtta har òg gått til kompetanseheving innanfor kognitiv terapi og leiarutdanning.

Etaten har tatt imot sjukepleiarstudentar frå USN i Porsgrunn. To 1.års studentar i vår og to 3.års studentar i haust. Tilbakemeldingane om læringstilhøva har vore udelte positive. Dette er bra for rekrutteringa.

Etaten har òg hatt ein lærling på omsorgssenteret eit par dagar i veka. Dette er eit pilotprosjekt over fem år for framandspråklege som ynskjer å bli fagarbeiderar. Samtidig har ein regelmessig gjennom året lærling i normallopp over to år.

Helsefellesskapet vedtok tidleg i 2021 at alle deltar kommunar og sjukehuset skal vera med i læringsnettverket «Gode pasientforløp» Målet er å sikra brukarens behov for heilsakplege, koordinerte og trygge tenester både internt i kommunen og i samarbeid med sjukehuset. Læringsnettverket går over 18 månader.

Tokke og Vinje kommune har sett i verk tiltaksplan for døyande pasientar «Livets siste dagar» som sikrar riktig behandling for døyande pasientar. Kompetansehevinga har vore gjennomført via internundervisning for sjukepleiarane og fagabeidrarane

Etaten har òg gjennomført KS si medarbeidarundersøking 10-faktor. Undersøkinga dannar grunnlag for medarbeidar, leiar-og organisasjonsutvikling.

## Tenestene

### Legetenesta/legevakt

Legedekninga har vore stabil med ein lege i permisjon deler av året. Det var gjennom heile året ein ekstra 100% fagarbeidar for å handtere ekstra arbeid knytt til pandemien. Det var lite sjukefråvær eller fråvær grunna smittekarantene.

Kommuneoverlegen lagde koronavaksinasjonsprogram for Tokke på slutten av 2020.

Vaksineringa har prega drifta av legekontoret heile 2021, men gjennom heile perioden har avdelinga klart å oppretthalde ordinær drift i tillegg til ekstra oppgåvane. Det var ei utfordring at vaksinane i begynning, kom i små leveransar kvar veke, med kort haldbarhet og måtte settast etter streng prioriteringsrekkefølje. Det var soleis ikkje planlagt for massevaksinasjon i eit stort lokale. Talet på vaksine i leveransane auka etter kvart, og ein kunne etter kvart tilby vaksiner til alt større grupper. Legetenesta har hatt kontroll og styring over vaksinekoordineringa gjennom heile perioden.

Kommuneoverlegen hadde utdanningspermisjon frå september og ut året. Det har vore krevjande tider for å få med seg all informasjon. Gjennom heile året var det regelmessige møte om korona med Statsforvaltar og sjukehuset i Telemark(STHF). I tillegg var det jamlege møter og webinarer med FHI, Helsedirektoratet og kriseleningsmøte i kommunen. Kommuneoverlegen har heile perioden hatt overordna ansvar for TISK (testing, isolasjon, smittesporing og karantene) For mottak av varsel og smittesporing for covid -19 var det gjennom heile året ein eigen smittesporingsvakttelefon med mynde delegert frå kommuneoverlegen.

Gjennom år 2020 hadde Tokke berre 7 koronatilfelle. I år 2021 til saman 56 tilfelle. I veke 49-52 var det 36 nye tilfelle. Vi fekk ein ny verkelegheit med aukande smitte og utbrot på slutten av året. Etter mange år med utfordringar knytt til dokumentasjonsprogram, fekk avdelinga innført nytt program i løpet av hausten. Det har tatt mykje tid for å få programmet på plass.

Legevakta har gjennom året fungert bra, og samarbeidet mellom Tokke og Vinje kommune har vore godt gjennom året. Endring til krav på legevakt har hatt konsekvensar, og gjer at det framleis brukast ein del bakvakt for dei legar som ikkje har legevaktskompetanse. Legar kan søkje om fritak frå vakt frå 55 års alder, noko som gjer at det kan vera aktuelt for enkelte legar i Tokke

commune etterkvart. Det vil skape utfordringar med bemanning i åra som kjem. Trenden med at fleire legar ynskjer færre vakter held fram, og det er avtalt at vi i saman med Vinje kommune skal sette i gang med ei utgreiing om alternative driftsmodellar for legevakt. Arbeidet har dessverre blitt utsatt på grunn av pandemien.

For året 2021 har det totalt vore 4865 som har tatt kontakt utanom kontortid på vakt. Av dette er 19 % Tokke innbyggjarar, 55% Vinje innbyggjarar og 26% gjestepasientar. Talet ligg på same nivå som dei siste åra.

Det kjem eiga årsmelding frå legevakta.

## Prosjekt

Prosjektet desentralisert kreftbehandling har gått vidare i ein ny fase. Haust 2021 vart det laga vedtak om varig drift, saman med Vinje kommune. I løpet av året fikk vi saman med Vinje kommune også støtte til ei kompetanseutvikling av palliasjon og lindrande behandling. Midlane var tildelt av Statsforvaltar i Vestfold og Telemark. Så godt som all fast personale har fått tilbod om kompetanseheving i løpet av året.

Det har i 2021 vorte søkt etter eksterne midlar. Fysioterapitenesta har gjennom tilskot til kommunale frisklivs-, lærings- og meistringstilbod fått innvilga kr.165 000,- som har gått til innkjøp av frisklivsutstyr, Triobike taxi til bruk på helse- og omsorgssenteret inkl. omsorgsbustader, samt Nustep sittesykkel. Kr. 25 000,- av midlane er overført til 2022.

I tillegg er det vorte søkt om midlar til besøksvert og aktivitetstilbod til personar på sjukeheim og institusjon, og det vart innvilga kr.300 000,-

Psykisk helse og rus har og fått tildelt midlar frå Statsforvaltar. Både for å oppretthalde drift i pandemitida og til Samarbeidet rundt pilegrimsvandringa «Vandre med håp» . I tillegg fekk psykisk helse og rus tilskot, statlege koromamidlar kr 170 000.- Pengane vart nytta til ekstra personell (20% stilling) for å organisere fleire grupper/sosiale møteplassar for psyke, helse/rus pasientar.

Prosjektarbeidet rundt samarbeid mellom tildelings(tjeneste)kontor har halde fram i 2021. Her har også Seljord kommune blitt med. Arbeidet er leia av samhandlingskoordinator.

## Fysioterapi/Ergoterapi/Rehabilitering

Året 2021 har vore prega av redusert bemanning i fysioterapitenesta. I perioden frå januar til mai mangla det 100% stilling. Frå juni har ein lokal fysioterapeut vore inne i 40% stilling som vikar. Redusert bemanning har ført til høg arbeidsbelastning og redusert fysioterapi- og frisklivstilbod gjennom heile året.

Fysioterapitenesta har i 2021 gitt teneste til 78 pasientar (ikkje medrekna 5 mnd. kontroll, 1.klassekontroll og gruppetime gjennom Frisklivssentralen). Av desse er det nokon som får teneste ein kort periode, medan andre får oppfølging fleire gonger i veka over fleire månader. I tillegg er nokre av pasientane tilvist fleire gonger for ulike problemstillingar.

Målgruppe	Tal brukarar
Friskliv individuelt	2
Korttidavd. Helsesenteret	23
Langtidsavd. Helsesenteret + omsorgssenteret	10
Heimebuande	18
Kvardagsmeistring	7
Skulehelsetenesta – barne- og ungdomsskule	8
Skulehelsetenesta – vgs	10

## Kommunale fysioterapioppgåver

Kommunale fysioterapeutar skal yte teneste til pasientar på helse- og omsorgssenteret og i heimen. Mykje ressursar vert brukt på korttidsavdelinga på helsesenteret, og 23 pasientar har hatt behov for oppfølging over både kortare og lengre tid, noko som er ei auke frå året før. Gjennom heile året har det vore oppfølging av fleire personar med omfattande rehabiliteringsbehov, og om lag ei 20% stilling er bruka på desse pasientane gjennom året. Balanse- og styrkegruppe for heimebuande eldre har ikkje vore mogleg å gjennomføre grunna ressursmangel. Kvardagsmeistring har vore eit tilbod store delar av året i samband med ergoterapeut og heimesjukepleia, og fleire har nytta seg av tilboden om 4 vekers oppfølging for å meistre kvardagen heime. Desse har hatt god effekt av treninga.

Fysioterapeut er del av skulehelsetenesta og helsestasjon. Fysioterapitenesta har gjennom året gjennomført 3 stk. 5 mnd. kontollar på helsestasjonen, samt 1.klassekontroll av alle fyrsteklassingane i Tokke. Utanom dette har det vore oppfølging av born etter behov, samt oppfølging av born med medfødde motoriske utfordringar kvar veke. Fysioterapeut er koordinator for 2 ansvarsgrupper, og har til saman delteke i 3 ansvarsgrupper med møte 4 gonger i året. I år vart det ikkje gjennomført besök i alle barnehagane som planlagd grunna redusert bemanning både i fysioterapitenesta og på helsestasjonen. På slutten av året har fysioterapeut saman med ergoterapeut vore innom 1.-7.klasse ved Høydalsmo skule for å stille inn stolar og pultar, og gitt informasjon til lærarar og elevar om hensiktsmessige arbeidsstillingar.

På hausten var ein fysioterapeut saman med andre representantar frå skulehelsetenesta på vidaregåande skule på Dalen for å presentere skulehelsetenesta og lågterskeltilboden til elevane. I tillegg vart det gjennomført ope dag 3.sept kl.8 -12 der elevane kunne kome til fysioterapeut med ulike problemstillingar.

## Frisklivssentralen

Våren 2021 var ei svært hektisk tid med berre ei 100% stilling, og det var difor ikkje mogleg å prioritere førebyggjande arbeid gjennom Frisklivssentralen. Det var ei kort periode i løpet av august/ september der det var full bemanning, og det var då moglegheit for å tilby sirkeltrening for nokre veker. 40+ og oppslutnad, medan det har vore få som har nytta seg av tilboden 40+. Gjennom heile året har det vore tilbod om individuell oppfølging i høve kosthald, fysisk aktivitet og snus- og røykeslutt, medan det ikkje har vore mogleg å gjennomføre 12 veker reseptgruppe verken på våren eller sumaren.

## Ergoterapitenesta

Hovudfokuset i ergoterapitenesta er hjelpemiddelformidling, tilrettelegging og oppfylging av pasientar i områda bevegelse, syn, hørsel og kognitiv funksjon. Det gjeld pasientar både på institusjon og heimebuande. Spesielt mykje oppfylging av hørselshemma, samarbeider jamleg med ambulerande audiograf frå ØNH. Har og hatt samarbeid med logoped frå sjukehuset, som har hatt vugleing ift enkeltpasientar. Samarbeider lokalt med fysioterapitenesta og heimesjukepleia om pasientar som treng m.a. tilbod om kvardagsmeistring og rehabilitering. I periodar har ergoterapeut vore på Venestoga ein dag i veka, eit dagtilbod for heimebuande.

På hjelpemiddelområdet er det nå innført digital søknadsprosess på enkelte hjelpemiddel, dette har vore ei stor forbetring og er langt meir effektiv. Formidlingsprosessen byrjar med vurdering, søknad, utprøving, tilpassingar og oppfylging.

Frå våren -21 har utlevering, montering og henting av hjelpemiddel og vore ei av oppgåvene, då det ikkje har vore nokon i heimevaktmeisterstillinga. Dette har gjeve stor belastning og mange utfordringar, både i tid og gjennomføring. I oppgåvene til heimevaktmeister ligg og ansvaret for tryggleiksalarmer. Dette har vore løyst med at ei frå heimenesta har sett seg inn i dette og arbeider med det ein dag i veka. Ergoterapeut fekk og ein kort periode hjelp frå teknisk etat ein dag i veka, som kunne vere med på dei tyngste oppgåvene. Det er mykje ekstraarbeid med å halde i orden korttidslager og vask / istandsetting av hjelpemiddel, i tillegg til ergoterapioppgåvene.

Ergoterapeut er leiar i Rådet for menneskje med funksjonshemmingar.

## Psykisk helse og rus

Psykisk helse har i 2021 gitt tenestar til 156 pasientar.

**Talet på tenestemottakarar med oppfølging/ tenester frå psyk. sjukepleiar/vernepleiar 2021**

Aldersgruppe	Menn	Kvinner	Begge
7-17 år	9	21	30
18-30 år	9	24	33
31-49 år	19	20	39
50-66 år	13	23	36
67-74 år	3	8	11
75-79 år		4	4
80-84 år	1	2	3
totalt	54	102	156

**Utvikling i talet på tenestemotakarar**

	2019	2020	2021
Totalt	128 pasientar	135 pasientar	156 pasientar

**Alvorleg psykisk lidning:** Om lag 20 pasientar er å rekne i gruppa alvorleg psykisk sjuk. Dei har behov for tett og tverrfagleg oppfølging over tid. Vi har tett samarbeid med spesialisthelsetenesta. På den måten får ein god kompetanseoverføring og kjennskap til den enkelte pasient. Nokre pasientar er ikkje i stand til behandling, men treng gode

omsorgstenester, tilrettelagt bustad, arbeids og aktivitetstiltak mv. Her blir det viktig med godt tverrfagleg samarbeid i kommunen.

**Lettare til moderat psykisk lidning.** Dei som kan få behandling i kommunen skal ha det. Dei som treng spesialistbehandling vert vist til det. Psykisk helse gir samtalebehandling til menneske som strevar med angst, depresjon, livskriseproblematikk, langvarig sjukemelding, sorg, mv

**RUS:** Avdeling gjev oppfølging til menneske med rusproblem (illegale rusmidlar og alkohol). Dei treng tett oppfølging og tverrfagleg/tverretatleg samarbeid. Det er viktig å jobbe tett med nettverket rundt pasient.

**Barn og unge med lettare og alvorleg problematikk.** Barn, unge og familiær som strevar er eit viktig satsingsområde. Psyk. helse har individuell oppfølging med terapeutiske samtaler, er med i tverrfagleg samarbeid, og deltek i grupper for utvikling av gode tenester og eit godt oppvekstmiljø.

**Psykososialt kriseteam** var utkalla i samband med 4 kriser. Dette vedkjem mange menneske. Familie, pårørande, vener og lokalsamfunn vert ramma. Nokre treng oppfølging over tid. Vi jobbar tverrfagleg med å gi dei ramma best mogleg hjelp. Mange av dei som fekk oppfølging er ikkje med i statistikken, da dei ikkje har vedtak om teneste.

Det har vore litt ustabilt med psykolog. Ein av dei tilsette gjekk ut i permisjon i april 2021, og har sidan sagt opp stillinga. Psykologane jobbar tett med helsetenesta i kommunen. Det er etablera barne og ungdomsteam for tverrfagleg drøfting. Målet er at ein skal sørge for riktig hjelp til dei som treng det.

Fleirtalet av dei som får oppfølging har behov for individuelle tiltak. For dei fleste handlar det om terapeutiske samtaler. Psykisk helse er eit lågterskelttilbod der den enkelte sjølv kan ta kontakt, og få avtale innan om lag 14 dagar.

Nokon har behov for burettleiring, hjelp med praktiske ting, organisering og koordinering, individuell trening og eksponering, saman med miljøterapeut. . Dette er viktig, og kan vere ein god behandling.

Noko miljøterapi skjer i grupper. Ein skaper gode sosiale arenaer for menneske. Psykisk helse har fleire grupper med forskjellig fokus, t.d middagsgruppe, friluftsgruppe, samtalegruppe, sorggruppe mv. BABU er eit godt hus for grupper.

Ein ser og at koronasituasjonen gjer at fleir får det vanskeleg. Mangel på sosial kontakt, uro for dei ein er glad i , uro for sjølv å bli sjuk, uro for framtida er utbreidd. Ungdom strevar med isolasjon, mangel på møteplassar. Vi meiner å sjå ei auke i angst og depresjonsproblematikk.

Kommunen søkte og fekk ekstra tilskot, statlege koronamidlar kr 170 000.- Pengane vart nytta til ekstra personell (20% stilling) for å organisere fleire grupper/sosiale møteplassar for psyke, helse/rus pasientar.

### **Pilgrimsvandring:**

Den årlege pilegrimsvandringa for Vest-Telemark vart gjennomført. Prostidiakonen organiserer vandringa i samarbeid med psykisk helseteneste i kommunane.

Koronasituasjonen gjorde planlegging meir krevjande med tanke på smittevern. Vi såg at

dette året vart det ekstra viktig å gjennomføre vandringa. Vi søkte statsforvaltar og fekk 65 000,- i støtte. I år vart vandringa 3 gode dagar på fjellet. Vandringa vart gjennomført med ein solid frivillig innsats av tilsette i psykisk helseteneste.

Samhandlingsgruppa for fagleiarar i psykisk helse/rus. Her arbeider ein med å skape god felles forståing, utveksling av erfaring og kunnskap, samarbeid om prosjekt o.a. I einskilde situasjonar jobbar vi saman rundt pasient. (Samhandlingskoordinator Kari Gro Espeland leiar gruppa)

Psykisk helse har fokus på fag. Ein nyttar tilbod frå fylkesmannen, Sjukehuset Telemark, KORUS, RVTS mv for å sikre at kommunen utøver ei forsvarleg teneste. Samarbeidet med Sjukehuset Telemark er særskilt viktig.

Psykisk helse har gjennom året også gjeve rettleiing til andre einingar i kommunen.

## Helsestasjon, skulehelseteneste og jordmor

Melding frå regjeringa var at helsestasjonstenesta skulle gå som normalt, og det har etaten lagt vekt på gjennom heile perioden.

Helsestasjon har hatt færre ressursar enn normalt gjennom 2021 på grunn av at to av sjukepleiarane var under utdanning, i tillegg til at ein helsesjukepleiar var sjukmeldt 100 %. Helsesekretær har vore stasjonert meir enn vanleg på helsestasjonen for å klare å halde helsestasjonen open. Avdelingsleiar helse har sidan september hatt fagleiaransvaret.

Det har naturleg nok vore redusert etterspurnad om reisevaksine i året som gått.

Det har innan vårt ansvarsområde vore i overkant av 500 barn og unge fra 0-21 år.

Helsestasjon har som alle andre etatar tatt del av opplæring og etablering av BTI (betra tverrfagleg innsats).

Jordmortenesta held fram som før med ein fast kommunal del og deltaking i jordmorvaktsamarbeid i Vest Telemark. Dette vil seie at jordmor er på helsestasjonen i Tokke 40 % og 60% vakt i jordmorsamarbeidet. Jordmortenesta har fylgd opp 25 gravide gjennom året med heimebesøk og etterkontrollar. Jordmor driv òg med kvinnehelse i samarbeid med legekontoret med blant anna celleprøve og prevensjon. Jordmor har også deltatt i helsestasjon for ungdom og skulehelsetenesta.

Helsestasjon 0-5 år har fylgt opp 108 born, og fleire har hatt ekstra oppfølging, blant desse fleire flyktningbarn. Helsestasjonen har språkkartlegging for alle born ved 2 og 4 år. Fleire born født i 2021 enn året før. Administrasjonsarbeidet er stabilt sjølv om barnetalet varierer. Helsestasjonen har årlege samarbeidsmøte med tannhelsetenesta, som ein del av den systematiske oppfølginga. I tillegg samarbeid med barnevernet.

Det har vore gjennomført 7 barselgruppessamlingar og 18 helsestasjonsdagar med lege og fysioterapeut. Det har vore lagt vekt på foreldrerettleiing med element frå TIBIR, PMTO og COS-P.

Barnevaksinasjonsprogrammet har nær 100% oppslutnad.

Skulehelsetenesta for grunnskulen har hatt fast treffetid 2,5 t per vike ved Høydalsmo og 2,5 timer på Tokke skule. Standard vaksineprogram er fylgd gjennom året. Ein har gjennomført trafikktryggleiksprosjekt i 4. klasse som normalt, individuelle samtalar med alle i 8 og 10.kl., og dessutan gjennomført undervisning om ulike tema ved etterspurnad.

Skulehelsetenesta på vidaregåande har hatt fast treffetid måndagar og torsdagar. Skulehelsetenesta har samarbeida med skulen og andre tenester om oppfylging av hybelelevar. Som tidligare år har alle avgangselevane fått tilbod om vaksine mot hjernehinnebetennelse, der ein stor del takkar ja til vaksine. Helsesjukepleiar har vore med på VIP prosjektet saman med psykisk helse, som er eit program om psykisk helse retta mot vidaregåande elevar.

Skulehelsetenesta har òg hatt opplæring av smittevern med elevar.

Helsestasjon for Ungdom (HFU) har hatt opent 2 timer kvar torsdag, og dessutan ekstra dagar ved behov, i samarbeid med psykisk helse, lege og jordmor. Stabilt og jamt påtrykk, men ein ser her at det er flest planlagde konsultasjonar og at det er større påtrykk i trefftid på skulane.

Ein ser ei tydeleg auke i etterspurnad av tenester. Skulehelsetenesta har eit tett samarbeid med psykisk helseteneste med faste samarbeidsmøte. Det er etablert ein praksis med lågterskel tilbod der ein ikkje treng tilvising frå lege. Det er etablert eit barne- og ungdomsteam der helsestasjon, psykolog, barnehage og sosiallærar deltek for å fylgje opp barn og unge.

Helsestasjonen har òg ansvar for oppfylging av barnehabilitering, med mål om å koordinere og skape heilskapelege tenester for barn og unge 0 -18 år. Helsestasjon er koordinator for 4 grupper.

Ansvarsgruppe	Tal gr	Møte	IP
Førskule	1	2	
Grunnskule	4	16	2
Vidaregåande	1	2	0
I alt	6	20	2

Helsestasjonen har på grunn av redusert kapasitet overført koordinatoransvar for nokre ansvarsgrupper til andre faggrupper. Ein har også redusert talet på barselgruppessamlingar frå tilbod om 6 grupper per barn til 3 grupper per barn. I tillegg har det vore fleire avvik p.g.a. at vi ikkje har vikar til å sette inn på treffetid på skulane, samarbeidsmøter etc. ved studieveker og anna fråvær. Tilsette er fleksible, og har sett inn ressursar der behovet er størst.

Helsestasjonen har deltatt i koronavaksinering som har ført til noko nedprioritering av andre oppgåver.

Helsestasjonen og skulehelsetenesta fekk tildelt prosjektmidlar frå Helsedirektoratet til styrking og utvikling av helsest. –og skulehelsetenesta. Midlane har vore brukt til å halde fram med 1 1/2 faste dagar på vidaregåande, men p.g.a. ressursmangel har det vore vanskeleg å nytte alle midlane. Dette er tilskot som vert overført vidare til 2022.

### *Utfordringar helsestasjon og skulehelsetenesta 2022*

Behovet for samarbeid rundt barn i alle aldrar aukar. Behovet for utvida treffetid på grunnskulane 1.-10. trinn aukar. Skulehelsetenesta ynskjer å auke trefftid på Tokke skule til 1 dag/veke, og Høydalsmo skule til 1dag/ veke. Vi ser at då er helsesjukepleiar meir

tilgjengeleg gjennom dagen, og at ein kan utføre møter og journalarbeid medan helsejukepleiar er på skulane.

Behov for å etablera arbeid med kompetanse for rettleiing (COS-P). Viktig å få i gang tilbod om COS-P til foreldre og barnehage/barneskule som etterspør, og som eit lågterskel tilbod der foreldre kan melde seg på.

Ein ser ei auka tendens av etterspurnad av tenesta frå ungdom.

## Institusjon

Det har ikkje vore stor endring i pasientgruppa i 2021. Det var 5 dødsfall og 1 av desse hadde langtidsplass. Dei 4 andre var på korttidsplass. Dette gjer at det er lite sirkulasjon i pasientar og dermed blir det vanskeleg med nok plassar for dei som treng.

2021 var teneste på natt lagt om og ein brukar nå personale på tvers av omsorgsavdelingane. Det var redusert med 1,87 stillingsheimlar, der 0,4 var spart inn og 1,37 var lagt inn på avdeling, for å styrke demensavdelinga. Omlegginga har gått bra. Auken på demensavdelinga har vore naudsynt og gjev ei betre oppfølging med sjukepleiar for dei mest sårbarane. Å andre sida, m å ein observere at auken av heimebuande pasientar kan på sikt gje auka behov for natteneste.

På institusjon finn ein dei tyngste og sjukaste pasientane i kommunen. Dette er ei stor fysisk og psykisk belastning for personalet å handtere. Nokre av desse er utagerande, og det blir mykje vald og truslar dei tilsette blir utsette for. I 2021 hadde me 3 vedtak om tvang. God bemanning og kompetente fagpersonar er viktig i denne samanheng. Institusjon hadde 16 pasientar med demensdiagnose i 2021. Det er bare 7 plassar som er tilpassa demente. Behovet for fleire slike plassar er stort. Demenssjukdom kan råke på ulike måtar. Dei fleste krev ekstra ressursar. Det handlar til dømes om uro, vald mellom pasientar, tilsette blir utsette for vald. Nokre treng konstant tilsyn av ulike grunnar, mange treng også skjerming og små miljø.

Vi har ei korttidsavdeling med 4 korttidsplassar og eit avlastningsrom. I periodar har det vore behov for fleire korttidsplassar. Denne avdelinga krev i periodar høg kompetanse då det er her dei mest komplekse tilfella frå sjukhus kjem. Det er og til tider mykje tidkrevjande prosedyrar og mykje dokumentasjon.

Det er pleiefaktor 1 på institusjon. Ein må då ta med at mykje tid går til kjøkkenarbeid. Det er innført ekstra måltid slik at det nå er 4 måltid i døgnet. Kvar avdeling har eige avdelingskjøkken der pleiepersonell har ansvar for alt rundt servering, oppvask og vask av kjøkken. Den reelle pleiefaktor er derfor ikkje 1. Det er heilt nødvendig med ei gjennomgåing av bruk av kompetanse, slik at ein kan sjå på tiltak for å frigjera helsepersonell i større grad. Det er ein stabil arbeidsstab på institusjon med høg kompetanse. Mange har lang erfaring. Ved utgangen av 2021 har institusjon 10 sjukepleiarar, 26 fagarbeidarar og 2 assistenter. Vi har nytta årsturnus sidan 2018, og det verkar som dei tilsette er nøgde med dette, så det held vi fram med. Årsturnus har medført stor auke av fulle stillingar.

Det har vore nok eit år prega av pandemi og strenge restriksjonar. Smittesituasjonen har medfører stort forbruk av smittevernustyr. Det har i 2021 stått klar ei kohortavdeling som kan

ta imot pasientar som treng behandling i eigen kommune. Pasientar med symptom må isolerast og handsamast med fullt smittevern. Dette er meir tidkrevjande og belastande for personalet og pasientane.

Vi har hatt 52 døgn med overliggjar på sjukehus. 38 døgn med pasient i Fyresdal og 30 døgn overliggjar på KAD Vinje.

Behov for stødig bemanning er stor som følge av aukande mengde demente og pasientar med komplekse tilfelle. Utskrivingsklare pasientar frå sjukehus kjem tidlegare til kommunen etter samhandlingsreforma. Kommunane får no pasientar som før låg på sjukehus eller i spesialisthelsetenesta mykje tidlegare i sjukdomsprosessen. Lenger levetid og betre behandling gjev fleire komplekse og därlege pasientar, og det krev både meir bemanning og kompetanse. Dette er utfordrande, men det skaper også ein meir spennande arbeidsplass der tilsette må halde seg oppdaterte og utføre kompliserte prosedyrar.

#### *Utfordrningar framover for institusjon*

- Auka behov for demensplassar
- Ombygging for å tilfredsstille krav om eiga bad
- Rekruttere og behalde tilsette
- Fylle opp sjukepleiarstillingar



## Kjøkken

Kjøkkenet lagar mat for 28 pasientar på institusjon, og 16 pasientar på omsorgssenteret. I tillegg steller ein middag til heimebuande. Det siste året har denne gruppa auka, og det vart sendt ut 591 middager i 2021, ca 64 middagar per dag med dessert eller kake. Pasientar på dagavdelinga har tilbod om frukost og lunsj og middag.

Kjøkenet leverer møtemat på bestilling til kommunen, og har ein frukostbufe, samt torsdagslunsj for tilsette.

Nytt kjøken som er fullrenovera var innflyttings klart i januar 2021, fungerer svært godt. Det har blitt eit flott kjøken som er praktisk inndela i arbeids soner og veldig god ventilasjon . Nesten alt utstyr er nytt.

Ein ser at det er fleire som får tildelt mat som ei helse og omsorgsteneste. Saman med omlegging av måltider, kan det på sikt skape behov for auka ressursar. Kjøkkenet sparte inn ei 20 % stilling 2021, det har vore merkbart.



## Heimetenesta (omsorgssenteret og heimesjukepleia)

### ***HEIMETENESTA (OMSORGSENTERET, HEIMESJUKEPLEIA OG N2)***

Det er særmerkbart at arbeidet i heimetenesta aukar i kompleksitet og omfang.

Heimebuande har eit meir samansett sjukdomsbilete nå enn før, mykje grunna høg alder på brukarane, tidleg utskriving frå sjukehus til heim og manglande plassar ved Institusjon. Totalt i 2021 var det 102 brukarar som har motteke tenester frå heimesjukepleia, mot 87 i 2020. Ein auke på 15 brukarar. Dei fleste får hjelpe frå heimetenesta til ei kvar tid. Ein ser ei endring siste åra ved at dei fleste brukarane nå har besøk dagleg og ofte opp til fleire gonger dagleg. Omsorgssenteret og heimesjukepleia samarbeider nå på tvers av avdelingane, ved at fleire av personalet er meir fleksible og jobbar på begge avdelingane. Dette bidreg til at ein får nytte kompetansen på tvers av avdelingane og får meir forståing for kvarandres arbeidsdag.

Optimalt sett ville ein slå saman avdelingane til eitt ansvarsområde, men dette let seg ikkje

gjennomføre teknisk sett. Slik sett er me framleis ansvar 351 og 354, noko som skaper utfrodringar ved oppfølging av budsjett.

Grunna utfrodringar med lite personell til å jobbe på avd. J med ressurskrevjande brukar (1 til 1 bemanning 24/7), valde ein tidleg på året å flytte brukar til bustad på omsorgsenteret. Ein oppretta eige vaktrom for personalet, og det er blitt ein eigen avd. kalla N2 innanfor omsorgsenteret. Dette løyste mykje av utfrodringane kring bemanning. Dette har vore positivt både for brukar og personal. På grunn av Corona og omdisponering av personalet under pandemien på denne avdelinga, har ein nytta vikarbyrå i full stilling store delar av året.

Våren 2021 var særslig utfordrande i heimesjukepleia. Frå starten av mars til ut juni hadde vi ein svært ressurskrevjande heimebuande pasient. Dette var ein pasient som kravde avansert, klinisk sjukepleie, og der ein gjennom døgnet utførte fleire komplekse sjukepleieprosedyrar. Perioden kravde sjukepleiedekning 24/7, der ein måtte vera 2 sjukepleiarar i mange av prosedyrane. Det vart mykje overtid og ekstra innleige av sjukepleiarar denne perioden, og ein såg kor viktig og naudsynt det er med god sjukepleiedekning. Me hadde også ein periode på hausten med heimebuande svært dårlig pasient over fleire veker, der det samtidig vart coronasmitte i heimen. Dette kravde og mykje sjukepleiareressursar. Mykje overtid og doble vakter, som har hatt store økonomiske konsekvensar. Desse periodane gav ekstra belastning for fagarbeidarane, då dei måtte overta fleire av dei andre pleieoppdragene. Utfordrande periodar, men også lærerikt, og som bidreg til sjølvstendige sjukepleiarar og fagarbeidarar med høg kompetanse.

Grunna fleire langtidssjukemeldte er det nytta vikarbyrå store delar av året. Har mangla 100 % sjukepleiarstilling på natt sidan oktober og ut året grunna sjukdom. Dette fråværet vil halde fram i 2022.

Sumaren frå juli og ut ferien gjekk greitt med ein rolegare periode. Ein hadde summarvikarar som var dyktige og stabile.

Utfrodringa framover vert å ha stabil sjukepleiardekning. Ein veit at det i 2022 er minst 3 sjukepleiarar som planlegg å gå av med pensjon.

Omsorgsenteret har 15 plassar og brukarane vert pr. definisjon rekna som heimebuande. Av desse 15 brukarane er det pr. i dag bare 3 stk. som steller seg sjølv. 6 av bebuarane har i større og mindre grad kognitiv svikt/demens, med dei utfrodringar som fylgjer med denne diagnosen. Dette var særleg merkbart nokre veker i haust, då det var mykje uro, utfordrande åtferd og vandring. Ein valde ein periode å leige inn ekstra bemanning for å roe ned situasjonen. Vi ser at desse brukarane har utfrodringar og særskilde behov som ein ikkje klarer å fylge godt nok opp ved omsorgsenteret. Dette grunna utforminga av bygget og rammene som i si tid vart sett for denne type bygg og brukarar. Personalet brukar i tillegg svært mykje tid på kjøkkentjeneste. Her bør ei kompetansekartlegging gjennomførast for å sjå på kompetansefordelinga.

I februar fekk vi endeleg i gang Mobil Omsorg. Dette gjekk smertefritt, og ein har nå alle arbeidslistene/ruter med oss på Ipad. Dette lettar arbeidet og sikrar kvaliteten i det daglege, ved at ein alltid har aktuell informasjon/oppdatert medisinlister med oss ut til pasienten.

Arbeid med årsturnus starta i april - mai der alle tilsette har sett opp sin eigen turnus, der ein i etterkant har kome saman og forhandla vakter og lagt turnus for eit heilt år. Årsturnusen starta opp i slutten av november. Ser så langt ut som dei tilsette syns det går greitt, og oppdekking av vakter er meir føreseieleg. Målet er at vi skal få til 12 - timars vakter for dei som ynskjer det.

Heimesjukepleia fekk i september 4 nye arbeidsbilar. Vi har behalde den eine gamle som ekstrabil. Den vart bruka som «smittebil» under dei verste coronautbrota, veldig kjekt. Den er og til fritt utlån til andre avdelingar.

Etter tilfelle med branntilløp i frittståande bustadar, vart det i haust installert komfyrvakter i alle bustadar ved Høydalsmo alderspensjonat og bustadar på Dalen.

Etter mange år med lite tilfredsstillande garderobetilhøve for heimetenesta, fekk ein i haust på plass ny garderobeløysing på omsorgssenteret. Nå er det nye skåp til alle, og ein har fått på plass knaggrekker og skohyller. Det er og blitt kjøpt inn mykje nye arbeidsklede i år. Har endeleg fått kjøpt inn allversjakker og gode bukser, alt med Tokke kommune sin logo. Har også supplert med ein god del nye arbeidsfrakkar, grunna stor slitasje ved vask siste år på grunn av ekstra smittetiltak.

### **HEIMEHJELP**

Totalt har 71 tenestemottakerar fått heimehjelp i 2021. Ein nedgang på ca 15 frå 2020. Dette grunna overgang til anna reinhald på omsorgssenteret. Samtidig har vi hatt fokus på å avslutte tenesta til enkelte der ein ser at behovet for praktisk bistand ikkje lenger er til stades. Nokre få av desse 71 har hatt heimehjelp bare for ein mindre periode på grunn av akutt sjukdom. Dei fleste har hatt heimehjelp over fleire år. Mykje grunna pandemien og kravet til hygiene, har ein halde fram med avtala om at teknisk etat v/reinhald har utført den regelmessige vasken av leilegheitene på omsorgssenteret. Dette er vi særstakt fornøgd med, då det frigjev ressursar til pleie og behandling av bebruarane på omsorgssenteret.

Det har også i år vore utfordrande å få tak i vikar ved fråvær, og konsekvensen har vore at tenestemottakarane har fått utsett heimehjelp eller ikkje fått i det heile. Dette var spesielt merkbart ved ferieavviklinga på sumaren, der alle brukarane mista ein reingjering under summarferieavviklinga.

### **HEIMEVAKTMEISTAR**

Arbeidsoppgåvene til heimevaktmelstar er mykje retta mot utlevering, innhenting, service og reparasjonar av hjelpemiddlar. Opplæring i bruk av el-rullestolar/scooter. Opplæring og bruk av velferdsteknologi/alarmer. Heimevaktmeistar samarbeider nært med ergoterapeut.

Utfordringa er fortsatt for liten lagerplass til oppbevaring av hjelpemiddel.

Vi har i år vore utan fast heimevaktmeistar( 50% stilling) sidan april og ut året grunna sjukdom. Dette har auka belastninga på ergoterapeuten. Ein fekk til ei ordning frå sein sumar og ut året med omdisponering av personalet i 20 % stilling. Dette spesielt for å fylge opp velferdsteknologi/alarmer og for å montere nye alarmer hos brukar. Ein hadde også avtale med teknisk om utlån av ei tilsett i 20 % stilling for utkøyring av hjelpemiddel. Vi ser at det er naudsynt med heimevaktmeistar grunna mykje tunge løft og utkøyring av hjelpemiddel. Dette er arbeidsoppgåve ein ser aukar grunna at brukarar bur og skal bu lenger i eigen heim.

### **DAGAVDELING FOR HEIMEBUANDE MED DEMENS**

Utfordringane vi hadde i 2020 blei drege med vidare inn i 2021. Det var stort sett stengte dører på sjukeheimen, vi måtte avlyse faste aktivitetar og tilbodet blei tilpassa etter kvart som nye restriksjonar kom frå regjeringa. Det har gjort at vi i periodar bare hadde aktivitetar for dagpasientar.

Det har vore ei utfordring å ha det lokalet vi har når det har vore heilt nedstengt. Låst hovudinngang har gjort det vanskeleg å drifta på grunn av plassering midt i huset. Det var også ei utfordring for personell bare å ha dagpasientar på avdelinga, når mange av pasientane på sjukeheimen gjekk/trilla forbi og ville delta på det vi gjorde. Det er ingen skjermingsmoglegheiter/lås på dørene. Det bør sjåast på løysingar for å flytte dagavdelinga til ein anna del av bygget, nå som ein skal til med ombygging og oppussing på helseenteret. Våren 2021 vart det kjøpt inn ei Motiview-sykkel og gyngestol som var finansiert av tilskot frå Statsforvaltar. Motiview-sykkelen har vist seg å vere ein stor suksess, så det vart bestilt ein sykkel til, også dette var mogleg med hjelp av tilskot frå Stastsforvaltar. Det blei også kjøpt inn prosjektor og lerret, som har vore etterlengta, da ein kan sjå på filmar/program og bruke sykkelen Motiview. I løpet av sommaren fekk ein låne taxi-bike av Fyresdal Frivillighetssentral. Denne var i bruk heile våren og litt av sommaren. Pasientane likte godt denne sykkelen og mogleheitene det gav for å oppleve nærmiljøet. Fysioterapeut søkte igjen midlar, så vi var så heldige å få kjøpt Taxi-bike hausten 2021.

I sommar var dagavdelinga så heldig at dei fekk besøk av TV programmet Truls à la Hellstrøm, som var på Dalen for ei filminnspeling. Pasientar frå fleire avdelingar var med på grillfest, og mange sette stor pris på besøket.

Det er gjort ein stor jobb med å luka, reinsa heller og halde hagen fin heile sommaren. Dagavdelinga fekk sponsa vårlaukar til atriet av Tokke og Vinje hagelag. Vi hadde også 2 potetgrautfestar av potetene vi hadde sådd i pallekarmane.

Under sommaren vart det leidt ein bil, slik at nokre pasientar kunne få komme seg ut på nokre småturar. Det er stort behov for ein eigen buss på avdelinga. Det ville spare bruken av drosje og gje avdelinga fleire mogleheter for aktivitet.

## Åheim bufellesskap



Også 2021 har vore eit utfordrande år med tanke på pandemien. Sjukefråvær og mangel på personell har vore eit stort problem gjennom heile året, og det har vore vanskeleg å dekke opp med kvalifisert personale. Det har vore noko langtidsfråvær, permisjonar og mykje korttidsfråvær. Dette har resultert i behov for vikarbyrå og mykje bruk av overtid. Stillingar har vore utlyst, men det har vore få søkerar til stillingane.

Ein ser også konsekvensar for brukargruppa i form av helsemessige utfordringar som utfordrande åtferd, einsemd og depresjon på grunn av pandemien. Mange tilbod har falt bort, og det har vore generelt mindre aktivitet. Ein

brukar har framleis redusera tilbod frå KVITO.

Det var vedtatt ei reduksjon på 0,2 stilling på Åheim 2021, som har hatt noko konsekvensar for grunnbemanning og har gjort tenesta noko meir sårbar. Fagutvikling og kurs vore

nedprioritert på grunn av mangel på personale. Ein har starta prosessen med å gå gjennom den nye nasjonale rettleiarene «Gode helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming», og vil fortsette dette arbeidet inn i 2022. Vi ynskjer å kvalitetssikre vedtak opp mot denne rettleiarene og lage gode prosedyrar og system til beste for brukar. Den politisk vedtatt gjennomgåinga av tenesta har ikkje vore gjennomført på grunn av kapasitetsmangel. Det blir tatt med vidare inn i 2022.

BABU (dag/arbeids – tilbod) har opparbeida seg gode rutinar og arbeidsoppgåver. Ein har framleis eit veldig godt samarbeid med Røde Kors der ein hentar og sorterer flasker. Dette er hovudinntekta til Røde kors som gjev dei moglegheit til utvikling og innkjøp av nødvendig utstyr. I 2021 har BABU levert pant for 612 750,-. Mykje av inntektene går til Røde Kors, men BABU får også ein god del av inntektene, som etter kvart er tenkt å brukast til ny bil. Dei har også «spreia glede» både til påske og jol, med mange positive attendemeldingar. Det største prosjektet til BABU i 2021 var likevel å ruste opp og halde ved like området på Tangane ved Soria Moria. Det har vore ein stor og krevjande jobb med eit fantastisk resultat. Området har blitt mykje nytta av innbyggjarar og turistar både sumar og vinter. Dette vil vi halde fram med i 2022.



For helse og omsorg kører BABU blodprøver til Åmot kvar fredag, hentar og leverer medisin frå Coop til legekontor/helsesenter/omsorgsenter kvar veke, hentar kreftmedisin og smittevernustyr i Seljord, ber ved/kører sand for heimebuande ved behov og kører post. Dette sparar avdelinga for utgifter og bruk av personale.

Utfordringane for BABU har vore lokale, men dette har heldigvis løyst seg i løpet av 2021. Røde Kors har fått nytt korpshus der BABU har fått eit eige rom. Den gamle bussen vi brukar på BABU er også ei utfordring. Ein er avhengig av bil i arbeidet på BABU, men bussen er gamal og i dårlig stand. Det kan hende at BABU etterkvart kan få råd til ny bil med inntektene som kjem frå flaskehenting.

På Åheim er det framleis utfordring å rekruttere og behalde vernepleiarar. Fleire tilsette ynskjer seg over på dagarbeid og vekk frå turnusarbeide. Det er ikkje lett å kombinere familieliv med mykje arbeid på kveld og helg.

Ein ser også at behovet i brukargruppa endrar seg. Lange dagar på KVITO med buss tur – retur blir for krevjande, og behovet for eit enda meir tilpassa tilbod gjer seg gjeldande blant fleire av brukarane. Det er stadige auke med 12 timars vakter, for å imøtekome behovet for meir tilrettelagte tenester og for å utnytte personalressursen maksimalt når behovet er der. Også Åheim skal sjå på fordeling av arbeidsoppgåver og om nokre arbeidsoppgåver kan skuvast til natt, slik at tid blant personalet på dagtid kan nyttast til pasientretta oppgåver. Ein har også starta ein prosess med årsturnus som vi håpar vil vere klar i 2022.

## Utfordringar for etaten frametter:

- Rekruttere og behalde fagpersonale
- Arbeid med omlegging frå institusjonsbaserte tenester til heimebaserte tenester
- Kartlegging av fastlegetenesta og vurdering av legevakt
- Systematisk folkehelsearbeid og førebygging
- Informasjon og dialog med innbyggjarar




## Planområde 4 - Plan, næring og teknisk



Kommunalsjef,  
Gunhild Austford

Etaten har hatt eit år med stor aktivitet. Korona-pandemien har sett sitt preg også på dette året, med omkalfatring av oppgåver og ressursar. Me er ein etat med stor breidde i fagfelt, der me jobbar både med forvaltningsoppgåver, utviklingsarbeid og drift av bygg og anlegg.

Samla sett meiner me at etaten har levert gode tenester i 2021.



### Personalstoda

Me har stadig utskifting av personell, særleg i samband med at tilsette går av med pensjon. Vidare har det vore permisjonar i løpet av året, som er vanskeleg å erstatte på kort sikt på grunn av krav til kompetanse. Me blir fort sårbare i slike situasjoner. Med positive og fleksible arbeidstakrar som er villige til å endre oppgåver og/ eller ta på seg nye i kortare periodar, syns me at dette trass alt er løyst på ein framifrå måte. Det inneber likevel at visse oppgåver må utsetjast i tid, for at dagleg drift skal kunne prioriterast. Rekruttering av nye tilsette går stort sett bra, og me registrerer t.d. på reinhald at det er mange søknader på

ledige stillingar. Det er òg stor interesse for å ta fagbrev for dei som ikkje har det, noko som er veldig positivt.

## Driftsresultat

PLANOMRÅDE 4 – DRIFTSREKNESKAP 2021						
Ansvar	Tekst	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Revidert budsjett 2021	Avvik	Forbruk i %
<b>410</b>	Plan- og næring - administrasjon	3 680 779	3 299 405	3 610 999	-69 780	102
<b>451</b>	Landbruk	499 286	367 279	441 679	-57 607	113
<b>452</b>	Kommuneskogen	17 671	-12 012	-12 012	-29 683	-147
<b>453</b>	Turistføremål	564 674	642 717	642 717	78 043	88
<b>454</b>	Næringsstiltak	1 624 814	-334 979	1 994 025	369 211	81
<b>455</b>	Ymse(viltforv.,syss.pro sj.)	48 740	338 171	295 983	247 243	16
<b>460</b>	Kart og oppmåling	17 518	743 857	743 857	726 339	2
<b>500</b>	Utviklingsutvalet	108 481	78 066	78 066	-30 415	139
<b>510</b>	Teknisk sjef - felles	20 134	0	0	-20 134	0
<b>519</b>	Avg.pl.sal - teknisk	-41 016	-25 004	-25 004	16 012	164
<b>530</b>	Maskinpark	278 931	155 020	155 020	-123 911	180
<b>541</b>	Vassanlegg	-1 159 227	-1 582 530	-1 482 530	-323 303	78
<b>542</b>	Avløpsanlegg	-2 477 955	-2 537 789	-2 537 789	-59 834	98
<b>543</b>	Renovasjon	-362 924	-400 000	-400 000	-37 076	91
<b>551</b>	Kommunale vegar	3 784 902	3 786 426	3 741 300	-43 602	101
<b>552</b>	Private vegar	10 776	0	0	-10 776	0
<b>553</b>	Gateljos	367 159	345 890	345 890	-21 269	106
<b>561</b>	Brannvern	4 121 764	3 258 798	3 590 250	-531 514	115
<b>562</b>	Feiling;brannsyn	-60 149	-178 000	-178 000	-117 851	34
<b>570</b>	Bustadføremål - felles	20 894	-6 300	-6 300	-27 194	-332
<b>580</b>	Eigedomsforvaltning - felles	-4 627	-4 996	-4 996	-369	93
<b>581</b>	Bygningar	20 073 637	14 385 258	16 675 047	-3 398 590	120
<b>582</b>	Uteanlegg	682 909	589 723	589 723	-93 186	116
<b>585</b>	Tokkestad	-378 135	0	0	378 135	0
	<b>SUM</b>	<b>31 439 033</b>	<b>22 909 000</b>	<b>28 257 925</b>	<b>-3 181 108</b>	<b>111</b>

## Kommentar til dei største avvika:

Plan, næring og teknisk etat gjekk i 2021 i eit stort underskot, i fyrste rekke innan teknisk sitt område. Me meiner dette først og fremst vitnar framleis om eit for lågt budsjett i høve til forventingar, aktivitet og vedlikehaldsetterslep. Lønsbudsjetta er tilpassa ein stor del av føring frå investeringsbudsjettet, og vedlikehaldsbudsjettet er alt for lågt i høve til mengda med bygg som er i bruk til offentleg tenesteyting.

Det blei ikkje kompensert i budsjettet for PNT igangsetjing av drift av barnehagen i Byrte.

I samband med kvartalsrapportering fekk me løyvd 270 000 til kjøp av nye golvvaskemaskiner på helseenteret. Dette var eit viktig og naudsynt innkjøp for reinhaldarane, og eit HMS – tiltak.

## Nærvær/sjukefråvær

	<b>2021</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
<b>Planområde 4</b>	<b>6,04%</b>	<b>7,08%</b>	<b>4,4%</b>
Langtidsfråvær	4,55%	5,88%	2,88%
Korttidsfråvær	1,49%	1,2%	1,52%

Hovudårsaka til underskotet er eit stort overforbruk på løn, - eller eit alt for lågt lønsbudsjett. Siste par åra ha me finansiert ei ny stilling på bygg av investeringsprosjekt, i tillegg til at andre stillingar på delar ansvar 581 også er finansiert av investeringsprosjekt. I 2021 blei stillingane i liten grad brukta på investeringsprosjekt; me måtte prioritere vedlikehald, særleg på leilegheiter, der me hadde store og akutte behov. Vasslekkasje med påfølgjande mykje arbeid i psykiatribustad, fleire lekkasjar på Tokke helsecenter m.m. Forsikringa har dekt ein del, men på fleire av jobbane har eigenandelen på 50 000 vore for høg til at det har lønt seg å bruke den	Om lag 1,0 mill. av underskotet skuldast dette
Overtidsarbeid i samband med stormen i november: Brannfolk og ute avdeling/ kommunal veg var ute på kveld og helg i samband med straumbrot og stengde vegar.	Ekstrautgifter på overtid/ løn og utstyr på om lag 200 000
Innleige av ekstra ressursar og fagfolk i samband med vakanse og personar som pensjonerte seg. Me leide m.a. inn Sweco AS til å lage SHA-plan for ljosanlegg langs Fv. 450 til Åsland, der kommunen hadde ansvaret for førebuande planlegging av anlegget.	
Overforbruk/ ekstraarbeid som følgje av korona-restriksjonar. Dette ligg baka inn i fleire av tala/ ansvarsområda på tekniske avdelingar og er difor ikkje spesifisert her.	
HMS – tiltak med innkjøp av hev/ senk-pultar blei prioritert kjøpt inn i administrasjonen	Omlag kr 100 000
Naudsynt tilrettelegging i samband med mellombels flytting av barnehagen i Høydalsmo til Lårdal, m.a. opparbeiding av parkeringsplass samt mindre ting	Omlag kr 100 000
HMS – tiltak: Vedlikehald/ forbetring av ventilasjon med å få tilluft, i samband med ombygging spinningrom og garderober Tokkehall og kontor kommunehus. Desse mangla tilluft.	Omlag kr 150 000
Gamalt utstyr som blir øydelagt og må erstattast, slik som styring av heissystem Høydalsmo	Omlag kr 70 000
Ein kald vinter gav eit overforbruk på straum i høve til budsjett	Omlag kr 360 000
Maskinførarkurs på ute avdelinga	Omlag kr 70 000
Havari på utstyr brann, brannpumpe og vifte 80 000 og nye dekk og reparasjon av tankbil	Omlag kr 80 000
Tilrettelegging av straumtilførsel og trekkerør for vasspumpe Høydalsmo skule. Dette blei gjort i samband med rulleskiløype slik at ein ikkje måtte grave opp nylagt asfalt i 2022/23.	Omlag kr 100 000

## Rapportering handlingsprogram

Mål nr.	Utfordringar og tiltak	Mål	Resultat
8.4.1	Oppstart av ny reguleringsplan Dalen og Høydalsmo. Igangsetje prosessar ved anbod evt. innleige av ressursar.	Leggje til rette attraktive areal for bustadbygging, stadsutvikling og næring.	18 bustadtomter i Høydalsmo kjøpt, regulert og prosjektert VVA. Reguleringsplan Dalen pågår.
8.4.2	Sentrumsutvikling og miljøtiltak på Dalen. Vurdere samarbeid med aktuelle aktørar kring etablering av ladestasjon. Gjennomføre forprosjekt for sykkelbygda.	Fremje attraktivitet, infrastruktur og profilering av Dalen som sentrum.	Ladestasjonar på bryggja samt ved fleire verksemder er etablert. Sykkelbygda-forprosjekt er vedteke og tiltak søkt om.
8.4.3	Aktiv satsing på landbruket i heile kommunen. Profilere satsingar i landbruksplan.	Oppretthalde og helst auke aktiviteten i landbruket og busetjinga på gardsbruk.	Me ser ei positivt auka og stor interesse for kjøp av landbrukseigedomar og småbruk.
8.4.4	Støtte opp om lokale utviklingsprosjekt og initiativ frå lag- og foreiningar.	Fremje attraktivitet, trivsel og busetjing i heile kommunen.	4,5 mill. løyvd til delprosjekt og prøvebustad 59 gr. nord – Åmdals Verk. Etablert nye gjestebrygger m.m. Lårdal.
8.4.5	Samarbeidet med reiselivsaktørane på Hallbjønnsekken for å betre profilering og utvikle sommaturismen i området. Vurdere plass for bobilparkering.	Utvikle Hallbjønnsekken som satsingsområde for reiselivet.	Samarbeid om utvikling av løpenett og informasjon m.m. er i gang saman med løypelaget.
8.4.6	Fornye maskinpark og utstyr på tekniske avdelingar for å fremje effektiv ressursbruk, trivsel og god beredskap.	Utvikle gode og framtidsretta tenester med eit effektivt driftsapparat.	Gjennomført jfr. maskinplan. Planen skal reviderast for nye periode i 2022.
8.4.7	ENØK – tiltak på bygg, god utnytting av ressursar ved å gjere mest mogleg prosjekt i eigenregi.	Miljøtiltak, stabilisere/ redusere driftsbudsjett på tekniske avdelingar.	Utskifting av delar av ventilasjonsanlegg og ljosanlegg på kommunehus.

## Koronaåret 2021

Koronarestriksjonar, omkalfatring av ressursar og ekstraarbeid for å løyse utfordringar i det daglege, har gjort året 2021 spesielt i høve til driftssituasjonen, særleg på tekniske avdelingar.

Det har vore fokus på gode tenester, fleksibilitet i løysingar og ikkje så mykje på økonomi. Dersom det har vore behov for fysiske tiltak som følgje av restriksjonar, har me utføret det – utan budsjettmidlar.

Me har brukta mykje heimekontor i dei administrative stillingane, og det har fungert godt. Møte både internt og med regionale mynde, firma og andre kommunar har mykje gått via Teams. Me ser samstundes, etter at den verste delen av pandemien har lagt seg, at folk saknar fysiske møte og det å treffast fysisk i det daglege. Det er viktig for trivsel, samhald og fagleg utvikling.

## Politiske saker

Fagutvalet landbruk, miljø og teknisk utval (LMT) hadde 45 saker til handsaming til 2021. Delegerte saker frå utvalet var 233.

PNT – etaten har òg mange saker til formannskap, særleg innan plan- og næring. Formannskapet er mynde for saker etter plandelen av Plan- og bygningslova, medan LMT – utvalet har bygningsdelen, der det meste er delegert til kommunedirektør og vidare til kommunalsjef og fagansvarlege på plan, byggjesak, kart- og oppmåling.

## Plan, kart/ oppmåling og byggjesak

### Plan

Ny planstrategi for kommuneplanperioden blei vedteke i starten av 2021. Strategien prioriterer særleg reguleringsplan Dalen, Høydalsmo og Åmdal Verk når det gjel å leggje til rette for nye bustadomter, samt rullering av kommuneplanens arealdel.

Sommaren 2021 fekk me tilsett ei ny stilling som arealplanleggar. Stillinga har som hovudoppgåve å revidere/ produsere nye reguleringsplanar og kommuneplanen sin arealdel. Arealplanane i Tokke kommune er jamt over gamle og treng revisjonar på fleire felt. Hovudfokus når det gjeld eige planarbeid i 2021 har vore gjennomføring av reguleringsplan for 18 nye bustadomter i Bakken aust – Høydalsmo og oppstart av arbeidet med prosjektering med veg, vatn og avlaup der.

Reguleringsplan Dalen blei starta opp med utarbeiding av planprogram og med avgrensing og varsel om oppstart av planarbeidet. Parallelt med dette har det vore mykje arbeid med ny programvare, oppdatering av geodata, og førebuing av plan- og analyseverktøy i etaten sitt GIS – system.

Fylkeskommunen i Agder og Vestfold og Telemark, skal gjennomføre omfattande sikringstiltak langs Fv 450 over Skafsaheia, m.a. for å auke regulariteten og ha denne vegen som trygg omkjøringsveg for Rv 9. I samband med dette blei det utarbeidd reguleringsplan for skredssikring ved Voilen, Ulsteinskreda og Lauvåsen (Valle), med formell handsaming etter PBL § 7-3, der fylkeskommunen tok det meste av planprosessen fram til slutthandsaming.

Av private planframlegg hadde me to store til handsaming; Reguleringsplan for Åmdal steinbrot og reguleringsplan for Dalaåi massedeponi-/ uttak. Til begge planane blei det fremja motsegn av Statsforvaltaren. Men der det blei stilt krav om m.a.

sedimentasjonsbasseng og anna i driftsplanen, førte det til trekking av motsegner og vedtekne planar med rettsverknad.

Det blir gjeve enkelte dispensasjonar frå kommuneplanen sin arealdel for frådeling/ bygging av hytter.

## Tilskotsordningar

Kommunale tilskotsordningar blei reviderte i 2020, og det kom til nye tilskotsordningar i høve til rasutgreiingar ved bustadbygging. Totalt blei det bruka kr 765 000,- i tilskot frå dei kommunale ordningane, der 115 000,- gjaldt tilskot til private V/A – anlegg som gjeng av eige budsjett.

<https://www.tokke.kommune.no/tilskotsordningar.505145.nn.html>

Type tilskot	Tal søknader	Tilskot	Totalt
<b>Kjøp av bustad</b>	10	kr 40 000	375 000
<b>Vøling av bustad</b>	2	Inntil Kr 50 000	75 000
<b>Bygging av ny bustad</b>	2	100 000	200 000
<b>Rasutgreiing</b>	2	Inntil 50 000,-	30 000,-
<b>Vassanlegg</b>	3	Inntil 25 000,-	60 000,-
<b>Kloakk</b>	2	25-/30 000,-	55 000,-

I samband med kvartalsrapport blei budsjettet auka frå 200 000,- til 600 000,-. Forbruket blei totalt 680 000,- for områda utanom VA.

## Byggjesak, kart/ oppmåling

For 2021 hadde me 84 byggesøknadar med stort og smått, 11 nye hytter og 3 nye bustadhushus. Resten av søknadane er i hovudsak tilbygg til hytter og hus, samt garasjar og driftsbygningar. I 2020 var det 3 nye bustadhushus og 9 nye hytter. Vi tok inn ca. 530.000,- i gebyr i 2021 mot ca. 500.000,- i 2020. Inntrykket er at det har vore særleg stor aktivitet grunna Covid19, og at mange har nytta sjansen til å få gjennomført både store og små byggjeprosjekt, sjølv med store prisstigningar på byggevarer.

Det kom ei endring i PBL frå 1 juli 2015 om ein del tiltak som nå er unntatt søknadsplikt, garasjar opp til 50m<sup>2</sup>, tilbygg opp til 15m<sup>2</sup> osv. Det verkar som at desse reglane fungerer greitt, mange ringer kommunen for å avklare om deira tiltak er innafor desse grensene. Det

er veldig mange som ynskjer å stå ansvarleg for og sende inn byggesøknaden sjølve for å spare pengar på å bruke ein ansvarleg søker. Dette er lov til på eige hus og hytte, men det medfører ein del ekstra arbeid med rettleiing i søknadsprosessen.

Det var totalt 49 oppmålingssaker i 2021. Det er innført nye funksjonar i kommunekart med analyse og befolkning. Det er tatt nye flyfoto på Dalen, Høydalsmo og Byrte i 2021.

## Landbruk og miljø

### Jordbruk

Året 2021 har vore prega av auka kostnadar, også innan jordbrukssektoren. Likevel manglar det ikkje på investeringslyst og framtidsplanar. Det er løyvd tilskot etter landbruksplan på til saman 976 000,- til oppgradering av driftsbygningar, nydyrkning og drenering.

Prosjekt	Antal søknadar	Tilskotssum
Oppgradering/tilbygg driftsbygningar	4	749 000
Nydyrkning	1	200 000
Drenering	1	27 000

Tokke kommune fekk tildela 250 000,- av Statsforvaltaren gjennom SMIL-ordninga. Ramma er fordela på 3 søknadar, 2 til restaurering av gamle bygningar og ein til rydding av gamalt kulturbete. Vi fekk også 75 000,- til tilskot til drenering. Av desse har vi brukta kr 19 500,- fordelt på 3 prosjekt.

Dei siste åra har kommunane hatt ansvar for ordninga tiltak i beitefelt. Tokke kommune har prioritert tilskot til elektronisk overvaking, sperregjerde, sanke- og skiljeanlegg, ferister og bruver. Ramma er lita og søknadssummane store. I 2021 hadde vi ei ramme på 40 000,- , og valde derfor å gje heile tilskotssummen til eitt prosjekt.

I tillegg gjekk Tokke kommune og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark inn med kr 200 000,- i radiobjølleprosjektet til Botndalen beiteland. Føremålet til prosjektet var å redusere tap av lam på utmarksbeite og kartlegge tapsårsaker.

Talet som søkte produksjonstilskot i 2021 var 65, og ein liten nedgang frå 2020 (68). Talet på føretak med husdyr held seg stabilt på 46.

I 2021 vart det seld 3 landbrukseigedomar der personane ynskete å busetje seg i kommunen. Det vart også gjeve to avslag på konsesjon med grunngjeving at det ikkje gjev fast busetjing.



Figur 1 Nydyrkingsprosjekt

## Skogbruk

Virkesprisane fortsatte å stige i 2021. Slipen er endå ikkje oppe på nivå før koronaen, men prisen på skurtømmer er høgare enn nokon gong.

Det blåste ned mykje skog under stormen som var 19. november. Mykje av skogen ligg slik til at det ikkje vil bli rydda opp i. I Tokkeåi naturreservat blåste det ned fleire tusen m<sup>3</sup> i ei flate.

Det er ein auka bekymring for oppblomstring av barkebiller. Tøminga av barkebillefellene i Tokke på forsommaren synte ei barkebillestamme i vekst. Ved dei neste tømingane hadde talet på biller blitt redusert. Det er meir barkebiller enn ved normalår, men ikkje alarmerande. Skogeigarane oppfordrast til å sjå etter skogen sin for å kunne oppdage angrep tidleg. Det er også anbefalt frå landbruksdirektoratet å hogge hogstmogen gran.

Det blei sett ut 70 350 planter og utført ungskogpleie på 118 dekar. Dette er ein nedgang frå 2020.

## Utmark

Tildelinga av elg var lik for 2020 til 2021. Felte elgar gjekk ned frå 170 i 2020 til 162 i 2021. Fallvilt av elg auka frå 16 i 2020 til 31 i 2021.

For hjort auka avskjottinga frå 68 till 71. Det er ikkje registrera fallvilt av hjort i 2020 og 2021. Det er fortsatt mogeleg å nytte seg av Tokke kommune si side på inatur.no til å selje småviltjakt og fiskekort. Byrtevatn blei med på ordninga i 2021.

Merkeprosjektet i villreinområdet Setesdal Austhei held fram.

## Klima og miljø

Arbeidet med felles klimaplan for Vest-Telemark held fram. Planen blei sendt på høyring i november 2021, og skal sluthandsamast i 2022. Det blei installert ladepunkt til båt og bil på bryggeområdet på Dalen. BKK eig og driftar anlegget. Det blei også installert ladepunkt for båt og bil i Lårdal. Desse er eigmend til Lårdal vel.

Tokke kommune løvvde 1 million kroner til utbygging av ladepunkt til bil. Næringsdrivande som har kundar/besökande kan søkje tilskot til slik utbygging.

Kanallotteriet fortsette i 2021. Det blei samla inn over 30 sekkar med eigarlaust søppel.

Endringa frå tidlegare år var lokal premiering. Skuleungdommen var spesielt flinke til å samle inn søppel.

Tokke kommune er med i Klima- og energinettverket i Vestfold og Telemark, gjennom signert Klimaavtale. Gjennom nettverket forpliktar kommunen seg på klimaarbeid, og kan få hjelp til mellom anna å lage klimarekneskap og klimabudsjet. Formålet er å få ned offentlege utslepp av klimagassar.

Klimarekneskapen for 2021 syner ei auke i klimagassutslepp på 5 %. Dette skuldast auka mengde restavfall og auka forbruk av straum. Korona må ta skulda for auken i restavfall. Auken i straumforbruk skuldast nok lang kuldeperiode januar og februar. Forbruk av drivstoff

på kommunale tenestebilar og tal km. køyregodtgjersle til kommunalt tilsette gjekk ned frå 2020 til 2021. Det er desse 4 faktorane som er nyktala i klimarekneskapet.

Klimaregnskap 2021							
Energivare	Beskrivelse	Forbruk	Enhet	Faktor kg CO2/enhet	Utslipp 2021	Utslipp 2020	Endring siden forrige år %
<b>Klimafokus 1 (Scope 1):</b>							
<i>Stasjonær forbrenning</i>							
Biobrensel (flis, pellets)	Oppvarming bygg		kWh	0			
Naturgass	Oppvarming bygg		Sm³	1,99			
<i>Egne kjøretøy og maskiner</i>							
Bensin	Egne kjøretøy/maskiner		liter	2,32			Slått sammen med
Bensin	Egne kjøretøy/maskiner		km	0,154			
Diesel	Egne kjøretøy/maskiner	38 979	liter	2,66	103 684	104 942	99 %
Diesel	Egne kjøretøy/maskiner		km	0,111			
<b>Sum Klimafokus 1:</b>					<b>103 684</b>	<b>104 942</b>	3
<b>Klimafokus 2 (Scope 2):</b>							
<i>Innkjøpt energi</i>							
Elektrisitet	Oppvarming bygg	4 495 839	kWh	0,08	359 667	338 863	4
Vegljos	Estimert forbruk	142 675	kWh	0,08	11 414		
<b>Sum Klimafokus 2:</b>					<b>371 081</b>	<b>338 863</b>	110 %
<b>Klimafokus 3 (Scope 3):</b>							
<i>Avfall</i>							
Restavfall		105 070	kg	0,57	59 890	48 706	123 %
<i>Transport</i>							
TT Diesel	Drivstoffforbruk		km	0,111			
TT Bensin	Drivstoffforbruk		km	0,154			5
Skoleskiss minibuss Biogass	Drivstoffforbruk		Nm³	0			
Skoleskiss minibuss Diesel	Drivstoffforbruk		liter	2,66			
<b>Kommunale veier</b>							
<i>Drift og vedlikehold</i>							
<i>Tjenestereiser v/reisemåte</i>							
Km-godtgjørelse bil	Drivstoffforbruk	133 010	km	0,123	16 360	18 536	88 %
Km-godtgjørelse elbil	Elektrisitetsforbruk		km				Sammen med drivstoff
Flyreiser Norge			antall	110			6
Flyreiser Europa			antall	246,6			
Flyreiser Verden			antall	991			
<b>Sum Klimafokus 3</b>					<b>76 250</b>	<b>67 242</b>	113 %
<b>Sum kg CO2 ekvivalenter</b>					<b>551 015</b>	<b>511 047</b>	108 %
<i>Alternativ beregning for biogene utslipp (Out of scopes):</i>							
Bioflis, pellets	Klimafokus 1		kWh	0,35357		0	
Bioflis, pellets (fjernvarme)	Klimafokus 2		kWh	0,35357		0	
Biogass	Klimafokus 3		Nm³	1,99		0	
<b>Sum</b>						<b>0</b>	

## Forvaltning og drift av kommunen sine utmarkseigedomar

Under stormen 19. november blåste det ned omlag 100 m³ av trea som blei spart etter hogsten på Åmdals Verk. Dette blei rydda opp i desember. Den planlagde hogsten i kommunens skogar i Skafså blei utsett til 2022 på grunn av mangel på driftsapparat. Åheim bufelleskap gjer ein kjempejobb med rydding og pynting på Tangane.

Salsinntekter jakt og fiske:

Småviltjakt Skafsåheia: kr 39 800

Fiske Skafsåheia: kr 9 940


## Nærings- og samfunnsutvikling

Næringsarbeidet i 2021 har framleis vore prega av Covid-19 pandemien, der særleg serverings- og overnattingsverksemder vart hardt råka av smittevernsrestriksjonar. Likevel har det vore stor aktivitet med etableringar og vekst i eksisterande verksemder. Det er registrert 2140 innbyggjarar i Tokke i utgangen av 2021

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Befolking 1. januar											
K_3824 Tokke	2 316	2 287	2 284	2 257	2 252	2 246	2 228	2 236	2 228	2 201	2 164
Levendefødte											
K_3824 Tokke	19	17	20	12	15	18	11	20	13	12	0
Døde											
K_3824 Tokke	38	34	42	27	26	34	24	24	25	30	0
Fødselsoverskudd											
K_3824 Tokke	-19	-17	-22	-15	-11	-16	-13	-4	-12	-18	0
Innflyttinger											
K_3824 Tokke	85	84	84	85	91	98	98	74	72	85	0
Utflyttinger											
K_3824 Tokke	96	70	89	75	86	101	76	78	87	104	0
Nettoinnflytting											
K_3824 Tokke	-11	14	-5	10	5	-3	22	-4	-15	-19	0
Folketilvekst											
K_3824 Tokke	-29	-3	-27	-5	-6	-18	8	-8	-27	-37	0

Folketalsutvikling 2011-2021

I Tokke kommune er det totalt registrert 684 føretak, og det er kring 950 arbeidsplassar. 193 føretak er registrert innan jord- og skogbruk, og 342 er andre typar næring . I tillegg er det 149 føretak innan idrott, fritid og interesseorganisasjonar.



## Løyvingar frå næringsfond 2021

Tokke kommune har løyvd tilskot til etablering av serveringsverksemder, reiselivsaktørar, industri, entreprenør og tenesteyting. Nokre løyvingar strekker seg over fleire år, til dømes garanti for utleige av kontorplassar i Tokke Teknologipark og tilskot til prosjektleiing i 59°Nord. I desember vart det løyvd tilskot til flytting av ei verksemd frå Brumunddal til Dalen, DM Stansing AS. Verksemda skal i starten tilsetje 5-7 nye medarbeidarar.

Dalen Mekaniske AS	Tokke teknologipark	240000
Vest-Telemark Museum	Museumsbonde	15000
Pedersen Pub å bistro	Dalen kro	150000
Dalen Fysioterapi og Trening AS	Etablering	15000
Alice Haukelisæter	Ekstra løyving Rui	30000
Lårdal Vel	Kafè raudbygget	150000
Vest-Telemark Museum	Filmprosjekt Anne Grimdalen	10000
Tokke kommune	Ladestasjon el-båt	50000
Høydalsmo IL	Trafikksikringstiltak	50000
Vest-Telemark logopedtjeneste	Etablering	10000
Sør Entreprenør AS	Etablering	100000
Nes & kompani	Etablering	4000
59 grader Nord	Studietur , NMBU- Ås	8225
Lårdal Tretopphytter AS	Etablering	97000
Dalen Næringsamskipnad	Marknadsføringstilskot	41330
Dalsmarken	Underskot 2021	35000
Dalen Mekaniske AS	Flytting av verksemd - DM	1350000
59 grader Nord	Prosjektleiing/ søknadar	1350000
	Forprosjekt biokull/tjære	200000
	Prøvebustad og prosjekte	2700000
<b>Sum</b>		<b>6605555</b>

Kompetansepark  
for bedrifter i utvikling

**Ynskjer du å  
leige kontorlass?**

Kontakt oss for meir informasjon:  
**Eivind Sandland Håstad**  
Tlf. 415 45 529  
E-post: eivind@dalen-mekaniske.no


**Tokke  
Teknologipark**  


**Husleige inkluderar straum, varme,  
vask og tilgang på nett + kopirom**

*Du kan også få kople deg på vårt bookingsystem, for møterom og kontor for utleige på kortare horisont.*

Tokke kommune har garantert for utleige av kontorlokale i samband med utvikling av Tokke Teknologipark.

Dalen Mekaniske AS skal bygge på industribygget og legge til rette for utleige av kontor, møterom og kantinedrift.

På Tokkestad er eitt av industribygga selt, og Solli Eiendom AS har overtatt eigedomen.

Tokkestad Vest blir leigd ut til Dalen Mekaniske AS, for etablering av den heileigde verksemda

DM Stansing AS. Tokkestad III er delt opp i avdelingar, og vert leigd ut til Solli Eiendom AS og Brunvoll Mar-El AS.



Brunvoll Mar-EI AS leiger lokale av Tokke kommune i eit av industribygga på Tokkestad til test av utstyr.

### Kompensasjonsordning i samband med Covid-19 - 2021 – 3 tildelinger

Regjeringa har sett inn ei rekke tiltak og tilskotsordningar som kompensasjon for reduserte inntekter og auka kostnadene som følgje av vedtekne restriksjonar og smittevernreglar. Tokke kommune fekk til saman tildelt kr. 1.159.000,- i kompensasjonsmidlar til fordeling til lokale verksemder:

Verksemde	Løyving kr.
Dalen Hotell AS	100.000
Blomhaug Service	40.000
Hammerhaug Hudpleie og Velværesenter	30.000
Pedersen Pub å Bistro	250.000
Lukman Sido	75.000
Gullsmed Vinjerui AS	5.000
<b>Sum tildeling 12.05.21</b>	<b>500.000</b>
Dalen Næringsamskipnad	35.000
Billedkunstner Karen Roed Jensen	10.000
Pedersen Pub å Bistro	80.000
Bringsvær Rekneskapstjenester AS	120.000
Dalen Handel AS	50.000
Sum tildeling 20.10.2021	295.000
Ferdig handsama og utbetalte	795.000
Tildeling 22.12.21 ikkje ferdig handsama	364.000
<b>Samla kompensasjon 2021</b>	<b>1.159.000</b>

### Næringsareal

I 2021 har det vore stor interesse for næringsareal, mellom anna er det kome søknadar om kjøp av tomter i Høydalsmo. Dette vil bli arbeidd vidare med i 2022.


På Vistadmoen og Haugsevje er det ingen ledige tomter som er ferdig opparbeida, men nokre ledige råtomter.



Figur 2 - Næringsområdet på Høydalsmo

### Stadutvikling Åmdals Verk - 59 ° Nord

Stadutviklingsprosjektet 59 grader Nord har fått tilskot til prosjektleiing i 4 år, og i tillegg er det sett av inntil 2,5 millionar til bygging av prøvebustad. Vidare arbeid med prosjektet er i regi av styringsgruppe og FAUN Naturforvaltning AS. Tokke kommune og Vestfold og Telemark fylkeskommune er med i styringsgruppa. I 2021 vart det gjennomført eit moglegheitsstudie ved Ola Roald Arkitektur AS, som prosjektet skal arbeide med vidare.



Moglegheitsstudie Åmdals Verk- med inspirasjon fra gruvene

## Sykkelbygda Dalen



Dalen er ein kompakt tettstad med korte avstandar til mange ulike funksjonar. Potensialet for å auke bruken av sykkel og gange er stort.

I 2021 vart det laga forprosjekt for «Sykkelbygda Dalen» der brukargrupper, målsetjingar og grunnlag for vidare arbeid vart systematisert i ein rapport. Norconsult AS vart leigd inn til delar av arbeidet, og det vart gjennomført verkstadar med deltaking frå ulike brukargrupper.

Forprosjektet er forankra i kommunestyret, etter brei høyring i ulike råd og utval. Strategi og handlingsplan for vidare satsing skal lagast i 2022-med involvering av brukargrupper og medverknad frå innbyggjarane.

## Reiseliv

### Turistkontoret i sentrum og på Lastein bryggje



*Turistvertar sommaren 2021*

#### Besökstall turistkontor:

Sentrum juni –august: 1208

Bryggjekiosk juni – august: 1896

### Totalt turistkontor sentrum og bryggja: 3104

2020: Besøkstal juni – august: 1087 + 903 registreringar i kiosken (mange fleire innom) = 1990 (ca. 2000). (2019: 2558, 2018: 2361 – dette er bare sentrumskontor).

2021 var ein god sesong, flest nordmenn på tur, dei gjer undersøkingar i forkant og greier seg meir sjølve med tanke på innhenting av informasjon.

September var det også ein god del besøk innom turistkontoret i sentrum (ca. 100), mange av desse frå utlandet. Moro å kunne ta imot utanlandske gjester igjen! Fleire utanlandske turistar i år, august/september, frå Nederland, Tyskland og Frankrike. Dei kjem innom og vil ha råd og tips til kva dei kan oppleve i større grad enn nordmenn. Tilbakemelding frå gjestene våre på at det er bra me har turistkontor, folk set pris på vertskap, info og hjelp. Turistane er interesserte i og spør etter Soria Moria, Telemarkskanalen, vandring, padling (markant auke i padlerelaterte spørsmål i år), sykling, Ravnejuv og unike overnatningssteder som Birdbox Tokke, soveboks Bandaksli og padlehuk i Lindeviki.

Kombinasjonen vandring, då spesielt Lårdalstigen og Soria Moria som avslutning på turen, får me inntrykk av er ein populær, etterspurt og heit kombo!

Fleire sommartilsette i år enn i fjar, nødvendig med tanke på talet på besøkande og drift av kiosk/turistkontorfilial, også på bryggja i tillegg til kontoret i sentrum, og også tilbod om guida turar. Dei sommartilsette gjekk i turnus, og fekk såleis prøve seg både som turistvertar i sentrum og i kiosken og som guidar.

Turistkontoret sentrum ope vanleg butikktid 10-16.30 mandag-fredag og 10-14 laurdag.

Kiosken på brygga ope helger kl. 12-18 frå 14.mai, så kvar dag i hovudsesong 14.juni - 15.august kl. 10-20.

Nytt sesongen 2021: Tilbod om guida turar, 2 ulike turar:

- Historisk vandring på Dalen
- «I Rui-jentenes fotspor» - opp sherpatrappa med omvising på Rui.

Begge turane gjekk etter kvarandre kvar onsdag og fredag i perioden 16.06-13.08.

Turistvertane tilsett på turistkontoret fungerte som guidar. Anne Haukelidsæter tok imot og guida på Rui-plassen. Når ho ikkje kunne, steppa turistvertane inn. Opplæring gitt av reiselivskonsulenten. I tillegg fekk dei også opplæring og gjennomgang av relevant historie av Dag Rorgemoen frå Vest-Telemark Museum og Jon Marius Aarstad frå Dalen Hotel.

Turen til Rui mest populær, og enklast å selje.

Påmeldte Rui; 62 pers totalt

Påmeldte Historisk vandring på Dalen: 22 totalt

**Samla sett 84 stk. på guida turane våre.**

Ikkje så aller verst til å vere første gong me prøva. Veldig imponert over sommarvertane våre som hiv seg rundt og tek nye utfordringar på strak arm.



Turistvert Olav Vindal fortel om Rui-jentene ved turistkontoret, før turen går opp sherpatrappa til Rui



Anne Haukelidsæter tek imot gjestene og guidar på Rui-plassen

### Sykkelutleige:

Me har som tidlegare våre eigne Meridasyklar med 3 gîr som me leiger ut. I tillegg har me lånt syklar frå Tokke frivilligsentral, 8 terrengsyklar og 2 el-syklar. Inntekter utleige på desse lånesyklane i juni-august: 9700,- Desse pengane går tilbake til Tokke frivilligsentral som takk for lånet og til vedlikehald.

Pris offroad/el: 1 time: 50/100, 3 timer 100/200, 6 timer 150/300, 1 dag 200/400, weekend (fre-søn) kr. 600/800

### Kano og kajakk:

Dalen Bed and Breakfast har kano og kajakk til utleige, mykje etterspørsel etter det i år!

### Bobilparkering/kiosk/gjestehavn:

Mykje folk! Mange bobilar. Også bra med småbåtar i gjestehamna. Lading for elbil og elbåt på plass i år. Tømmestasjon for bobil på plass. Fleire registrerte besøkande her enn turistkontoret i sentrum.

Sentrums juni –august: 1208

Bryggjekiosk juni – august: 1896

Totalt turistkontor sentrum og brygga: 3104

Kiosken/turistkontorfilial ope helger (fre-sun) kl. 12-18 frå 14.mai, frå 14.juni – 15.august ope kvar dag kl. 10.20. Sal av pølser, toast, is, brus, kioskvarer. Turistinfo og vertskap.

### Oversikt:

Tal på båtar: 207 (Vipps og Izettle)

Tal på bobilar: 918 (Vipps) + 379 (izettle) = 1297

Vipps:

354 u/straum 1 døgn

513 m/straum 1 døgn

8 u/straum 2 døgn

42 m/straum 2 døgn

1 u/straum 3 døgn

### **Soria Moria**

Fullbooka heile sommaren, og også lengre utover hausten i år enn i fjor, spesielt i helgene.

Meir besøk frå utlandet i år. Samla sett meir i bruk i år enn i fjor. Har også litt med koronastenging å gjere i fjor så klart.

### Tal på bestillingar 2021:

Januar: 50 / 22 i 2020

Februar: 120 /

Mars: 92

April: 52

Mai: 162

Juni: 204 / 114 i 2020

Juli: 246 /241 i 2020

August: 236 /185 i 2020

September: 193 /132 i 2020

Oktober: 177 / 127 i 2020

November: 92 / 53 i 2020

Desember: 124 / 108 i 2020

### 1748 bestillingar totalt

Inni her ligg det også ein del avbestillingar sjølv sagt. Men om ein ikkje tek med dei, og tel talet på bestillingar, og tenkjer at 4 er gjennomsnitt tal per gong, vert resultatet

$1748 \times 4 = 6992$  – ca .7000 i badstoga på eitt år.

Knut badstufadder har vore mykje vertskap og tatt imot og informert gjestene, spesielt då i tider med mange bestillingar og i overgangane mellom bookingtimane, og det fungerer svært bra. Gjestene set veldig pris på det også.

### Omtale Soria Moria:

Her kan nemnast:

- 27.januar; NRK filming i Soria Moria, vist under MGP finalen i februar
- Badstufadder Knut i reportasje i Varden
- Omtale i bok «121 unike opplevelser i vinter – Norge» av Torild Moland  
[121 unike opplevelser i vinter-Norge | Torild Moland | ARK Bokhandel](#)
- Artikkel om Soria Moria i Vagabond Reiselyst  
[Et ekte eventyr | Magasinet Reiselyst](#)
- Omtale i bok «Badstufolk»  
<https://bit.ly/badstufolk>
- Artikkel i Norsk Ukeblad
- «Postkort» film vist under Telemarksveka på TV2
- Omtale i Scan Magazine (betalt omtale magasin og nettartikkel)  
<https://scannmagazine.co.uk/visit-dalen-relax-and-rejuvenate-in-a-golden-sauna/>

- Omtale i bok «Ilsbading Norge rundt – 25 unike steder»
- <https://www.ark.no/boker/Anne-Kristine-Moller-Ilsbading-Norge-rundt-9788293140894#product-description>
- Vårt Land artikkel om billig straum i Tokke  
<https://bit.ly/3Fbl0dE>

## Dalen Bryggjeutstilling

### Utstillar 2021

Fotokunstar Torleif Lie frå Åmdals Verk. [www.thorfineart.com](http://www.thorfineart.com)

Torleif hadde gode besøkstall, heile 4542 var innom utstillinga i løpet av sesongen. Besøkande i 2020: var 2593. Torleif var sjølv til stades kvar dag og fortale om fotografia sine til gjester som ville høre på. Han selde også fleire foto. Glassmonter med bunadstema; arbeid av Ingrid på Telemarkssylv, og bunadbånd og bok av Sigrun Lie Brattekås. Vest-Telemark si kanalhistoriske utstilling uendra.

Opning fredag 4.juni, ordførar til stades for tale og blomeoverrekking.

### Kanalbåtvinkel

Tradisjonell båtvinkel med korps og velkomst med ordførar/varaordførar, den 19.mai for Henrik Ibsen og Victoria 20.mai. Ikke marknadsført som arrangement grunna Covid19.

### Vandring:



*Spektakulære Lårdalstigen er populær som aldri før*

Dalen utpeikar seg som ein av dei store vandredestinasjonane i Telemark. Av totalt utvalde 26 turstiar i VandreTelemark, har Dalen og Tokke heile 5 av desse; Dalen-Rui-Eidsborg, Lårdalstigen, Helveteshylen, Bufjordstigen og Brynesteinbrotet.

Godt samarbeid med VandreTelemark, vandrekampanje haust via Visit Telemark.

### Lårdalstigen:

Opningstur Lårdalstigen i regi av Lårdal Vel i juni igjen avlyst grunna Covid19.

Tellaren på Sud-Rui viser 5853 passeringar på Lårdalstigen i år, i perioden 20/5-26/10. (Total tall for 2020 var 4420 i perioden 26/6 - 15/10). Det er flest som går «rette» vegen frå Dalen – Lårdal; 4055 passeringar, medan det er 1798 som har gått motsett veg frå Lårdal til Dalen.

Lårdalstigen er ein «helgetur», spesielt laurdagane, og gjerne då at dei kombinerer Lårdalstigen med andre helgeaktivitetar/opplevelingar; Soria Moria, Rui, museum, soveboks, Birdbox.

### **Dalen – Rui – Eidsborg:**



Sherpatrappa opp «Beintsteberg» til Rui ligg vakkert i terrenget

Tall frå teljaren som står litt oppi trappa, viser i perioden frå 19.mars til oktober 18.431 passeringar! Her har teljaren vore på tur til Frankrike og tilbake for reparasjon. Frå 2018-2019 var det ei 76% auke i trafikken etter at trappa kom. Samanliknbare tall er frå 2019 med 10.369 passeringar totalt. Så mange på tur også til Rui, og mange også som vel å gå heilt opp til Eidsborg og museet. «Peaken» på Rui-stien var 15/6 (ein heilt vanleg tysdag) Opning av aktivitetsparken i Eidsborg den dagen, samanfallande?, med 559 passeringar! Interessant også at nest beste dagen til Rui er 12/6 med 463 passeringar, som også då er den dagen med flest passeringar på Lårdalstigen.

Også mykje vandring på dei andre turstiane våre, der me ikkje har teljar. Ser også ei auke i etterspørsel etter andre turar på turkartet vårt, ein trend at folk vil få gå litt utanfor allfarveg?

### **Marknadsføring:**

Deltaking i felles marknadsføring gjennom medlemskap Visit Telemark, Telemarkskanalen Regionalpark, Vandre Telemark og Suleskarvegen. Andre faste marknadsføringstiltak; Tokke kommune nappekart, Vest-Telemark nappekart, plassleige Høydalsmo kro.

Samarbeid med Dalen Hotel, Vest-Telemark Museum og Visit Telemark om t.d. presseturar. Nytt i år var ei ekstra satsing på online annonsering via Visit Telemark og Mediacom. Fokus på vår- og haustsesong. Her gjekk me inn med 30.000,-.

Nytt var også ekstra deltaking i Telemarkskatalogen 2021, som kom i heilt ny drakt. Her gjekk me inn med 64.000,- for redaksjonell omtale over 8 sider i magasinet; Visit Dalen 5 sider, Vest-Telemark Museum 3. VTM betalte 25.000,- av desse. Samarbeid med VTM om utforming av tekst, på nynorsk sjølv sagt. Resultatet vart veldig bra, eit flott magasin, der me også fekk framsida, med eit nydeleg foto av Soria Moria!

[https://issuu.com/visit\\_telemark/docs/visit\\_telemark\\_magasin\\_1](https://issuu.com/visit_telemark/docs/visit_telemark_magasin_1)

Dalen Næringsamskipnad gjekk også inn med 2 sider i katalogen for promotering av handlegata på Dalen.

Desse to nye marknadsføringstiltaka kjem som eit resultat av ei auke i budsjett på reiseliv.

### SoMe:

Bruk av SoMe kanalane våre, Facebook og Instagram, er ein effektiv marknadsføring for Visit Dalen. Stor delingsverdi, både på Instagram og Facebook. Me har auka talet på følgjarar jamt og trutt, både på Facebook og Instagram. Av populære innlegg med høg delingsverdi og aktivitet, kan nemnast Rui-plassen/Rui-jentene og tema vandring, spesielt Lårdalstigen. Soria Moria med #soriamoria og #soriamoriasauna er også blitt ein populær tagg.

### Nettsider [www.visitdalen.no](http://www.visitdalen.no)

Nettsidetal: Tall frå Google analytics viser at visitdalen.no har hatt ei fin auke på over 45% på tal på brukarar og økter, og 36% auke i tal på sidevisningar i forhold til 2020.

### **Nyheitsbrev**

Mål om utsending ofte i høgsesong, elles etter kva som og kva bodskap ein ynskjer å få ut. Me har no 451 mottakarar på lista, mål om få inn fleire e-post adresser og mottakarar her for større rekkevidde i regionen. Har vore i dialog med hyttevel foreiningar i Tokke som skulle oppmøde sine om å melde seg på. Samarbeid med reiseliv- og næringslivsaktørane våre om innhald. Påmelding via nettsida vår: <https://bit.ly/36EJlet>

### **Jolekalender på Facebook Visit Dalen**

Quiz/give-away knytt til attraksjonar og aktivitetar i kommunen, med flotte gevinstar gitt av reiseliv og næringslivsbedrifter i Tokke. Populært, og ein fin måte å få synt fram tilbodet i kommunen, få fleire følgjarar på Facebook og skape litt liv og engasjement i ei elles roleg tid.

### **Omtale/besök 2021**

- Besøk av baatsans.no, Båtens verden – to norske båtmagasin og Boote Magazin frå Tyskland i august i samband med at dei farta opp Telemarkskanalen med Canal Boats sine elektriske båtar. Dei fekk oppleve Rui, Soria Moria, Dalen Hotel, Eidsborg stavkyrkje og Vest-Telemark Museum, og Lårdal og måltid på Lårdal Marina på veg heim. Resulterte i fine reiseartiklar i desse magasina.
- Visit Dalen Instagram take-over på Visit Telemark den 31/7. 3 innlegg og masse på Story.
- Besøk av journalist på oppdrag frå Aftenposten i august – kjem reportasje i Aftenposten fram mot ny sesong, vår 2022. Soria Moria, Rui-plassen, Birdbox, VTM og Eidsborg stavkyrkje, Jostein Hellevik/Dalen Villmarkssenter.
- Reportasje i Norsk Ukeblad om sherpatrappa og Rui-plassen/jentene, Dalen Hotel, VTM, Soria Moria.
- «Postkort» filmsnutt Soria Moria, vist under Telemarksveka på TV2
- 27.januar; NRK filming i Soria Moria, vist under MGP finalen i februar
- Omtale Soria Moria i bok «121 unike opplevelser i vinter – Norge» av Torild Moland [121 unike opplevelser i vinter-Norge | Torild Moland | ARK Bokhandel](#)
- Artikkel om Soria Moria i Vagabond Reiselyst  
[Et ekte eventyr | Magasinet Reiselyst](#)
- Omtale Soria Moria i bok «Badstufolk»  
<https://bit.ly/badstufolk>
- Artikkel i Norsk Ukeblad om Soria Moria
- Omtale i Scan Magazine (betalt omtale magasin og nettartikkel)  
<https://scannmagazine.co.uk/visit-dalen-relax-and-rejuvenate-in-a-golden-sauna/>
- Omtale i bok «Ilsbadning Norge rundt – 25 unike steder»  
<https://bit.ly/31XNGdl>
- Vårt Land artikkel om billig straum i Tokke  
<https://bit.ly/3FbI0dE>

- Omtale i tysk båtmagasin; Boote Magazin
- Omtale i norske båtmagasin; Båtens Verden og baatsans.no
- Mykje omtale i sosiale media, spesielt Instagram, frå infuensarar og reisekontoar; t.d @travelsofali, @helenemoo, @olivia.travers

Elles mykje god omtale på SoMe frå gjestene våre som nyttar #visitdalen #lårdalstigen #rui #soriamoriasauna m.m. Også ein del influensarar som har oppdagat oss og deler på SoMe.

## Vest-Telemark Museum

Besøket i 2021 har samla sett vore ganske bra, med ein auke på 2,02 % frå 2020. Ein er likevel ca. 12 % under nivået frå før pandemien. Det samla besøket landa på 22 622 gjester per 31. august 2021, medan besøkstalet før koronaen, i 2019, låg på 25 925 for same periode.

Lik andre attraksjonar og turistdestinasjonar opplever ein at det har vore færre utanlandske turistar og turgrupper under koronaen, medan det individuelle besøket, i hovudsak norske turistar, er høgare enn tidlegare. Også dette året har besøket vore meir konsentrert om fellesferien. Skulesesongane har størst nedgang, sjølv om hausten i år var litt betre enn hausten i fjor.

Besøksutviklinga på dei einskilde museumseiningane var ulik også i år.

Eidsborg hadde ein nedgang på 13,2 % som kan forklara med svikten i grupper og utanlandsmarknad. Dette er klart det anlegget med størst volum. Skimuseet i Morgedal hadde ein gledeleg auke på 12,6 %, men der var også fjaråret svakt.

## Overnatting

### Dalen Hotel:



Frå Filip Åbom, adm.dir ved Dalen Hotel:

*"Det var en tung start på denna sässong, precis som 2020, med inreseförbud och vi blev tvungna att skjuta på öppningen några veckor till 19 maj. När restriktionerna lättade så var sässongen i gång igen, och vi hade nästan lika många gäster som 2020. Det var en liten nedgång under våren och försommaren. Under fellesferien var det väldigt gott besök som vanligt, och under sista delen så var det också väldigt trevligt att se några utländska gäster på hotellet igen."*

Gjestedøgn 2021 – 9298

Romdøgn 2021 – 5008

Omsetning – 31400000

## Dalen Bed and Breakfast

Ein god sesong, mest nordmenn, dei gjer undersøkingar før dei kjem med tanke på kva dei vil oppleve; eks. Lårdalstigen og Soria Moria i kombinasjon. Nordmenn er «lettvinne» gjester, seier Olivier, etterspør ikkje så mykje info som dei utanlandske. Mykje utleige av kano/kajakk.

## Buøy Camping

Frå Bob: *Sesongen har vore bra, men mindre enn i fjar. Spesielt mindre bobilar, dei står på din camping, det veit du.*

## Birdbox Tokke

Får mykje merksemد og bestillingar, mykje fullbooka heile sommaren/året!



## Soveboksane i Bandaksli og Fjågesund:



Begge boksane meir booka i år enn i fjar:

Totalt tal i Bandaksli mai – oktober: 234 personar

Inntekter mai-oktober:  $2900+4100+9200+4900+1700+600 = \mathbf{23\ 400}$

Utlegg i Bandaksli i samband med løn til skuleungdom, til reinhald og ettersyn, straum og anna vedlikehald.

Totalt tal Fjågesund mai – oktober: 168 pers.

Inntekter Fjågesund mai-oktober:  $1600+3300+7100+3400+800+600 = 16\ 800$

Totale inntekter soveboksar mai-oktober: 40.200

2020: Tall frå bookingsystemet viser at 145 personar overnatta i Bandaksli og 96 personar i Fjågesund.

### **Padlehuk Lindeviki**

Padlehuken i Lindeviki er mykje brukt, etter tilbakemelding frå dei som har tilsyn der ute: «Det har vore ein enorm trafikk der ute. Lite/ingen problem. Der er ei gjestebok, svært mange positive tilbakemeldingar.»



### **Handel og servering i reiselivssesongen**

Handelstanden melder om ein god sommar med mykje handel! 2021 var ein god sesong også for serveringsbransjen. Opningstidene bør vurderast, at dei er stabile i sesongen, og også har eit tilbod utover kvelden.

### Lårdal Marina

Nytt serveringstilbod i Lårdal, med ein veldig god sesong.



Finstøga og Storstøga også ein god sesong. Utfordrande å få tak i kvalifisert personell, t.d. kokkar. Dette gjeld bransjen elles.

#### Lastein bryggjekafe:

*"Lastein har blivit mer restaurang och mindre pub, vilket gav många fler gäster och högre omsättning av mat. Det var en vuxnare och lugnare stämning i år än de senaste åren, och det är något vi kommer satsa på inför 2022 också."*

*Något att se fram till i 2022 är utökade öppettider, ny meny och ännu finare uteservering.*  
Omsetning – 3 000 000.”

#### **Telemarkskanalen:**

Årets tall viser at dei to båtane som går til Dalen har hatt ei samla nedgang på 150 pers. Så ein bra sesong med andre ord! Det totale passasjertalet for desse to båtane blei ca. 18 100 personer i rutetrafikk. Totalt på Telemarkskanalen, med alle båtar og charter, så er passasjertallet rett i overkant av 25 000 pers.

Det har vore ein oppgang frå Lårdal, som viser oss at det var rett å innføre fast anløp der kvar ettermiddag for tre år sidan.

Når det gjeld sykkel og kajakk, så har talet både i 2020 og 2021 vore det dobbelte av siste «vanlege» sesong i 2019. Det er nok alle nordmennene på tur som utgjer den statistikken.

#### **Visit Telemark**

##### Innsikt - Visit Telemark

##### Reiselivsstrategi Vest-Telemark og berekraftig reisemål:

- Felles reiselivsstrategi Vest-Telemark
- Berekraftig reisemålsutvikling Vest-Telemark

To parallelle prosessar som no blir organisert av og lagt under Visit Telemark, på vegne av Vest-Telemark kommunane etter politisk handsaming og vedtak. Det er no lyst ut etter destinasjonsleiar for Vest-Telemark, og prosjekteiar for berekraftig reisemålsutvikling Vest-Telemark.

#### Miljøfyrtårn

Kommuneadministrasjonen i alle Vest-Telemark kommunane må sertifiserast som Miljøfyrtårn. Dette er ein føresetnad for å kunne oppnå berekraftmerket, men ein uavhengig prosess av dei to overordna prosessane. <https://www.miljofyrtarn.no/>

#### **Visit Norway/Innovasjon Norge:**

##### Visit Norway Innsikt

## Eigedomsavdeling, brann og uteavdeling

På brann ansvar 561 har me eit overforbruk på kr 300 000 grunna mange uthyrkingar og overtid, samt dobbelt opp med kursing på grunn av at alt slikt blei stopp i 2020 p.g.a korona-restriksjonar. Brannteppe blei kjøpt inn på drift i samband med nedbrenning av Høydalsmo barnehage – om lag kr 57 000.

### Avvik

10 avvik på eigedomsavdeling, alle lukka.

- 2 kommunale leilighetar er totalrenovert i 2021
- 1 er nesten totalrenovert
- 3 bad/vaskerom er oppgradert p.g.a vannskader.
- Spinningrom i Tokkehallen er oppgradert.

Det er også bytta ein del glas og dører rundt omkring på kommunale bygningar og anna arbeid som til ei kvar tid må gjerast.

### Reinhald

2021 blei også eit annleis år med Covid 19. Periodewis har det vore utfordrande å halde eit tilfredstillande reinhald på kommunale bygg, men reinhaldarane har vore særslig fleksible og løyst dette på ein bra måte. 2 reinhaldarar pensjonerte seg i 2021.


Det er kjøpt inn noko nye reinhaldsmaskiner for å lette på arbeidet for reinhaldarane. Elles blir det jobba med digitalisering av reinhaldsplanar.

### Brann

Tokke Brann og Redning hadde eit normalår når det gjaldt talet på uthyrkingar. Det blei totalt 57 uthyrkingar i 2021.

Det blei tilsett 1 ny brannkonstabel i 2021. 3 stk. blei ferdig med grunnkurs som brannkonstabel og 3 stk. tok klasse C.

Det blei kjøpt inn ny brannbåt, og brannstasjonen blei ferdigstilt i oktober 2021. Det er nå ein veldig bra og funksjonell brannstasjon.



## Investering egedomsavdeling

Hovudkjøkken Helsesenter ferdigstilt.

Brannstasjon ferdigstilt.

Glasbytte Høydalsmo skule er gjennomført.

Utviding av adgangskontroll på kommunehuset og kulturhuset er gjennomført.

Oppstart av bygging - Høydalsmo Barnehage.

Det blei også starta ein del forprosjekt på framtidige store inv.prosjekt.

Me hadde 13 avvik på egedomsavdeling, alle avvika er lukka. Uteavdelinga hadde eit avvik som er lukka. Brann hadde 6 avvik, alle er lukka.

## Kommunale vegar

### Drift

Drift av kommunale vegar gjekk med overforbruk, grunna nødvendig vedlikehald. Hausten var lang, og dette gav rom for oppgradering av grøfter, stikkrenner og liknande. Kraftig vind i haust resulterte og i mange timer arbeid både på eigne resursar og innleigde entreprenørar frå rammeavtale.

### Investering

Prosjektet Bakkenfeltet og Buøyvegen hadde 1,5 mill. i budsjett, landa på 1,650` Men ein må legge til at kostnad for knusing av masser som framleis ligg disponibelt på industriområdet i Høydalsmo er dekt av dette prosjektet.

## Bygg

Mange år med for små budsjett set preg på bygningsmassa, mange heilt nødvendige tiltak vart utført. Vasslekasjer i eldre røropplegg av kopar samt på begynte roteskader og sopp er gjengangar på mange bad. Dette er grunna alder, minimalt vedlikehald kombinert med hard bruk, då spesielt i utleige bygg. Ved akutte vasslekasjer der ein hadde skader av større art, blei forsikring nytt. Det er under utbetring av vannskader og teke med utskifting av gammalt elektrisk anlegg med kostnad belasta oppgradering av Kommunale bygg (INV). Utover dette er det utført mykje vedlikehaldsarbeid på bygningsmasse og kommunale anlegg som dei fleste ikkje ser. Her er kanskje dei som fekk mest publisitet.



*Fjerning av møsi på tak, prestegaden i Lårdal.*



*Arbeid for Rødekors.*




Støyping av ny krone på bryggja i Lårdal.



Isfrie varmematter montert ute på Soria Moria.

## Investering

På Investering for 551 Kommunal veg var der i 2021 hovudfokus på prosjektet i Bakkenfeltet. Her blei mykje av vegnettet bygd opp med nye masser frå industriområdet i Høydalsmo før ny asfalt blei lagt.



*Masseturvning, Bakkenfeltet i Høydalsmo.*

Gravearbeidet blei utført av Skorve Entreprenør i samarbeid med eigne tilsette. NCC stod for asfaltarbeidet på dette prosjektet samt på Buøyvegen på Dalen. Det blei og utført kantsikring og montering av om lag 200 meter vegrekjkverk i Modalen. Dette var trafikksikringstiltak der fylkeskommunen dekker om lag halvparten av kostnadene.

## Drift kommunal veg

Av året 2021 blei mykje av tida bruka til ordinært vedlikehald som brøyting, skraping, lapping, salting og kantslått langs communal veg. Me ser som tidlegare nemnt i vegplan for 2022 at der er behov for å auke standarden på vegane, då me ser at mykje av tid og resursar me legg ned er brannslokking på vegnettet.



*Arne Nordbø blir gjenfødt med Knut som jordmor, Tømmerutkast Dalen Bryggje.*


Der var og fleire mindre prosjekt som blei utført, som til dømes ferdigstilling av arbeidet etter flaum i Eidsborgberget. Her blei det lagt ned 1000 m.m. rør, og støypt kulvert på tømmerutkastet ved Dalen bryggje.

Hausten 2021 var lang, og i påvente av brøyting, blei det leigd inn gravemaskin tre veker for å utføre tiltak for å auke kapasitet på grøfter og stikkrenner på fleire kommunale vegar. Det blei og utført sikring av kantar og god grøfterensk i samband med ny grus for å få betre profil på vegbanen.

Som dei fleste fekk med seg, blei også kommunale vegar utsett for vind. Dei fleste vegane fekk me opna og gjort farbare med eigne resursar og reiskap, men andre stader måtte ein supplere med gravemaskin.



Opprydding langs kommunal veg etter vind.



I hovudsak var det vegane i Skålebygdi, Håtvæit, Åsgrend, Modalen og Froland som var mest utsett. Vegane fekk mindre skader, men mange vindfeller måtte ryddast før vintersesongen. Etter at vegane var gjort farbare, starta oppryddingsarbeidet. Dette blei utført med innleid entreprenør med gravemaskin saman med eigne tilsette med motorsag. Mange lass blei køyrt vekk med traktor og tilhengar på ein sikker måte etter avtale med grunneigarar. Oppryddinga var i avslutningsfasen då den første snoen meldte seg.

## Maskiner og Maskinplan

Ein traktor er bytt ut i samsvar med Maskinplan for 2021. Utover dette er det bare nødvendig vedlikehald som er utført. Det er utført tiltak for å lagre meir av reiskap under tak, dette då i form av mellombels lager for sesongutstyr på Tokkestad, og at telt som Tokke kommune hadde liggande etter flaumsikringsprosjektet er sett opp og teke i bruk. Der er framleis eit stort behov for å få til meir permanent lager, spesielt med tanke på at der er planar for å samle oppmøte stad for avdelingane parallelt med fleire tenestebilar på veg inn i etaten.

## Vatn og avlaup

### Drift – generelt

Drifta går stabilt og bra. På reinseanlegget i Høydalsmo er det montert inn utstyr for å automatisere slamprosessen igjen. Den nye maskina blei erstatta av ein annen modell (reklamasjonssak).

Dalen RA - Årlig mengde avløpsvann er 50% mindre i 2021 samanlikna med året før. Det er sett i gang arbeid med hovudplan for vatn og avløp, og plan på sentral slamavvatning er under utgreiing. Største utfordinga for oss i framtida blir kva me gjer med slammet i mottakstanken på Lårdal og Åmdals Verk.

### Avvik

Det er registrert 15 avvik i 2021. 13 er lukka. Alle har samanheng med driftssituasjonar, slik som overløp, straumutfall og teknisk svikt i styringssystem.

### Investeringsprosjekt

- Rehabilitering av betongkummar og pumpestasjonar p.g.a av framandvatn som lek inn.
- Revidert driftsovervakingssystem og fornying av automatikk
- Revidering av utsleppsløyve for Dalen, Lårdal, Høydalsmo og Åmdals Verk er på gang
- Avvatnar som blei montert i 2020 blei erstatta av ein annan modell i Høydalsmo RA i 2021 (reklamasjonssak)

### Utfordringar – planar 2021

- Utarbeide standardar for korleis vatn- og avløpsanlegg skal utførast i kommunen (VA-norm)
- Framleis ha fokus på innlekkasje på avløpsnett
- Bestemme kva ein gjer med «våtslam» frå Åmdals Verk, Lårdal og Hallbjønnsekken RA. Optimalisere slamhandsaming enten Dalen eller Høydalsmo reinseanlegg, og vurdere løysing for sentral avvatning
- Utarbeide ei løysing for å fjerne ristegods
- Fornye ein spillvassleidning ved Storvegen 71
- Halde fram med oppdatering av interne vedlikehaldsplanar, prosedyrar og dokumentasjon.
- Gjennomføre vedlikehald av bygg i høve til vedlikehaldsplan
- Planlegge nytt UV-anlegg ved Hallbjønnsekken VB5
- Utbetring av høgdebasseng i.f. utarbeida farekartlegging

